



UNIVERSITETET I BERGEN
Institutt for administrasjon og organisasjonsvitenskap

Masteroppgåve

Nettverk og koordinering i norsk utviklingssektor

«Det er veldig mykje duplisering av arbeid, og veldig mange parallelle prosessar»

Elin Osnes Strand

Vår / 2016

Aorg 350

MANGE ÅRS RØYNSLE MED PIL OG BOGE

Det er den svarte prikken
midt i skiva der du skal treffa.
Nett den, der
skal pili stå og dirra!
Men nett der treffer du ikkje.
Du er nær, nærare,
nei, ikkje nær nok.
So lyt du gå og plukka opp pilene,
gå tilbake, prøva på nytt.
Den svarte prikken tergar deg.
Til du forstår pili
som stend der og dorrar:
Her er òg eit midtpunkt.

Olav H. Hauge

FORORD

Ei masteroppgåve er å lære å gjere feil, å lære å sjå nye løysingar og å lære at eg framleis har mykje igjen å lære. Pila treff ofte litt på sida av målet. Er det noko arbeidet med masteroppgåva mi lært meg, så er det nettopp det. Norsk bistand treffer ikkje alltid blink på den mest effektive metoden for utvikling, og dei strevar med å måle langsiktige resultat. Kanskje er det ei perspektivendring som skal til for å nytte det ein har på ein betre måte? Kanskje fungerer ikkje noko på den måten ein trur, men på ein måte som er endå betre? Arbeidet med masteroppgåva har lært meg at eit breitt utgangspunkt, og eit opent sinn, kan vise meg mange midtpunkt, og spennande utfall. Om eg berre vågar meg vekk i frå den blinken eg stadig siktar på, og heller går dit pila landar.

Tilbakemeldingar på arbeidet har vore kjærkome for å sjå utfordringane og finne dei gode løysingane for oppgåva. Først og fremst vil eg takke min vegleiar, Jan Froestad, for å gje meg nye innfallsvinklar, oppmuntrande ord og hjelp til å finne akkurat den rette artikkelen. Forskningsgruppa «Politikk, nettverksstyring og innovasjon» (PGI), har vore eit godt haldepunkt kvar onsdag, der eg har fått testa ut eigne idear og sniktitta på andre sine. Ein stor takk til Martin og Kjersti som har teke seg tid til å lese litt ekstra nøye. Tusen takk også til mamma og Tone-Lise som, med skarpe blikk, har kvalitetssikra oppgåva heilt til slutt. Og til medstudentar for mykje god hjelp og hygge på lesesalen.

Det er og på sin plass å takke alle informantar og respondentar for hjelpa. Ein spesiell takk til informantane i Lilongwe, som gjekk langt utover forventningane for å gi meg innblikk i arbeidet sitt. Og ikkje minst, til alle som bidrog til at feltarbeidet i Malawi vart ei veldig god oppleving. Takk til Caroline, Bård og Boniface som tok veldig godt i mot meg og sørga for at eg fekk sett «the warm heart of Africa».

Og til slutt, takk til Ivar. Du er faktisk heilt rå!

Bergen, 29. mai 2016

SAMANDRAG

Denne masteroppgåva tek sikte på å undersøke graden av nettverksrelasjonar og koordinering mellom norske aktørar som arbeider med utviklingsarbeid i Malawi. Det vert deskriptivt undersøkt både korleis nettverksrelasjonar mellom norske bistandsaktørar utspelar seg, og korleis norsk utviklingssektor stiller seg til koordinering. Problemstillinga er som følger: Korleis kjem nettverk og koordinering til uttrykk i norsk utviklingssektor i Malawi?

Prosjektet er eit casestudie der det norske bilaterale utviklingsarbeidet i Malawi er casen. Kvalitative og kvantitative data vert tolka gjennom eit nettverksperspektiv, i lys av teoriar om "governance". Data er samla inn gjennom intervju, spørjeundersøking og observasjon som ein del av ein månads feltarbeid i Malawi hausten 2015. Nettverksanalyse vert nytta som verktøy for å studere nettverket. Ei spørjeundersøkinga legg grunnlaget for kartlegging av relasjonsmønster i nettverket. Intervju og delar av spørjeundersøkinga gir innblikk i haldningar hos aktørane og kva dei finn utfordrande i samband med koordinering og samarbeid.

Analysen peikar mot fire funn: 1. Nettverket utnyttar ikkje sitt potensiale på grunn av at diskursen i fagmiljøet ikkje møter dei praktiske utfordringane i arbeidet. 2. Private aktørar har meir strategiske posisjonar i nettverket enn dei offentlege aktørane, Norad og den norske ambassaden i Malawi. 3. Fokuset på koordinering er større i den internasjonale samanhengen enn den norske. 4. Nettverket bør nyttast til betre kunnskapsdeling mellom dei norske aktørane.

Lærdommen frå dette prosjektet, er at ein bør flytte fokuset mot nye, alternative metodar som i større grad tek dei praktiske utfordringane på alvor, og som kan nytte nettverket på ein betre måte. Kunnskapshandtering er eit omgrep som bør nyttast i nettverket mellom norske aktørar som arbeider i Malawi. Det fins eit stort potensiale i nettverket som ikkje er utnytta, og dette kunne ein nytte til å dele kunnskap og informasjon på ein måte som gjer arbeidet meir effektivt.

INNHALD

Forord	III
Samandrag	IV
Innhald	V
Liste over tabellar	VIII
1. Innleiing	1
1.1. Problemstilling og forskings spørsmål	3
2. kontekst og tidlegare forskning	5
2.1. Noreg som givarland	5
2.2. Malawi som mottakarland	7
2.3. High Level Fora on Aid Effectiveness	10
2.4. Koordinering av bistand og tidlegare forskning	12
2.4.1. Koordinering av nødhjelp	13
2.4.2. Norsk utviklingspolitikk	15
3. Teoretisk tilnærming	18
3.1. Governance	18
3.2. Nettverksperspektivet	20
3.2.1. Nodar	22
3.2.2. Sosial nettverksanalyse	23
3.3. Koordinering og harmonisering	27
3.3.1. Koordinering	27
3.3.2. Kommunikasjon	29
3.3.3. Kunnskapshandtering	30
3.4. Norske aktørar i ein internasjonal samanheng	31
3.4.1. Alignment	31
3.4.2. Partnerskap og likeverd	32
3.4.3. Tillit og gjensidig ansvar:	33
3.4.4. Forholdet mellom stat og sivilsamfunn	34
3.4.5. Koordinering av givarar frå ulike land	34
3.5. Analytisk rammeverk	36

3.5.1.	Kvifor er teorien relevant i norsk utviklingssektor?.....	37
3.5.2.	På makronivå.....	38
3.5.3.	På mikronivå	38
3.5.4.	Norske aktørar i ein internasjonal samanheng	39
4.	Metodisk tilnærming	41
4.1.	Case – Norske bistandsaktørar i Malawi	41
4.1.1.	Val av case	42
4.1.2.	Utval av aktørar og respondentar	43
4.2.	Datainnsamling	47
4.2.1.	Spørjeundersøking.....	47
4.2.2.	Intervju	52
4.2.3.	Observasjon.....	55
4.2.4.	Personvern.....	57
4.3.	Analyse	57
4.4.	Verdien til prosjektet	58
4.4.1.	Gyldigheit.....	58
4.4.2.	Pålitelegheit	61
4.4.3.	Generalisbarheit	62
5.	Funn og analyse – del 1	64
5.1.	Korleis flyt kommunikasjonen mellom norske aktørar i Malawi?	64
5.1.1.	Tettleik	67
5.1.2.	Sentraliseringsindeks.....	69
5.1.3.	Like aktørar kommuniserer mest?.....	70
5.2.	Drøfting – Korleis flyt kommunikasjonen mellom norske aktørar i Malawi?	74
6.	Funn og analyse – del 2.....	76
6.1.	Sentrale posisjonar i nettverket:	77
6.1.1.	Sentralitet	77
6.1.2.	Mellomleddssentralitet	79
6.2.	Karakteristikkar ved aktørane.....	80
6.2.1.	Mentalitetar	80

6.2.2.	Teknologiar	86
6.2.3.	Ressursar	96
6.2.4.	Institusjonar	97
6.3.	Drøfting	98
6.3.1.	Kva fortel sentralitetsmåla oss?.....	99
6.3.2.	Fem kjenneteikn på governance	101
6.3.3.	Diskursen speglar ikkje dei praktiske utfordringane	106
6.3.4.	Kunnskapshandtering	107
7.	Funn og analyse – del 3	110
7.1.	Bruk av lokale system og partnarar	111
7.2.	"Kontektstveggen"	113
7.3.	Høgt konfliktnivå i møte mellom lokale og internasjonale organisasjonar i Malawi 115	
7.4.	Internasjonal koordinering	118
7.4.1.	Norad og den norske ambassden i Malawi.....	118
7.4.2.	Andre norske aktørar i Malawi.....	120
7.5.	Drøfting	122
7.5.1.	Alignment – tilpassing til lokale system og bruk av lokale partnarar	122
7.5.2.	Tillit og gjensidig ansvar	123
7.5.3.	Foholdet mellom stat og sivilsamfunn	124
7.5.4.	Koordinering av givarar frå ulike land	125
8.	Konklusjon og avslutning.....	128
	Litteratur.....	i
	Appendiks A.....	vi
	Intervjuguide – bistandsaktørar:	vi
	Spørjeundersøking	ix
	Appendiks B	xiv
	Sosiogram - Tettleik.....	xiv

Liste over tabellar

Figur 1 – «Ownership, alignment, harmonisation» (OECD-DAC, 2005)	11
Figur 2 – Sosiogram over norske aktørar i Malawi.....	66
Tabell 1 – Norske aktørar i Malawi	66
Tabell 2 - Geodetisk avstand.....	69
Figur 3 – Sosiogram over norske aktørar i Malawi.....	71
Tabell 3 - Tettleik etter kategori.....	72
Tabell 4 – Oversikt over sentralitetsmål	77
Tabell 5 – Påstandar – Samarbeid	82
Tabell 6 – Påstandar – Konkurransen.....	84
Tabell 7 – Påstandar – Kunnskapsdeling	91
Tabell 8 – Påstandar – Ambassaden si rolle.....	95
Tabell 9 – Påstandar – Internasjonalt samarbeid.....	110
Figur 4 – Helse og sosial	xiv
Figur 5 – Utdanning	xiv
Figur 6 – Nedsett funksjonsevne	xv
Figur 7 – Klima, landbruk, miljø- og ressursforvaltning og økonomisk utvikling	xv
Figur 8 – Styresett, kvinner og likestilling.....	xvi

1. INNLEIING

Eg står rett ved det kjente kjøpesenterområdet Game i gamlebyen i Lilongwe, Malawi. Snur eg meg mot Game, ser eg ein parkeringsplass full av fine bilar, og eit kjøpesenterområde som kunne vore teke ut av ein kva som helst slags by i USA. Menneske med handleposar fulle av daglegvarer, klede og elektronikk, går mot bilane sine. Her finn eg det meste av varer eg kjenner frå Europa. Nokre kjøler seg ned med kald drikke i eitt av dei opne kafé-områda, andre står i ein av dei mange minibankane og tek ut pengar. Området er moderne og stemninga er roleg.

Snur eg meg 180 grader er biletet eit heilt anna. Bak Game snor den brune Lilongwe-elva seg gjennom resten av byen, som er prega store mengder menneske, støy og ein varm eim av søppel og urin. I elva vaskar nokre klede, medan andre tek sitt daglege bad. Rett over elva ser eg den store friluftsmarknaden. Her kan ein kjøpe lokal frukt og grønt side om side med ladarar til mobiltelefonar, fargerike stoff, høner, belte og sko. Menneska som er her, hadde aldri hatt råd til å handle på Game. Kvar dag går dei inn til byen, frå dei fattige bydelane, eller ein av landsbyane som ligg straks utanfor hovudstadens grenser, for å selje varene sine. Ein skal faktisk ikkje meir enn om lag ei mil frå Game før ein finn landsbyar med leirhytter og den største fattigdommen ein kan tenke seg.

Kontrastane er store i Malawi. Det fins nokre få oasar med svømmebasseng, vakre blomar og god restaurantmat, medan resten av landet slit med å finne reint vatn og næringsrik mat. Landet er nummer sju på lista over mottakarlanda som tek i mot mest midlar frå Noreg, og det har vore bistandsmidlar tilstade i landet lenge. Ein kan undre på kva som gjer at bistanden ikkje har klart å løfte folket ut av fattigdommen.

Ein stor del av det norske statsbudsjettet er sett av til bistandsmidlar, og det fins eit stort korps av aktørar som ønskjer å bidra til utvikling i andre land. Samstundes opplever ein at utviklingsarbeid kan vere vanskeleg, og at utviklinga i mange land står tilnærma stille, trass i at bistandsorganisasjonar har vore tilstade over lang tid. Ein forsøker nye prosjekt og tilnærmingar, og prøvar og feilar. Likevel kan det verke som om ingenting skjer. Det er derfor stadig viktigare å fokusere på metodar for å gjere arbeidet betre. I Noreg, som i andre land, er det stort fokus på evaluering og forbetring av arbeidet. Trass i dette fokuset har det, mellom anna i ei evaluering frå 2014, kome fram at det er vanskeleg å måle langsiktige resultat av den norske innsatsen som vert gjort. Det er utfordrande å finne metodar for utvikling som faktisk bidreg til meir langsiktige endringar enn dei enkelte prosjekta klarer på eit lokalt nivå (Itad. og

CMI, 2014). Nokre stemmer i fagmiljøet meiner at grunnen til måleproblema ligg i mangel på koordinering (Abuom et al., 2012; OECD, 2014). Ein påstand er at «Mangelen på koordinering og det høge nivået av fragmentering, er ein del av eit større system-problem i utviklingssektoren»(Abuom et al., 2012:11, eiga omsetjing).

I 2015 kom avgjerda om å konsentrere norsk bistand om færre mottakarland, og ha 12 særlege fokusland. Dette starta ein debatt om kva som best gjer norsk bistand effektiv. Dagens Næringsliv hadde ei serie innlegg frå ulike offentlege aktørar, med sprikande meiningar og haldningar. Ein av kommentarane var:

Et gjennomgående problem med norsk bistand er at det stadig legges til nye mål og ambisjoner, uten at man har kapasitet eller kompetanse til å følge dem opp på en god måte. Dette er hovedårsaken til at bistanden i dag fremstår som et konglomerat av ulike mål, hensyn, innsatsområder, midler og kanaler. Det er svært vanskelig å se hvordan de ulike delene henger sammen med en overordnet strategi.

(Clemet og Hegertun, 2015).

Den norske diskusjonen føyer seg inn i eit omfattande arbeid internasjonalt for å styrke effektiviteten av utviklingssamarbeid. Gjennom dei siste ti åra har store konferansar ført fram til nye prinsipp for korleis utviklingsarbeid bør gjennomførast, for å sikre gode resultat (OECD, 2015). Noko av fokuset har vore nettopp på det å koordinere innsatsen i større grad enn tidlegare. Eitt mål er at donorane skal ha ei meir heilskapleg tilnærming til mottakarland. Ein ønskjer at givarane skal koordinere sine program og rutinar, noko som vert kalla "harmonisering". Eitt anna mål er at mottakarlandet skal ha eit større koordineringsansvar, og i større grad setje opp mål for den innsatsen som skal leggjast inn, og at givarane skal innrette seg til dette. Dette vert kalla "alignment" (OECD, 2015). Prinsippa om harmonisering og alignment har vore toneangivande på internasjonalt nivå og er derfor sentrale når ein ser på koordinering av utviklingsarbeid. Ti år etter at dei først kom på agendaen kan ein spørje seg om desse prinsippa er meir berekraftige enn dei tidlegare teoriane om effektiv utvikling, eller om også desse var ein forbigåande trend.

Fokuset på internasjonalt nivå om sterkare koordinering blant donorar og internasjonale og lokale organisasjonar, vitnar om eit større fokus på nettverk i utviklingssektoren. Paraplyorganisasjonar, nettverksorganisasjonar, partnerskap og kommunikasjon ser ut til å verte stadig viktigare verktøy i utviklingsarbeid. Dette nettverksfokuset passar inn i den generelle trenden i teorien om offentleg politikk, og skiftet mot eit meir nettverksstyrt samfunn.

Dersom Noreg som givarland skal kunne samarbeide med mottakarlandet og andre givarland, slik som prinsippa om alignment og bistandsharmonisering seier, må Noreg som givar ha eit koordinert landprogram overfor mottakarlandet. I følgje Matthews S. Winters (2012:318) vil ukoordinerte landprogram vere til hinder for bistandseffektiviteten. Med bakgrunn i dette er det nærliggjande å tru at organisasjonane som forvaltar midlane frå Noreg bør ha ei stor grad av samarbeid seg i mellom og mot mottakarlandet, slik at implementeringa av den norske utviklingspolitikken vert heilskapleg, effektiv og koordinert. Dette står i kontrast til korleis Clemet og Hegertun oppfattar norsk bistandssektor i sitatet over.

1.1. Problemstilling og forskingsspørsmål

Utgangspunktet for denne masteroppgåva er ei undring på om dei mange norske bistandsaktørane som arbeider mot same mottakarland har noko form for samarbeid, som gjer at arbeidet deira vert koordinert etter overordna mål. Korleis sørgjer vi for at dei norske bistandsmidlane er nytta på ein heilskapleg måte? Vert prinsippa for samarbeid og koordinering nytta av norske aktørar? Korleis kommuniserer norske organisasjonar med kvarandre, og med resten av norsk bistand, for å sørgje for at bistanden til eit land er mest mogleg effektiv? Dette er eit problematisk felt som bør ordnast opp i.

Denne oppgåva søkjer å bidra til det teoretiske feltet ved å deskriptivt undersøkje både korleis nettverksrelasjonar mellom norske bistandsaktørar utspelar seg, og korleis norsk utviklingssektor stiller seg til koordinering. Eit nettverksperspektiv vert nytta som innfallsvinkel, og ser den kvalitative og kvantitative empirien i lys av teoriar om "governance". Nettverksanalysen vert nytta som verktøy for å studere nettverket. Data er samla inn gjennom intervju, spørjeundersøking og observasjon gjennom ein månads feltarbeid i Malawi hausten 2015.

Problemstillinga er som følgjer: **Korleis kjem nettverk og koordinering til uttrykk i norsk utviklingssektor i Malawi?** Som ei konkretisering av problemstillinga vert det forsøkt å svare på tre forskingsspørsmål:

1. Korleis flyt kommunikasjonen mellom norske aktørar i Malawi?
2. Korleis påverkar enkelte aktørar nettverket?
3. Kva utfordringar møter norsk utviklingssektor i arbeidet med koordinering av utviklingshjelp på internasjonalt nivå?

Prosjektet vart innleidd med ei forventning om at det fins mange norske aktørar som arbeider med bistand i same område, utan å nytte kvarandre som ressursar, og utan særleg grad av koordinering. Det var forventa å finne eit uoversiktleg nettverk, men og eit behov for kommunikasjon og retning. Til ei viss grad stemmer utgangspunktet med det som kom fram etter datainnsamlinga, men det kom og fram at røynda ikkje er like enkel som teorien, og at ein somme gonger må skifte fokus for å få betre resultat. Denne oppgåva gir eit innblikk i sektoren sine relasjonsmønster, som ikkje tidlegare er undersøkt. I tillegg kjem den med forslag til korleis nettverket kan utnyttast på ein måte som gir større gevinst til aktørane. Dette kan vere med på å løyse ein liten bit i puslespelet som skal til for å gjere norsk utviklingsarbeid meir effektivt.

I bakgrunnskapitlet vert det sett nærare på Noreg som givarland og Malawi som mottakarland samt at tidlegare forskning på feltet vert presentert. I kapittel tre vert den teoretiske tilnærminga introdusert. Her kjem det ei utgreiing av teorien om governance og nettverksperspektivet, som så vert spissa til det analytiske rammeverket som vert nytta i prosjektet. Den metodiske tilnærminga vert presentert i kapittel fire. Valet av case og metodar for datainnsamling vert diskutert og det vert gjort ei kritisk vurdering av prosjektet. Funn og analyse vert i dette prosjektet presentert i tre delar. Kapittel fem, seks og sju viser til kvart av dei tre forskingsspørsmåla. Funna frå prosjektet vert kommenterte og drøfta i kvart av kapitla. Kapittel åtte samlar deretter trådane til ei overordna drøfting og konklusjon.

2. KONTEKST OG TIDLEGARE FORSKING

Vi høyrer ofte omgrepet utviklingssamarbeid brukt når det er snakk om arbeidet Noreg og norske organisasjonar gjer for å bidra til utvikling. Omgrepet har kome til i løpet av dei siste tiåra som eit alternativ til det tidlegare brukte omgrepet «utviklingshjelp» eller «u-hjelp». Endringa frå å bruke -hjelp til å bruke -samarbeid symboliserer eit større paradigmeskifte i den internasjonale bistandssektoren. Fokuset i utviklingsspørsmål har blitt meir og meir på likestilling mellom givarland og mottakarland. Arbeidet for å heve utviklinga skal no vere eit samarbeid mellom givar og mottakar, ikkje almissar frå givarlandet si side. Ein kan og tolke omgrepet utviklingssamarbeid i ei anna retning, mot eit større bilete der verdssamfunnet skal samarbeide for utvikling. Det er ikkje nok å samarbeide med mottakarlandet, det må også vere samarbeid mellom givarane for å sikre effektiv utvikling. Samarbeid mellom givarane kan vere med på å gjere at alle behov hos mottakaren vert møtt og at ikkje givarane gjer dobbeltarbeid som ikkje er naudsynt.

Fagmiljøet innanfor utvikling har vakse og endra seg gjennom dei mange åra bistand og utvikling har vore eit tema. Nye teoriar, filosofiar og trendar har kome til. Structural Adjustment Programs, Conditional transfers og budsjettstøtte er trendar som er eller har vore leiande i periodar. For om lag ti år sidan starta eitt nytt arbeid med å effektivisere utviklingsarbeidet. Gjennom fleire store internasjonale konferansar vart det utarbeida ei rekke nye prinsipp som skulle gjere det mogleg å nå tusenårsmåla som var sett for utvikling på verdsbasis. Samarbeid og koordinering av innsats var nokre av prinsippa som fekk særleg fokus.

Dette kapittelet gir ei rask oversikt over Noreg som givarland, Malawi som er case og dei internasjonale konferansane for effektivisering. I tillegg vert det sett på tidlegare forskning på feltet og kva som har ført fram til problemstillinga. Kapittelet byggjer på mine førebauande oppgåver i Aorg 322 og Aorg 323 frå våren 2015.

2.1. Noreg som givarland

Norsk utviklingsarbeid har ein struktur som går over fleire nivå. På høgste nivå er det dei folkevalte i Regjeringa og Stortinget som avgjer. Regjeringa legg fram eit forslag for bistandspolitikk til Stortinget som gjer vedtak. Det årlege statsbudsjettet, som regjeringa legg fram forslag om, set ramma for midlane som kjem inn på bistandsbudsjettet. Stortinget tek mellom anna slutningar om kva land og tema som skal prioriterast. Til saman vert forslaga til regjeringa og vedtaka i Stortinget til den norske utviklingspolitikken. Utanriksdepartementet

tek så utgangspunkt i politikken og vedtek korleis Noreg skal samarbeide med kvart enkelt samarbeidsland. Dei norske ambassadane i kvart enkelt land er utanriksdepartementet si utstrakte hand og implementerer dei langvarige stat-til-stat samarbeida. Det vil seie at dei planlegg, set i verk og følgjer opp dette arbeidet og dermed forvaltar ein stor del av bistandsmidlane frå Utanriksdepartementet. I tillegg har utanriksdepartementet også ansvar for midlar som vert gitt som nødhjelp og midlar som vert gitt til multilaterale organisasjonar som FN-organisasjonane, Verdensbanken, Verdens matvareprogram og liknande. Klima- og miljødepartementet har ansvar for klima- og skogprosjektet til regjeringa (Norad, 2011).

Norad er eit direktorat som ligg under Utanriksdepartementet og Klima- og miljødepartementet. I utgangspunktet kan ein kalle Norad eit fagorgan fordi ei av dei største oppgåvene er å gi faglege råd og bidra til at bistandsmidlane vert nytta mest mogleg effektivt. Norad har mellom anna ei evalueringsavdeling som arbeider med kvalitetssikring og evaluering av utviklingsprogramma til Noreg. I tillegg til å vere eit fagorgan, forvaltar Norad midlane som går til sivilsamfunnsorganisasjonar (Civil Society Organisations). Dette er dei organisasjonane som vi gjerne reknar som tradisjonelle bistandsorganisasjonar, i tillegg til forskings- og næringslivsorganisasjonar, og ei rekke andre organisasjonar som driv utviklingsrelatert arbeid. Som ein samlenamn vert desse ofte kalla frivillige organisasjonar eller ikkje-statlege organisasjonar (NGO). I tillegg til Utanriksdepartementet og Norad er Fredskorpset og Norfund ein del av norsk utviklingsarbeid (Norad, 2011).

Både bistanden gjennom dei norske ambassadane og Norad er bilateral bistand. Det betyr at denne norske bistanden er tenkt brukt i bestemte land og at bistanden dermed blir overført direkte frå Noreg til eit samarbeidsland. Dette kan altså skje gjennom statlege overføringar og overføringar via ikkje-statlege organisasjonar, konsulentar, privat sektor og forskingsinstitusjonar. I denne oppgåva ser eg på bilaterale overføringar til Malawi gjennom norske aktørar både via Norad og via den norske ambassaden i Malawi. Noreg nyttar og multilateral bistand, som er overføringar til multilaterale organisasjonar som dei kan nytte slik dei meiner er best. Denne bistanden er ikkje aktuell i dette prosjektet(Norad, 2015d:6).

Det er tre mekanismar som styrer overføringane til sivilsamfunnsorganisasjonane: 1) Rammeavtalar mellom Norad og organisasjonane, 2) årlege anbod lagt ut av Norad og 3) avtalar på land-nivå av dei norske ambassadane i dei aktuelle mottakarlanda. Ambassarar handterer eit eige budsjett som dei nyttar til å støtte norske og lokale prosjekt. Nokre aktørar kan dermed få støtte både direkte frå Norad og frå den norske ambassaden i landet dei arbeider i. Dei norske

organisasjonane formidlar ofte midlane vidare til lokale organisasjonar. I tillegg vert også regionale og internasjonale CSO-ar støtta av Norad (Abuom et al., 2012, OECD, 2014). I følgje Abuom et al. (2012:11) er desse kanalane for overføringar svært avskilte, og det er gjort få forsøk på å ha eit heilskapleg samarbeid mellom dei. I tillegg til dette er det fleire av dei norske organisasjonane som arbeider i dei same områda og i same sektor, noko som kan gjere det heile meir uoversikteleg.

Ein kan seie at det norske utviklingsarbeidet i stor grad er desentralisert. Ambassadane i dei aktuelle mottakarlanda har mykje av ansvaret for koordinering av personell og instrument, også til ei viss grad for partnerskap (OECD, 2014:19). Noreg samarbeider med ei rekke ulike aktørar, og går i partnerskap med både statlege og ikkje-statlege aktørar. Dette kan vere multilaterale organisasjonar, det OECD her spesifiserer som CSO-ar, eller sivilsamfunnsorganisasjonar, og den private sektoren. Ambassadar i dei ulike landa, tek del i avgjersla om kva partnerskap som er best eigna i ulike situasjonar. Den norske staten samarbeider med sivilsamfunnsorganisasjonar på ulike måtar. I rapporten frå OECD vert det definert tre typar: samarbeid med norske organisasjonar, samarbeid med internasjonale organisasjonar og direkte støtte til sivilsamfunnsorganisasjonar i mottakarlanda (OECD, 2014:72-73)

2.2. Malawi som mottakarland

Malawi er eit lite land, utan kystlinje, søraust i Afrika. Innbyggjartalet er rundt 17 millionar (Malawi, 2014). Landet har motteke norsk bistand over lang tid og i stor skala og er nummer sju på lista over dei landa som tek i mot mest norsk bistand. I 2014 formidla norske aktørar 532 millionar kroner til landet (Norad, 2014a). Malawi er også det fattigaste samarbeidslandet til Noreg i det sørlege Afrika, og har ein kraftig befolkningsvekst. På United Nations Development Programme (UNDP) sin Human Development Index (HDI) står Malawi som nummer 174 av 184 land. Det vil seie at det er eit av verdas minst utvikla land. HDI er ein index som måler korleis eit land presterer på tre områder av menneskeleg utvikling: 1. eit langt friskt liv, 2. kunnskap og 3. ein god leverstandard (UNDP, 2015).

For å studere Malawi som case er det nyttig å ha noko kjennskap til samfunnet og historia til landet. Her kjem ei kort utgreiing av eit par historiske trekk som har påverka dagens samfunn. Under kolonitida var Malawi eit britisk protektorat under namna Nyasaland District og British Central Africa Protectorate mellom 1891 og 1964. Etter frigjeringa i 1964 gjekk Dr. Hastings Kamuzu Banda, leiaren for Nyasaland African Congress (NAC), inn i rolla som statsminister (Magolowondo, 2013:9-12). Ei stilling han skulle ha i nesten tretti år. I 1966 vart NAC innført

som einaste lovlege parti og landet vart ein eitt-partistat. I 1971 vart også Kamuzu Banda erklært som livsvarig president. Regimet var sterkt undertrykkande og alle opposisjonelle røyster vart effektivt kvelte gjennom fengsling eller mystiske forsvinningar (Magolowondo, 2013:12).

Det fanst likevel opposisjonelle krefter, særleg blant dei som budde i eksil og i 1995 vart Malawi ein demokratisk stat. Det skal, i følgje Augustine Titani Maolowondo, i dag vere god støtte til demokratiet blant folket, men den demokratiske kulturen i landet er svak. Personar i høge stillingar har gong på gong vist dårlege haldningar til lover og reglar. Det er og utfordrande at demokratiet lever side om side med gamle patriarkalske tradisjonar. Det er djupe «sterke menn» tradisjonar i landet, og personar i leiande stillingar får ofte ein svært opphøgd posisjon som kan minne om heltedyrking (Magolowondo, 2013:14-16).

Det er store problem med korrupsjon i landet. I 2013 kom det fram at det hadde skjedd utstrakt korrupsjon i offentleg sektor. Dette har i ettertid vore kalla Cashgate-skandalen. Det viste seg at tilsette i styresmaktene hadde forsynt seg av midlar ved å heve uautoriserte sjekkar og gjere utbetalingar i kontantar. Systemet som var utvikla for å sikre pengestraumane i offentleg sektor viste seg å ha store svakheiter. Det var også enkelt å skaffe seg tilgang til brukar-id og passord (Majanga, 2015). Også i ettertid, når Cashgate er ei offentleg kjent sak og rettssakene føregår endå, skjer det stadig makt og pengemisbruk i offentleg sektor. Under datainnsamlinga til dette prosjektet var eit av dei store samtaleemna i hovudstaden at presidenten, i anledning FNs generalforsamling, hadde med seg 115 delegatar til New York og reiste sjølv i eit innleidd privatfly (Nyasa Times, 2015, Lusaka Times, 2015). Dei fleste land sender fem til seks delegatar. Dette vitnar om at styresmaktene i Malawi stadig gjer feilprioriteringar.

Massemedia har ei viktig rolle i Malawi og det er gjennom TV, sosiale media, radio, nettaviser og aviser at folk får kunnskap om politiske prosessar. Dessverre vert, i følgje Levi Zeleza Manda (2013), også media brukt til å feilinformere folket. Delar av media er business-orientert og opptekne av inntekt meir enn sanning. Nokre er veldig politisk vridde og verkar som talerør for bestemte politiske krefter. Ein del journalistar manglar god opplæring og vidarefører dermed informasjon som er mangelfull og dårleg opplyst. I tillegg fins det både politisk innblanding og lover og reguleringar som gjer livet vanskeleg for media. Likevel meiner Manda at malawisk media er ein viktig bidragsytar i det å setje tema på dagsorden, ta opp saker politikarane unngår og la folket kome til ordet. Radiokanalen MBC vert trekt fram som ei særleg fri og informativ kjelde til politisk kritikk. Det er også mange teikneserieskaparar som har gjort det stort innan politisk kritikk i Malawi (Manda, 2013:231-235, 240-241).

Ein av informantane i dette prosjektet trakk media fram som ein positiv institusjon i Malawi. Han trakk fram saka med president-turen til New York, og meinte at dette var noko mange fekk med seg. I følgje informanten er det mange som lesar aviser og dei aller fleste har på eit eller anna vis tilgang til radio. Dette gjer at folket stort sett er ganske opplyste om kva som skjer i politikken i landet. Fleire informantar rekna avisene *The Daily Times* og *The Nation* som dyktige og nøytrale (Intervjudata 13.oktober 2015).

Malawi er som nemnt avhengig av utanlandsk bistand og har sidan 1996 vore eit hovudsamarbeidsland for Noreg. Frå statsbudsjettet i 2015 skal Malawi vere eitt av 12 fokusland for norsk bistand (Leraand og Johannessen, 2015). Etter Cashgate trakk mange store donorar seg ut av landet og stort sett alle land fraus eller avslutta budsjettstøtta. Også Noreg fraus budsjettstøtta og all bistand til landet går no gjennom bilaterale og multilaterale organisasjonar (Norad, 2014b). Til saman heldt givarar tilbake 740 millionar kroner i bistand til regjeringa (Mweninguwe, 2014). Dette har ført til at regjeringa no slit med å få statsbudsjettet til å gå opp. Dei har vore nøydde til å kutte i mange viktige utgifter som til dømes arbeidsplassar for nytdanna lærarar.

Gjennom datainnsamlinga var det mogleg å observere ein del av dei større utfordringane i Malawi. Tilgang til mat og reint vatn utpeika seg, særleg periodar med tørke og flaum fører til dårlege avlingar. Kombinert med stor arbeidsløyse og dyre matvarer i butikkane, fører dette til at mange manglar variert og sunn kost. Ein ser ikkje den ekstreme svolten som i somme andre land, men feilernæring er eit svært stort problem. Den primære matkjelda er mais og retten *Nsima* som er ei slags tjukk velling kokt av maismjøl. Både tradisjon og naud gjer at denne retten er svært viktig i kosthaldet. For dei fattigaste er det gjerne det einaste dei et til alle måltid. Mais er ei grønsak som krev gode vekstvilkår. Den er sårbar for endringar i jordsmonn og vassmengd, noko som gjer periodar med tørke eller flom kritiske for mattilgangen. I tillegg er maismjølet som vert brukt vaska og behandla i ei slik grad at næringsinnhaldet etterkvart vert svært lågt (Intervjudata). Feilernæringa har, i følgje World Food Program (WFP), ført til stor utbreiing av fenomenet «Stunting» i landet. Stunting er eit resultat av feilernæring frå låg alder og er ein tilstand som fører at både vekst og kognitiv utvikling vert hemma. Så mykje som 47 prosent av borna i Malawi er påverka av denne tilstanden. 60 prosent av hushalda har dårleg mattilgang og 50 prosent av alle born et matvarer frå berre to matgrupper (Wilson, 2014).


Landet har også mange problem knytt til å sikre menneskerettane til befolkninga, særleg knytt til fattigdom, vald og diskriminering (Norad, 2014b). 46,73 prosent av befolkninga i Malawi er

14 år eller yngre og 53 prosent av befolkninga lever under fattigdomsgrensa (CIA, 2015). Når ein ser på økonomisk utvikling, ligg Malawi langt bak. Det er svært stor arbeidsløyse og industrien i landet er lite utvikla. Dei aller fleste, som har jobb, arbeider innanfor den svarte arbeidsmarknaden. Landbruk er den absolutt største inntektskjelda og tobakk står for over halvparten av eksportinntektene (Leraand og Johannessen, 2015). I følgje fleire informantar er dei fleste store matvarekjedane Sør-Afrikanske. Dei importerer stort sett alle varer frå Sør-Afrika, også frukt og grønt. Dette fører til at prisane i butikken er høge, men endå verre fører det til at dei aller fleste småbønder har problem med å få god inntekt på det dei dyrkar fram. Dei får ikkje hylleplass i butikkane. Det er eit land med stort potensiale, men med manglande infrastruktur og industrialisering. Ein informant spurte seg kvifor Malawi som er eit trygt og fredeleg land enno ikkje er meir utvikla, samanlikna med land som opplever langvarige konflikhtar og krig (Intervjudata).

2.3. High Level Fora on Aid Effectiveness

Det har dei siste tiåra vore eit stort fokus i bistandsverda på å heve kvaliteten på utviklingssamarbeidet. Særleg har effektivitet vore på agendaen. Gjennom ei serie internasjonale konferansar på 2000-talet vart det arbeidd fram nye prinsipp og avtalar for korleis utviklingsarbeid skulle verte så effektivt som mogleg. Desse konferansane vart kalla High Level Fora on Aid Effectiveness og vart haldne i Roma (2003), Paris (2005), Accra (2008) og Busan (2011). På konferansane var det eit sterkt ønskje om å finne ut kvifor utviklingsarbeidet ikkje førte til dei ønskja resultatata (OECD, 2015). Heretter vert desse møta kalla effektivitetsagendaen.

Det mest omtalte og kanskje møtet som har sett sterkast avtrykk var Paris i 2005. Dette møtet førte til «The Paris Declaration on Aid Effectiveness». For første gong forplikta både donorland og mottakarland seg til å følgje gitte prinsipp og til å halde kvarandre ansvarlege. Det vart presentert ei rekke praktiske tiltak som skulle hjelpe donorar og mottakarar å gjere samarbeidet meir effektivt i tillegg til ein plan for implementering og evaluering av tiltaka. Fem prinsipp står att etter Paris Declaration: 1. Eigarskap, utviklingsland skal sjølv setje agendaen og strategiane for korleis dei ønskjer å takle problem i sitt land. 2. Alignment, donorar skal stille seg bak og tilpasse seg til dei lokale strategiane. 3. Harmonisering, donorland skal koordinere innsatsen, forenkle prosedyrar og kommunisere for å hindre dobbeltarbeid. 4. Resultat, fokuset til både donorar og mottakarar skal liggje på resultat og resultatmåling. 5. Gjensidig ansvar - donorar og mottakarar er begge ansvarlege for utviklingsresultat (OECD, 2015).



Figur 1 – «Ownership, alignment, harmonisation» (OECD-DAC, 2005)

Særleg prinsippa om alignment og harmonisering passar inn i temaet for denne oppgåva. Dei siktar saman mot at donorar og mottakarar, givarland og mottakarland, skal arbeide saman for å oppnå felles resultat. Prinsippa peikar på at effektiviseringstrenden innanfor utviklingssektoren også inneheld idear om koordinering. Deklarasjonen frå Paris i 2005 (OECD, 2008) slo nemleg fast at donoralanda skulle fokusere på å «Eliminere duplisering av innsats og rasjonalisere donoraktivitetar slik at dei er så kostnadseffektive som mogleg» (OECD, 2008:1, eiga omsetjing). Vidare står det tydeleg at donorland skal: «Arbeide saman for å redusere talet på separate, dupliserte oppdrag til feltet og evalueringar [...] og promotere felles trening for å dele erfaringar og byggje eit felles læringssamfunn» (OECD, 2008:6, eiga omsetjing).

Møtet i Accra i 2008 grunnfesta prinsippa frå Paris endå sterkare, medan møtet i Busan i 2011 førte til ein underskriven “Busan Partnership Agreement” der tradisjonelle donorar, Sør-sør-samarbeid, BRICS-landa, sivilsamfunnsorganisasjonar og private donorar vart inkluderte(OECD, 2015). “Busan Partnership Agreement forpliktar deltakarane til i hovudtrekk å fokusere på 1. Mottakarlandet sitt eigarskap over bistanden, dei skal sjølve avgjere kva type bistand dei ønskjer, 2. resultatfokus, 3. utviklingspartnerskap og 4. delt ansvar og transparens (HLF4, 2012). Prinsippet om harmonisering er faktisk ikkje nemnt i Busan-avtalen, medan kommunikasjon er nemnt berre ein gong. Dette kan tyde på at prinsippet om harmonisering fekk ei mindre rolle i den internasjonale effektiviseringsagendaen. Omgrepa alignment og ownership er nemnde fleire gonger også i denne avtalen, medan partnership er svært mykje brukt. Sjølv om omgrepet harmonisering ikkje er nytta i dei seinare møta, har ideen om

koordinering stått seg som ein viktig del av effektiviseringsagendaen og er framleis eit tema det vert snakka om i sektoren. Ole Winckler Andersen og Ole Therkildsen (2007:3) hevdar ein nesten ikkje kan snakke om bistand utan å leggje til koordinering.

Harmonisering og alignment er to omgrep som går hand i hand i retningslinjene frå Roma, og Paris. Førstenevnte står for ei forenkling og effektivisering av givarane sin innsats medan det siste handlar om at givarar skal innrette seg etter mottakarlandet sine system og mål. På eit vis kan ein seie at harmonisering handlar om koordinering mellom donorar, medan alignment handlar om koordinering mellom mottakar og donor. Dei to omgrepa vert brukt saman og gjerne i same setning, men har svært ulik innverknad for arbeidet som skal gjerast. I følgje Matthew Winters (2012:317) er dei tre komponentane, eigarskap, innretting til lokale land sine system og harmonisering, avhengige av kvarandre for å bidra til betra bistandseffektivitet. Omgrepa harmonisering og alignment vert forklarte meir grundig i teorikapittelet.

2.4. Koordinering av bistand og tidlegare forskning

Fleire av dei norske bistandsorganisasjonane nemner samarbeid og nettverk på nettsidene sine og det kan verke som om det er eit tema det vert fokusert på. Likevel fins det lite informasjon og forskning på kva desse samarbeida går ut på, og meir spesifikt kven som tek del i dei. Det fins mykje forskning på interorganisasjonelle relasjonar og nettverk, ofte innanfor fagfelt som økonomi og leing og informasjonstudiar. Det fins også noko forskning på koordinering av krisehjelp ved katastrofar. Det kan derimot sjå ut til at det fins lite forskning på og empirisk materiale om interorganisasjonelle relasjonar og nettverk spesifikt mellom organisasjonar som arbeider med langsiktig utviklingsarbeid (Rathi et al., 2014:868, 871). I følgje Abuom et al. er det også lite forskning på kva som skjer i område der mange organisasjonar tek på seg liknande og kanskje overlappende prosjekt. Det er for lite forskning på effekten av at det fins mange overlappende initiativ og dobbeltarbeid av sivilsamfunnsorganisasjonar og NGO-ar som også undergrev arbeidet til lokale styresmakter ved å tilby betre lønn og opplæring (Abuom et al., 2012:78). Vidare forklarar dei at:

[...]diskursen om offisiell bistand har vore dominert [...]av ei gjenkjenning av ein kraftig reduksjon i den overordna innverknaden til offisiell bistand, på grunn av ei rekke viktige system-problem: for mange donorar, for mange prosjekt, utilstrekkeleg harmonisering eller koordinering av arbeidet til individuelle aktørar, og utilstrekkeleg "alignement" til og integrering med vertslandet sine utviklingsstrategiar. [...] For å betre forstå den overordna innverknaden sivilsamfunnsorganisasjonar har i utviklingsprosessen på

landnivå, er det nødvendig å undersøke desse system-effektane. Til dags dato er det lite bevis i litteraturen, på at slike saker vert undersøkt.

(Abuom et al., 2012:78, eiga omsetjing).

Også Arnab Acharya et al (2006) støttar opp under at det fins for få gode analysar av problema med auken i talet på donorar:

[...]det er lite handfast bevis på, eller nyttige analysar av, problema som kjem av bistandsspreiing [aid proliferaion]. Argumenta om desse effektane [...] er, nesten i heilskap, baserte på subjektive observasjonar og erfaringar frå personar som arbeider i bistands-industrien. Kostnaden av bistandsspreiing ser ut til å ha blitt naturalisert i oppfatningane til dei fleste bistandsarbeidarar: det er berre ein naturleg del av livet.

(Acharya et al., 2006:4, eiga omsetjing)

Det fins eit hol i forskinga på koordinering av bistandsorganisasjonar både deskriptivt og kvalitativt. Vidare i denne delen vil noko av litteraturen som fins om temaet verte presentert gjennom ei oversikt over to tema i litteraturen om koordinering av utviklingsarbeid. Den følgjande litteraturen har vore viktig i formuleringa av problemstillinga og dannar bakkeppet for masterprosjektet.

2.4.1. KOORDINERING AV NØDHJELP

Eit område det er gjort ein god del forskning på, og som har blitt eit viktig fokusområde for det internasjonale bistandssamfunnet, er koordinering av nødhjelp i område som til dømes er utsett for naturkatastrofar eller krig. Eit inntrykk denne forskinga gir er at det i desse situasjonane er viktig å sikre at innsatsen som vert sett inn i området vert nytta på best mogleg måte slik at ingen behov vert oversett. Koordineringa av dei mange organisasjonane skjer på eit interorganisasjonelt nivå og det er naudsynt med eit koordinerande organ. Krisehjelp er prosjekt som i utgangspunktet skal vere kortvarige og effektive og det er derfor viktig at koordineringa skjer fort. Dette kan nok vere ein grunn til at det har skjedd meir på dette området enn med koordinering av utviklingshjelp. Trass i at krisehjelp og utviklingshjelp er svært ulikt og at tilnærming og utføring vil skje på heilt ulike måtar, kan likevel litteraturen om koordinering av krisehjelp vere interessant for denne oppgåva. I krisesituasjonar viser organisasjonar både lokalt og internasjonalt ei stor vilje til samarbeid og ønske om å jobbe mot felles målsetjingar.

Trude Kvam Ulleland leverte hausten 2013 si masteroppgåve ved UiB om korleis nødhjelp vert organisert og koordinert etter naturkatastrofar. Som case brukte ho arbeidet etter ein syklon i Myanmar og orkanar på Haiti i 2008 . Etter naturkatastrofar som dette vil det strøyme til hjelp

frå det internasjonale samfunnet. Ulleland skildrar ein måte å koordinere denne hjelpa på kalla «Cluster Approach». Cluster, eller ei klynge, er når fleire organisasjonar samlar seg for å arbeide saman mot eit felles mål innanfor ein viss sektor i nødhjelpsarbeidet. Det er United Nations Office for the Coordination of Humanitarian Affairs (UN OCHA) som fungerer som eit koordinerande organ for å sørge for at behov vert møtt og at ikkje mange organisasjonar stiller med dei same tiltaka (Ulleland, 2013:1).

Spencer Moore et.al. (2003) nyttar nettverksanalyse for å evaluere samarbeidet mellom organisasjonar i nødhjelpsarbeid. Moore et.al. meiner at for å kunne evaluere kor godt eit bistandsarbeid er koordinert, må ei evaluering kunne plassere dei humanitære bistandsoperasjonane i eit rammeverk for inter-organisasjonelt nettverk. Ved å nytte nettverksanalyse forsøker Moore et.al. å studere korleis interorganisasjonelle nettverk kan bidra til å styrke eller svekke koordineringa av humanitære bistandsoperasjonar. Gjennom nettverkanalysen kunne dei finne ut kor sentral ein organisasjon var i arbeidet og kor mange menneske sine behov denne orgainsasjonen kunne dekkje. Forfattarane gjorde eit casestudie av humanitære operasjonar i Mosambique (Moore et al., 2003:305-306).

Moore et.al. finn at dei organisasjonane som får høgst verdiar på sentralitetsmåla også er dei som når ut til flest med hjelpa si. Dei fann og at dei interorganisasjonelle relasjonane tok form etter ein hierarkisk modell der dei internasjonale organisasjonane hadde kontroll over informasjonsflyten og koordineringa (Moore et al., 2003:311-313). Dei internasjonale organisasjonane var i gjennomsnitt meir sentrale enn dei lokale. På lang sikt rekna dei dette som skadeleg for oppbygginga av eit uavhengig krisehandteringssystem i det aktuelle landet fordi dei lokale organisasjonane hadde lite kontakt med kvarandre utanom dei internasjonale organisasjonane (Moore et al., 2003:315). Dei konkluderer med at suksessen til humanitære bistandsoperasjonar er avhengig av at organisasjonane klarer å arbeide i lag (Moore et al., 2003:315-317). Altså legg Moore et.al. vekt på at strukturen og nettverket der organsiasjonane kan møtast er viktig for at eit godt samarbeid skal kunne finne stad og at samarbeidet er viktig for å oppnå resultat. Det å nytte nettverksanalyse på denne måten er absolutt noko som kan overførast til utviklingsarbeidet. Ved å studere den interorganisasjonelle strukturen på denne måten kan ein undersøke korleis samarbeidet fungerer i praksis, og korleis det kan hjelpe organisasjonane med å gjere ein betre jobb.

I krisehjelp-litteraturen fins det altså mykje kunnskap om det å koordinere arbeidet organisasjonar gjer for å oppnå eit betre arbeid. Ulleland gir eit eksempel på ein bestemt strategi

som vert brukt og Moore og Daniel legg vekt på nytten av nettverksanalyse i forståinga av slike samarbeid. Det som er interessant med denne litteraturen er at det i krisehjelp og nødhjelp kan sjå ut til at koordinering og samarbeid er noko som vert fokusert på og at det er meir eller mindre vellukka. Samstundes fins det lite litteratur på det same innanfor utviklingsarbeidet. Det er fleire av dei store organisasjonane som arbeider både innanfor nødhjelpsarbeid og utviklingsarbeid og ein skulle tru at kunnskapen kunne overførast. Kirkens nødhjelp er eit godt eksempel på ein slik organisasjon. I tillegg til å drive nødhjelp i kriseramma område har dei også mange større og langvarige utviklingsprosjekt i land som ikkje er ramma av akutte kriser. Organisasjonen er også ein av dei som utad legg stor vekt på partnerskap og samarbeid på tvers av organisasjonar, og det er interessant å undersøkje i kor stor grad dette strekker seg vidare frå samarbeid i krisesarbeidet og over i utviklingsarbeidet.

2.4.2. NORSK UTVIKLINGSPOLITIKK

Det er gjort eit par mindre undersøkingar av korleis dei norske statlege organa samarbeider med bistandsorganisasjonar. Mellom anna var ein liten del i ei større evaluering av norsk utviklingssamarbeid gjort av Organisation for Economic Co-operation and Development (OECD) fokusert på dette. Utanriksdepartementet og Norad fekk, i evalueringa, skryt for å inkludere nye tilnærmingar og metodar for utviklingssamarbeid i sine strategiar. Det kom likevel og fram at partnerskaps- og nettverksarbeidet kunne vore betre: «For å sikre meir ressursar og styrke langsiktig bærekraftige initiativ, kunne Noreg gjere meir for å involvere og etablere partnerskap med andre utviklingspartnarar, på hovudkvarter- og land-nivå» (OECD, 2014:19, eiga omsetjing).

Rapporten konkluderer med at koordineringa mellom internasjonale og lokale CSO-ar, samt integreringa i nasjonale planar er svak, og at det burde leggest ein større innsats i å nytte bistandseffektivitetsprinsippa også på andre kanalar enn stat-til-stat-bistand (OECD, 2014:72-73). Med andre ord burde bistandseffektivitets-prinsippa også gjelde for midlar som Norad distribuerer gjennom andre kanalar enn stat-til-stat.

Norske sivilsamfunnsorganisasjonar (CSO) tek i mot mykje midlar over Norad og UD sitt budsjett, og i 2012 bestilte Norad sjølv ei evaluering av kva effekt CSOar har hatt på utvikling i mottakarlanda. Dei sette ned eit utval som skulle undersøkje dei langvarige effektane og påverknaden av sivilsamfunnsorganisasjonar som arbeider med utvikling (Abuom et al., 2012).

I rapporten dette kjem fram i, som er bestilt av Norad, søkte Agnes Abuom med fleire å undersøke effektane av norsk støtte til sivilsamfunnsorganisasjonar. I dei fire landa Abuom et.

al undersøkte fann dei at «ingen spesifikke og formelle forsøk er gjort på verken å sikre harmonisering og konsistens mellom kanalane, eller å utvikle ei meir strategisk og heilskapleg tilnærming i dei respektive landa» (Abuom et al., 2012:11, eiga omsetjing). Ei av fleire hypotesar prosjektet hadde var at «Koordinering med andre prosjekt/donorar og integrering i nasjonale rammeverk er svake område» (Abuom et al., 2012:59, eiga omsetjing). Dei fann at hypotesen i stor grad stemte og at det generelt sett var relativt lite fokus på og dårleg gjennomføring av forsøk på koordinering av den norske bistandsinnsatsen.

Malawi var eitt av landa som blei utheva fordi det hadde noko betre koordinering av innsatsen. Det fanst på dette tidspunktet fleire paraplyorganisasjonar og nettverksorganisasjonar. Council of Non-Governmental Organisations of Malawi (CONGOMA) vart særleg trekt fram sidan denne insitutsjonen hadde vore i drift sidan 1987, tidlegare med støtte frå den Norske Ambassaden (Abuom et al., 2012:59-60).

Det som kom fram i evalueringa var at den norske bistandsinnsatsen som kjem gjennom CSO-ar er lite koordinert.

Kvar kanal for finansiering [Norad og ambassadane] følgjer sine egne reglar og reguleringar, og både Norad og dei lokale ambassadane uttalar at finansieringane til norske sivilsamfunnsorganisasjonar og aktivitetane deira er baserte på avgjerder tekne av dei respektive norske sivilsamfunnsorganisasjonane.

(Abuom et al., 2012:11, eiga omsetjing).

Det fins ikkje noko strategisk rammeverk for norsk sivilsamfunnsstøtte på landnivå – heller inga overordna vurdering av behov og moglegheiter som eit grunnlag for å gjere strategiske val, og sikre optimal innverknad. Sivilsamfunns-porteføljen i kvart land er svært fragmentert mellom dei respektive norske sivilsamfunnsorganisasjonar, og mellom sivilsamfunnsorganisasjonane og ambassadane [...] Heilskapen er summen av alle dei uavhengige og ofte isolerte delane. .

(Abuom et al., 2012:13, eiga omsetjing).

Nokre ambassadar har ei større rolle i å skape samanheng og kontinuitet i eit område, til dømes har den norske ambassaden Nepal fokusert på dette. Ambassaden vil då forsøke å koordinere sine aktivitetar med lokale organisasjonar sine, samt aktivitetane til dei norske organisasjonane som får midlar frå Norad. Andre ambassadar har nesten ikkje fokus på desse aktivitetane i det heile. Det er ei generelt svak koordinering av sivilsamfunnsorganisasjonar og nasjonale

rammeverk. Ambassadane bidreg med informasjon til sivilsamfunnsorganisasjonar, men tek ikkje noka større rolle i planlegging og koordinering (Abuom et al., 2012:11).

I følgje evalueringa har koordineringa mellom statlege organ og sivilsamfunnsorganisasjonar som arbeider med bistand, blitt dårlegare etter at det i større grad har blitt vanleg at donorar fokuserer på sektorprogram (Sector Wide Approach - SWAP). Sektorprogram vil seie at det blir satsa på fleire bistandsprogram innanfor ein sektor, til dømes helse, utdanning, sanitær osv. Desse programma skal arbeide saman for å oppnå eit felles mål. Denne tilnærminga har blitt meir vanleg med eit stadig større fokus på bistandseffektivitet. Tilnærminga har gjort handlingsromet for CSO-ane mindre, og dei har ofte ikkje vore tekne med i planlegging og gjennomføring av programma (Abuom et al., 2012:11, Sektorprogram (SWAP) 2015b). Dette kom og fram når det gjaldt Malawi. Rapporten kommenterer at det nyleg hadde vore spenningar mellom sivilsamfunnsorganisasjonar og styresmakter i Malawi og at dette hadde ført til ei svekking av koordineringa på nasjonalt nivå. Forholdet mellom dei hadde endra seg saman med fokuset på the Aid Effectiveness Agenda og sektorprogram. Sivilsamfunnsorganisasjonane hadde blitt meir marginaliserte og den uavhengige vakhund-rolla var truga (Abuom et al., 2012:60).

Forfattarane hevdar også at i det større fokuset som har blitt på evaluering av bistandsprosjekt, har overordna evalueringar på landsbasis blitt utelatne. Det er mange fleire evalueringar som går på kva eit enkeltprosjekt har prestert, enn på korleis fleire prosjekt saman har ført til oppnåing av eit overordna mål for landet (Abuom et al., 2012). Det har kome fram at det er vanskeleg å måle langsiktige resultat av den norske bistandsinnsatsen. Dersom alle organisasjonar berre fokuserer på eigne prosjekt, er det vanskeleg å finne den raude tråden som skal føre til langsiktige resultat i eit land. Om evalueringsproblema er eit symptom på, eller ei årsak bak at det fins lite koordinering av bistandsprosjekt, er vanskeleg å seie. Det er uansett interessant at begge deler er tilstade.

3. TEORETISK TILNÆRMING

I førre kapittel vart det gått nærare inn på temaet for oppgåva, koordinering av utviklingsshjelp. Teorien, som vert presentert i dette kapitlet, dannar eit rammeverk for korleis ein vil ta stilling til temaet ein analyserer. Dette prosjektet er empiridrive og søker å skildre og diskutere ein bestemt situasjon, korleis koordinering av den norske utviklingshjelpen utspelar seg i Malawi. Teorien spelar likevel ei viktig rolle både før, under og etter datainnsamlinga. Governanceteoriar er retningsgivande i dette prosjektet. Dei hevdar at det fins både fleire og nye aktørar som påverkar politikk-implementeringa og fordelinga av ressursar. Nettverksperspektivet går ut frå at nettverksstruktur gjer implementeringa av politikken meir effektiv. Teorien vert nytta som ståstad i det ein går inn i funna frå feltet for å undersøke om det fins ein nettverksstruktur og korleis dette nettverket i så fall vert nytta av aktørane. Korleis er nettverksrelasjonane i den norske gruppa av utviklingsaktørar som arbeider i Malawi?

I det følgjande kapitlet vert grunntrekkja i governance-teori gjennomgått før nettverksperspektivet vert skildra. Vidare kjem det ei utleiing av omgrepa koordinering og alignment sidan det er ønskja å sjå korleis desse omgrepa har kome til uttrykk i norsk utviklingssektor. Det vert og sett på nokre teoriar om alignment, partnerskap og koordinering mellom ulike givarland. Til slutt vert det skissa opp korleis teorien skal nyttast i lag med datagrunnlaget.

3.1. Governance

«Thus, overall the new state is not any longer a nation-state. The state in the information age is a network state» (Castells, 2000:14). Disse orda skildrar ei haldning i teorien om offentleg politikk som har blitt meir og meir rådande. Governance-teori er ei gruppe teoriar som har vakse fram som alternative måtar å sjå styring på dei siste tiåra. Den etter kvart omfattande litteraturen om governance kjem som eit alternativ til dei to klassiske styringsmodellane som har vore rådande lenge, hierarkisk styring eller top-down-tilnærminga og marknadsmodellen eller bottom-up-tilnærminga. Den hierarkiske tilnærminga ser på styring som eit forhold mellom den styrande staten og det styrte folket gjennom ein sentralisert organisasjon. Den er typisk ovanfrå-og-ned og staten har monopol på makt. Marknadsmodellen var i si tid eit alternativ til den hierarkiske tilnærminga der lokale aktørar var autonome og politikken vart utforma etter marknadsmekanismar, styringa skjedde nedanfrå-og-opp .

Det har altså skjedd eit skifte i måten samfunnsvitskapen tenker på styring og nye teoriar hevdar at den tradisjonelle ovanfrå og ned-tankegangen er i ferd med å døy ut og at ikkje

marknadsmodellen heller viser heile biletet. Verda har flytta seg inn i ein ny tidsalder der staten er ein aktør i eit større bilete og at derfor også andre aktørar får meir å seie (Castells, 2000, Sørensen and Torfing, 2005b). Staten har gått frå å vere ein nasjonalstat til å bli ein nettverksstat i eit samfunn som er «informational, global and networked» (Castells, 2000:9-11). Staten har både blitt meir involvert i internasjonale styringsformer som EU, FN, Nato og Verdsbanken, samstundes som det har skjedd ei desentralisering av nasjonal styring og ikkje-statlege aktørar har fått meir innverknad på å forhandle fram politikken (Castells, 2000, Sørensen and Torfing, 2005a, Sørensen and Torfing, 2005b).

I studiet av governance flyttar ein fokuset frå dei formelle statsinstitusjonane og over på aktivitetane som viskar ut grensene mellom stat og samfunn. Bevir legg særleg vekt på tre kjenneteikn: 1. Styringa er hybrid fordi den kombinerer administrasjonssystem med marknadsmekanismar, 2. den går på tvers av styringsnivå og 3. den engasjerer mange fleire aktørar enn før, også interessegrupper og ikkje-statlege organisasjonar (Bevir, 2010:3).

Sjølv omgrepet governance kan ha mange tydingar då det vert nytta i fleire ulike akademiske fagtradisjonar som utviklingsstudiar, økonomi, geografi, internasjonale studiar, statsvitskap, offentleg administrasjon og sosiologi (Bevir, 2010:1). Direkte omsett betyr governance styring, men for å sikre at forveksling vert unngått, vert det engelske omgrepet nytta i denne oppgåva. Scott Burris, Michael Kempa og Clifford Shearing (Burris et al., 2005b) definerer governance slik:

“Governance” kan definerast som organisert innsats for å styre hendingsforløpet i sosiale system. Governance handlar om korleis personar utøver makt for å oppnå utfallet dei ønskjer. Dermed er konflikter om utfall uløysleg knytt til vurderingar av governance-verktøy.

(Burris et al., 2005b:1, eiga omsetjing)

Denne definisjonen forklarar governance som eit omgrep, men ikkje governance som ei styringsform. I følgje Mark Bevir og R.A.W. Rohdes (2010) er det vanskeleg å definere governance i seg sjølv og i eigenskap av eigne trekk. I staden viser dei til ei tilnærming som fokuserer på sosialt konstruerte styringsmønster gjennom måten individ skaper meining i handlingar. Dei hevdar at ein ikkje kan sjå på staten som noko som eksisterar uavhengig av folk sine oppfatningar og praksisar og presenterer derfor ein «statslaus» teori om governance. Dei siterer Finlayson og Martin frå 2006 på at:

Analyseobjektet er ikkje staten, men "ei mangfaldig rekke byrå, system og praksisar, som produserer varierte kontrollmekanismer og varierte former for kunnskap, som gjer områder eller aspekt ved det sosiale liv tilgjengeleg for stats-tiltak"

(Bevir og Rhodes, 2010:213, eiga omsetjing)

Forfattarane forklarar så fire "familielikskapar " blant ulike tilfelle av governance. På same måten som ein ser at to menneske frå same familie kan ha like trekk utan at dei er heilt identiske, er det mogleg å sjå at fleire tilfelle av governance liknar kvarandre. Det er mogleg å trekkje på likskapar mellom ulike tilfelle og dermed seie at konseptet kan nyttast. Alle familielikskapane treng ikkje alltid vere tilstade for at det likevel skal vere naturleg å nytte governanceteori (Bevir og Rhodes, 2010:204,209-213).

Ein av "familielikskapane" er eit mangfaldig syn på staten sin autoritet og -utøving. Staten er ikkje eineveldig og det skjer alltid ei forhandling med andre aktørar. Politikken veks ut frå samhandling mellom organisasjonsnettverk og individ og grensene mellom stat og sivilsamfunn er utydlege. Ein anna familielikskap er at governance vert uttrykt gjennom historier om tradisjonar, dilemma, normer og praksisar som vert vidareført frå aktør til aktør. Det er ikkje eit gitt sett karakteristikkar, men historier om at «slik gjer vi det her» (Bevir og Rhodes, 2010:211-212).

Den tredje familielikskapen Bevir og Rhodes identifiserer er eit skifte frå hierarki, til marknad og til nettverk. Eit skifte som har teke mange ulike former i ulike sektorar. Ein fjerde og siste familielikskap som vert nemnt her er det at staten har teke på seg ei mindre styrande rolle. Med det er det meint at ein skjeldnare fins stats-aktørar i lokale og sektorbaserte institusjonar, men at dei heller kontrollerer, koordinerer og regulerer desse institusjonane. Igjen tek dette form på ulike vis. Sjølv om det ikkje er mogleg å kome med ein god definisjon på governance kan det å sjå på den desentraliserte tilnærminga og dei fire familielikskapane gi ein forskar høve til å bruke konseptet tradisjon til å forklare korleis menneske tek på seg visse antakingar og praksisar (Bevir og Rhodes, 2010).

3.2. Nettverksperspektivet

Med utgangspunkt i governance-teorien vert datagrunnlaget i dette prosjektet sett gjennom eit nettverksperspektiv som fokuserer på mangfaldet og kompleksiteten i samspelet organisasjonar har med omgjevnadane (Hatch, 2001:83). Med Governance-teorien har koordinering og samarbeid på tvers av organisasjons-band, juridiske band og politisk-administrative band blitt viktig i studiet av offentleg politikk. Det vert ofte gått ut frå at meir koordinering vil føre til

meir effektiv politikk, implementering og tenesteyting (Læg Reid og Rykkja, 2015:961, 965). Manuel Castells (2000) hevdar at dei tidlegare sosiale nettverka i den nye samfunnsorganiseringa har blitt til informasjonsnettverk, noko som gjer at dei har kome over dei tidlegare utfordringane med koordinering, fokusering av ressursar mot spesifikke mål og handtering av komplekse oppgåver. Samstundes har nettverket beholdt den fleksible organiseringa og til saman vert det eit godt styringsverktøy (Castells, 2000:15).

Nokre teoretikarar er ikkje einige i at koordinering fører til effektivitet. Martin Landau (1969) er ein av dei som meiner at overlappende funksjonar kan vere positivt for å danne eit meir robust system. Han viser til at tiltak for å minske dobbeltarbeid og duplisering i offentleg politikk ofte kan gjere arbeidet mindre effektivt. Han hevdar at duplisering og dobbeltarbeid nettopp er det som kan sikre reliabilitet. Om ei skal overføre dette til utviklingssektoren ville det kanskje bety at ein kan misse noko av det som gjer arbeidet effektivt om ein jobbar for mykje med koordinering (Landau, 1969).

Nettverks-konseptet vert og nytta med fleire forståingar også innanfor teoriar om offentleg politikk. Det er derfor viktig å vere tydeleg på korleis det vert brukt i dette prosjektet. Konseptet kan både vise til ein praktisk metode for å analysere relasjonar, handling og endring, og det kan nyttast til å skildre dei store politiske og kulturelle endringane i verda. I tillegg kan det vere ein praktisk bruksteori for korleis ein kan nytte nettverksomgrepet i gjennomføringa av politikk-mål (Jensen og Pettersen, 2012:4-8). I dette arbeidet vil nettverkskonseptet verte nytta i den første og siste betydninga, som eit verktøy for å analysere relasjonane mellom aktørar innanfor bistandssektoren og som ei styringsform for auka effektivisering. Det er altså ønska å undersøke både i kva grad det fins nettverksorganisering, og seie noko om kor vidt denne forma for styring har ein plass i norsk bistandssektor. Vidare kjem ei avklaring av kva som er meint med omgrepet nettverk.

Dag Ingvar Jacobsen og Jan Thorsvik (2013) definerer nettverksorganisering som «en organisasjonsform bestående av flere, mer eller mindre autonome enheter som inngår i et relativt stabilt samarbeid.» Michael Hill og Peter Hupe knyter nettverk til måten offentleg politikk vert implementert og legg vekt på korleis det at aktørar er avhengige av utveksling av ressursar kan gjere implementeringsprosessen enklare. Dei definerer policy-nettverk som «Eit meir eller mindre stabilt mønster av sosiale relasjonar mellom gjensidig avhengige aktørar. Det tek form rundt politikk-problem og/eller politikk-program» (Hill og Hupe, 2014:72-73, eiga omsetjing). Manuel Castells definerer nettverket på strukturnivå og gir ei matematisk forståing av omgrepet: «Eit nettverk er eit sett med nodar som er kopla saman. Ein node er eit punkt der

kurven skjærer seg sjølv» (Castells, 2000:15, eiga omsetjing). I følgje Sørensen og Torfing består samarbeidet ofte av at organisasjonane gir kvarandre tilgang til ressursar som varer og tenester eller kunnskap og informasjon. Dei kan ha varierende grad av nærleik og det fins mange ulike måtar å strukturere slike nettverk på. Nettverka vert danna på bakgrunn av ressursavhengigheit mellom sosiale og politiske aktørar og gir eit rammeverk for å analysere interaksjonen mellom stat og samfunn. Ofte vert governance brukt ilag med nettverk, det er dette som her vert kalla styringsnettverk (Sørensen og Torfing, 2005a:198-201).

Kerry Brown og Robyn Keast (2003:119) skil mellom «networking arrangements», eller nettverksordningar, og nettverk. I følgje dei er nettverksordningar lausare band mellom aktørar og organisasjonar, gjerne å rekne som samarbeidsrelasjonar som ofte berre handlar om informasjonsutveksling. Samarbeidet består av uformelle korttidsrelasjonar der kvar organisasjon framleis er autonom og har autoritet over eigne ressursar. Medlemmar kan ta del eller falle frå utan at det påverkar nettverket som heilskap, og utan å påverke relasjonane mellom dei andre medlemmane.

Nettverk er derimot, i følgje Brown og Keast, meir formelle og tettare band mellom menneske og organisasjonar. Koordineringsmekanismen i nettverket vert gjerne gitt gjennom avtalte mål som vert mogleggjort gjennom felles planlegging og felles program. Medlemsskapet i nettverket er ofte meir stabilt og formelle prosessar og strukturar set rammene for det. Alle medlemmar må godta at dei misser noko av autonomien sin, men dei er stort sett uavhengige. Det er også fleire felles godar og felles risikoar (Brown og Keast, 2003).

Definisjonen av nettverk som vert brukt i dette prosjektet trekkjer altså på definisjonane over. Samla vil nettverk vere forstått som ein relativt stabil arena der fleire aktørar kan kommunisere og samarbeide i varierende grad om eit bestemt tema eller problem. I nettverket kan varer, tenester kunnskap eller informasjon utvekslast. Det vert skilt mellom nettverk og nettverksordningar, der nettverksordningar vert forstått som mindre formelle og lausare band mellom eit sett aktørar. Den delen av den norske utviklingssektoren som arbeider med prosjekt i Malawi vil her verte studert som eit nettverk

3.2.1. NODAR

Kvar aktør er ein node eller eit punkt i nettverket og forholda mellom dei kan studerast gjennom analysar av kommunikasjon. Castells forklarar, som nemnt over, slik kva ein node er: « Ein node er eit punkt der kurven skjærer seg sjølv» (Castells, 2000). Noden er altså punktet der ein

aktør er plassert i nettverket og der ein kan sjå kommunikasjonen som linjer mot dei andre aktørane.

Scott Burris, Peter Drahos og Clifford Shearing skildrar eit rammeverk for «Nodal Governance» som er ei vidareutvikling av nettverksteoriar. Dei er opptekne av at det er viktig å sjå på dei enkelte nodane sine posisjonar som ein del av styringa. Dei meiner at styringa av nettverket skjer i nodane og at dei påverkar kvarandre i nettverket (Burris et al., 2005:5). Dei definerer nodane som stadar i eit «outcome generating system» (OGS) der kunnskap, kapasitet og ressursar vert mobilisert for å handtere ein situasjon. Nettverk hjelper oss til å forstå korleis kommunikasjon og informasjon flyt mellom aktørar, men i følgje Burris et al., fins det ein overgang i nettverka der informasjonen vert overført til handlingar. Gjennom å fokusere på kva innverknad nodar har på kvarandre, kan ein oppdage korleis nodane responderer på ordrar frå andre styrande nodar (Burris et al., 2005:11).

Nodane har fire karakteristikkar som seier noko om evna deira til å påverke situasjonen:

1. **Mentalitetar** – ein måte å tenke på situasjonen nettverket skal handtere
2. **Teknologiar** – metodar for å påverke det som skjer i situasjonen
3. **Ressursar** til å gjennomføre noden sine oppgåver og påverknad
4. **Institusjonar** – ein struktur som legg til rette for mobilisering av mentalitetar, ressursar og teknologiar over tid.

Nodane kan vere offentlege institusjonar, ikkje-statlege organisasjonar, bedrifter eller andre sosiale grupperingar. Å vere ein styrande node betyr at det må finne stad ei institusjonell form som gjer noden i stand til å mobilisere mentalitetar, ressursar og teknologiar over tid. Det treng likevel ikkje å vere ein formelt konstituert eller juridisk anerkjent institusjon (Burris et al., 2005a:12). I dette prosjektet er det dei ulike norske aktørane som er involverte i arbeid i Malawi som vert rekna som Nodar.

3.2.2. SOSIAL NETTVERKSANALYSE

Frå 70-talet kom det ei rekke tekniske bidrag til teorien om nettverk og på bakgrunn av nye konsept som vart presenterte i denne perioden trådte nettverksanalysen inn som ein del av dei konvensjonelle analysemetodane (Scott, 2012a:1). Nettverksanalysen består av ei rekke kvalitative mål som skildrar strukturen og utviklinga av nettverk. Det vil seie at ein studerer posisjonane og relasjonane som fins i eit nettverk. Ein er interessert i dette fordi posisjonen ein aktør har, avgjer moglegheitene og avgrensingane denne aktøren møter. Å identifisere posisjonane til aktørane kan dermed seie noko om utfalla aktørane produserer. Mange har starta

å sjå på sosial nettverksanalyse som noko meir enn berre ei samling metodar og nokre går så langt som å sjå på det som eit nytt teoretisk paradigme (Borgatti et al., 2013:1, Scott, 2012a:3).

Nettverksanalyse byggjer på grafteori som handlar om grupper av element og relasjonane mellom desse. Elementa vert viste som punkt og relasjonane som linjer. Ein kan setje relasjonane inn i ein matrise, som vidare kan gjerast om til eit nettverkskart eller eit sosiogram. Sosiogrammet er ein graf, men ikkje i den tradisjonelle forma som vi kjenner dei i matematikken. Sosiogrammet har ein illustrativ funksjon og er nyttig for å lettare forstå korleis relasjonane mellom aktørane utspelar seg. Det kan likevel vere vanskeleg å teikne opp tydelege sosiogram for store nettverk på grunn av at jo fleire aktørar og relasjonar som fins, jo mindre oversikteleg vert figuren. Derfor nyttar ein i tillegg gjerne andre analysemetodar på informasjonen ein finn i matrisen (Scott, 2012a:63-64). Dette kan enkelt gjerast ved å leggje store dikotome matrisar av nettverket inn i eit dataprogram (Grønmo, 2004:402).

Punkta i sosiogrammet viser til nodane som er forklarte over. Nodane viser dei ulike aktørane sin posisjon og linjene viser relasjonane mellom dei. Det er mønsteret som er viktig når ein ser på posisjonen til nodane, ikkje kvar på sida dei er plasserte. Det er heller ikkje interessant for oss å studere lengda på linjene eller den relative posisjonen ein node har (Scott, 2012a:64). Når det er snakk om avstand og tettleik er det ikkje den fysiske avstanden vi ser på, men avstand i form om det fins relasjonar mellom nodane og kor mange ledd det er mellom dei.

Ein node kan i utgangspunktet ha kontakt med kven som helst av dei andre nodane i nettverket. Linjene symboliserer dette og kor mange linjer ein node har til andre aktørar, vert kalla denne noden si grad (Scott, 2012b). Dersom nokre aktørar ikkje har relasjonar til nokon andre i nettverket, vil desse visae som nodar utan nokon linjer til dei andre nodane. Borgatti et al (2013:14) kallar desse «isolates» altså isolerte nodar. Talet på relasjonar ein node har vert kalla ledd og dersom ein node berre har eitt ledd vert den kalla ein «pendant» (Borgatti et al., 2013:14).

Relasjonane mellom nodane kan vere sterke eller svake og det er derfor mogleg å vekte dei ved å gi dei ein numerisk verdi. Dette kan vere knytt til ein del feilkjelder sidan ein er avhengig av å vurdere styrken på relasjonen (Scott, 2012b:35-36). I dette prosjektet vert ikkje slik vektning nytta. Grafen kan også vere retta og viser då kva retning relasjonane har. Denne retninga vert brukt for å vise eit relasjonsfenomen som har ei logisk retning, til dømes at ein person gir råd til ein annan, eller at ein person er forelder til ein annan (Borgatti et al., 2013:11-12 , Grønmo, 2004:400). I dette prosjektet vil retningane peike på kva aktør som tok initiativ til relasjonen.

Ein kan seie at aktør A sendte relasjonen til aktør B. Dette blir vist ved at linjene mellom aktørane har ei pil i den retninga initiativet gjekk. Relasjonane kan og vere tosidige ved at begge aktørane tok initiativ til relasjonen. I desse tilfella vert relasjonane vist med pil i begge retningar. Sosiogram med piler i staden for linjer vert kalla digraf (directed graph), men for å gjere det enkelt, vert berre omgrepet sosiogram nytta her (Borgatti et al., 2013:12, Grønmo, 2004:400).

I tillegg til direkte band mellom to nodar, er det mogleg at to nodar har ein indirekte relasjon gjennom ein tredje node. I vennskskapsforhold kunne dette vere ein felles venn som har høve til å introdusere dei to nodane. Her kjem fenomenet avstand inn. Dersom ein node er knytt til ein annan gjennom ein tredje, er det to linjer eller ledd mellom dei. Dermed seier ein at node B er på avstand 2 til node A. Dersom avstanden blir på meir enn 2 misser relasjonen fort betydning og er derfor skjeldan relevant (Scott, 2012b:37-38). Slike relasjonar kan likevel vere viktige fordi mellomledd kan gi nettverket nye relasjonar som kan tilføre ny informasjon. Granovetter (1973) argumenterte for nettopp slike svake relasjonar i sin artikkel «The Strength of Weak Ties», der han peika på at svake relasjonar kunne vere viktig for å knyte nettverket til andre nettverk og dermed nå ut til og påverke fleire. Når det seinare vert nytta nettverksanalyse på datamaterialet i dette prosjektet er de kommunikasjonen mellom aktørane som danner grunnlaget for relasjonane.

3.2.2.1. Makro og mikro-analyse

Analysane som vert gjort i dette prosjektet vert gjort i to ledd. Først vert det sett på trekk ved den heilskapelege strukturen til nettverket og etterpå trekk ved posisjonane til dei enkelte aktørane og relasjonane mellom dei. Dette vert kalla makro og mikro-analyse (Scott, 2012b:39). I analysen av den heilskapelege strukturen vert det sett på dei overordna mønstra i nettverket. Først vert nettverket kommentert i forhold til sosiogrammet og eigenskapane i det som er forklart over. Det vert altså sett på korleis kommunikasjonen flyt i nettverket. I tillegg vert det gjort analysar av tettleik og sentralisering og kva type aktørar som er mest i kontakt med kvarandre.

Tettleiken i eit nettverk gir informasjon om kor mange av dei moglege relasjonane som faktisk vert utnytta i nettverket, eller med andre ord, kor mange moglege relasjonar er aktive. Ein ser då på talet på ledd som faktisk fins i nettverket i forhold til talet på ledd som mogleg kan eksistere i nettverket (Borgatti et al., 2013:150). Tettleiken kan påverke kor lett informasjon vert spreidd i nettverket. I eit tett nettverk har informasjon høve til å verte spreidd raskt og i eit

mindre tett nettverk kan det ta lenger tid. Som eit supplement til tettleiksanalysen vert den gjennomsnittlege geodetiske avstanden mellom nodane målt. Som forklart over viser avstanden mellom aktørane kor mange ledd dei må gjennom for å nå kvarandre. Den geodetiske avstanden viser kortaste rute mellom to nodar. Den gjennomsnittlege geodetiske avstanden kan dermed seie oss noko om kor lang tid det tek for informasjon å vandre frå ein node til ein tilfeldig annan node (Borgatti et al., 2013).

Sentralisering vil seie om nettverket er dominert av ein eller få nodar. Eit nettverk med svært høg sentraliseringsindeks vil sjå ut som ei stjerne, der ein node står i midten med ledd ut til dei andre. Ein måler då altså kor vidt nettverket liknar ei stjerne (Borgatti et al., 2013:160).

I mikro-analysar tek ein eit steg nærare og studerer aktørane og relasjonane mellom dei. Det er interessant å sjå nærare på kva slags posisjonar dei ulike nodane har i nettverket. Nokre nodar er kanskje i kontakt med dei fleste andre nodar i nettverket, medan andre nodar kan ha kontakt med få eller berre ein annan node. Denne informasjonen seier oss noko om kva rolle noden har i nettverket. Dersom ein node har kontakt med svært mange er den sentral i nettverket og kan nå ut til mange med informasjon og påverknad. Dersom noden er kontaktleddet mot nettverket for andre nodar kan den sentrale noden også stanse informasjonsflyt. Det vil seie at sentrale posisjonar i eit nettverk kan gi makt og ha stor nytteverdi for ein node og er ei kjelde til sosial kapital (Borgatti et al., 2013:164). Benoît Dupont (2006) peikar på at jo meir sentral posisjon ein node har dess fleire moglegheiter har den, dess mindre motstand opplever den og jo meir innverknad kjem frå posisjonen. Makta som kjem frå sentrale posisjonar er til ei viss grad avhengig av tettleiken til nettverket, men også nettverk som har distribuert makt i undergrupper kan oppleve nodar med mykje innverknad (Dupont, 2006:175).

Sentralitet er eit interessant mål som direkte måler kva posisjon den enkelte aktøren har. Ein kan seie at ein node sin sentralitet seier noko om kor mykje denne noden bidreg til strukturen i nettverket (Borgatti et al., 2013:164). Det fins fleire ulike måtar å rekne ut sentralitet på, men i dette prosjektet vert grads-sentralitet brukt sidan eg har avgrensa tilgang til informasjon. Gradsentralitet er eit relativt enkelt mål på sentralitet og kan reknast ut utan å ha informasjon om heile nettverket noden fins i. Det seier noko om kor mange band noden har, altså i dette tilfelle, kor mange av nodane i nettverket aktøren er i kontakt med (Borgatti et al., 2013:165). Sidan sentralitet skal seie noko om posisjonen til noden i nettverket, meiner somme at gradssentralitet ikkje er eit tilstrekkeleg mål på sentralitet nettopp fordi ein kan nytte målet utan å ha fullstendig informasjon om nettverket. Målet gjer ikkje forskjell på om ein node er

bindeleddet mellom nodar som ikkje elles har kontakt med kvarandre eller om dei andre nodane og har kontakt med kvarandre utanom. Likevel har gradssentralitet den fordel at målet kan tolkast i alle nettverk, også der ein ikkje har fullstendig informasjon (Borgatti et al., 2013:167-168). Dersom ein tolkar sentraliteten i gradssentralitet til å bety kor stor innverknad denne noden har gjennom ledda sine, framfor å tolke det som at denne noden er uunværlig for kontakten i nettverket, gir målet meining.

I tillegg til gradssentralitet vert det i dette prosjektet og sett på mellomleddsentralitet eller «betweenness centrality», noko som kan bidra til å rette opp i utfordringa til gradssentraliteten. Mellomleddsentralitet måler om nodar har roller som mellomledd. Det vil seie at noden står midt i mellom to andre nodar som ikkje elles har kontakt. Aktørar som har ein slik posisjon har stor kontroll i nettverket fordi dei har potensiale til å styre informasjonsflyten eller endre informasjonen før den blir vidaresendt. Dersom desse aktørane skulle forsvinne ut av nettverket står nettverket i fare for å løyse seg opp (Borgatti et al., 2013:175). Særleg gjeld dette i eit nettverk der det er vanskeleg å danne nye relasjonar, til dømes dersom aktørar ikkje veit om kvarandre. Analysen av mellomleddssentralitet viser kor ofte ein bestemt node ligg midt på den kortaste ruta mellom to andre nodar. Dersom verdien er null er aldri denne noden på den kortaste ruta. Nodane med dei høgste verdiane er oftast på ruta mellom andre nodar (Borgatti et al., 2013:174).

3.3. Koordinering og harmonisering

Nettverksanalysen vert nytta til å studere dei norske aktørane i Malawi. I diskusjonen av nettverket i norsk samanheng er tre omgrep særleg sentrale og vert utdjupa her. Omgrepet koordinering har ein sentral plass i den overordna diskusjonen til heile prosjektet. Også omgrepet kommunikasjon er viktig fordi det er kommunikasjonen som vert målt og som danner grunnlaget for relasjonane. Kunnskapshandtering er eit omgrep som dukkar opp i litteraturen om relasjonar mellom utviklingsaktørar og som viser til ein bestemt form for kommunikasjon.

3.3.1. KOORDINERING

Harmonisering er eit omgrep som vaks fram i Paris-deklarasjonen og som handlar om å gjere utviklingsinnsatsen frå mange land meir straumlinjeforma gjennom samarbeid og felles strukturar. I dette prosjektet vert omgrepet koordinering nytta framfor harmonisering fordi det vert forstått som harmoniseringsprinsippet sett ut i livet. Innsatsen til givarane vert harmonisert gjennom å koordinere dei ulike kanalane og samarbeide om strukturar og metodar.

Harmonisering vert i størst grad nytta om harmonisering mellom større givarar eller donorar som til dømes land, multilaterale og internasjonale organisasjonar, men gjennom dei seks komponentane som vert forklart lenger nede kan det like gjerne vere relevant innanfor eitt land. Tanken bak, med ideen om forenkling av program og koordinering, er relevant for aktørar av alle størrelser og former. Som det kom fram i rapporten av Abuom et al. (2012) er innsatsen til norske aktørar i liten grad er koordinert på landnivå, særleg den delen som kjem gjennom frivillige organisasjonar. Også i OECD-evalueringa (2014) kom det fram at norske midlar som vert kanalisert gjennom sivilsamfunnsorganisasjonar i liten grad er samanhengande. På bakgrunn av desse rapportane verkar det relevant å undersøke koordinering og kommunikasjon også mellom norske aktørar som arbeider i eit land.

Likevel er koordinering eit meir handfast og tydeleg omgrep, og sidan vi her i størst grad skal vise til den norske sektoren vert det meir ryddig å nytte koordinering framfor harmonisering. Ein stor forskjell mellom dei to omgrepa er at medan begge omgrepa handlar om å jobbe saman eller jobbe på same måte, kan harmonisering antyde at ein skal gå lenger og også tenke likt. Koordinering er på denne måten eit enklare omgrep fordi det ser på handlingane heller enn haldningane. For å setje koordineringsomgrepet inn i konteksten vert harmonisering likevel forklart kort, før sjølve koordineringsomgrepet vert utleidd.

Paris-deklarasjonen fastslår at harmonisering av bistandsinnsats er eit viktig steg på vegen mot betre resultatoppnåing i utviklingsarbeid. I deklarasjonen er omgrepet harmonisering definert slik: «Det burde fokuserast på motstrømsanalyser, felles evalueringar, felles strategiar, koordinering av politisk engasjement; og praktiske initiativ som etablering av felles donorkontor»(OECD, 2008:7, eiga omsetjing). Matthew Winters definerer harmonisering som «at donorar arbeider kollektivt for å forfølge etablerte nasjonale utviklingsmål» (Winters, 2012:317, eiga omsetjing). Paris deklarasjonen (OECD, 2008:6-7) bryt harmoniseringsprinsippet ned i seks komponentar:

1. Der det er gjennomførleg bør felles prosedyrar for planlegging, finansiering, utbetalingar, kontroll, evaluering og rapportering til styresmakter om donoraktivitetar og bistandsflyt implementerast.
2. Samarbeid om å redusere talet på separate, dupliserte prosjekt i felten, samt samarbeid om opplæring, deling av erfaringar og oppbygging av eit kunnskapfellesskap.
3. Delegering av autoritet til ein leiande donar som kan fordele ansvar, aktivitetar og oppgåver.

4. Best mogleg tilpassing til sentrale strategiar leidde av styresmaktene, eller i det minste gjere best mogleg nytte av land-, region-, sektor- eller ikkje-statlege system.
5. Unngå aktivitetar som undergrev nasjonal institusjonsbyggjing
6. Nytte varierte instrument

Over til koordinering, som i følge Per Læg Reid med fleire (Læg Reid et al., 2015:928-929), er eit tvetydig konsept. På den eine sida kan koordinering, forstått som godt samarbeid, vere eit utfall. På den andre sida kan koordinering som gjer samarbeidet enklare, vise til koordinering som ein prosess. Frå eit analytisk perspektiv låner Læg Reid et al ein definisjon frå Verhoest og Bouckaert som ser koordinering som «den meiningsfulle samkøyinga av oppgåvene og innsatsen til einingar eller aktørar, for å oppnå eit definert mål» (Læg Reid og Rykkja, 2015:929, eiga omsetjing). Målet med koordinering er å gi meir samanhengande politikk gjennom å redusere overskot, tomrom og motsigelsar innanfor og mellom politikk mål.

I utviklingsarbeidet handlar harmonisering av organisasjonar mykje om det å koordinere innsatsen til ulike aktørar, slik at innsatsen vert sameint og heilskapeleg. I dette prosjektet ligg interessa på koordinering som skjer mellom organisasjonar i norsk samanheng, og på korleis norsk utviklingssektor stiller seg til koordinering som konsept. Når koordinering skjer mellom organisasjonar kallar ein det interorganisasjonell koordinering. Altså koordinering av organisasjonar som i utgangspunktet er uavhengige av kvarandre. Charles L. Mulford og David L. Rogers definerer interorganisasjonell koordinering som «prosessen der to eller fleire organisasjonar skaper og/eller nyttar eksisterande etablerte avgjerdsreglar, for å kollektivt handtere felles oppgåve-omgjevnader» (Mulford og Rogers, 1982:12, eiga omsetjing).

3.3.2. KOMMUNIKASJON

Ei rekke ting kan overførast mellom organisasjonar, til dømes kunnskap, ressursar og personell, og i aller enklaste form består relasjonar av kommunikasjon. Konseptet kommunikasjon vert i dette prosjektet nytta som eit mål på relasjonar. Kommunikasjon er ein sentral faktor for at koordinering skal fungere. For å kunne ta del i eit nettverk i praksis, er det behov for at dei ulike aktørane og styresmaktene kommuniserer med kvarandre i utstrakt grad. Kommunikasjon er den minste byggjesteinen i samarbeidet. Ei undersøking av kommunikasjonen viser kva aktørar som deltek aktivt i kommunikasjon med andre norske aktørar og kva aktørar i nettverket som har viktige posisjonar. I dette prosjektet vert derfor kommunikasjonen mellom aktørar nytta til å seie noko om nettverket som fins.

Omgrepet vert i si reinaste form definert av Jacobsen og Thorsvik som: «den prosessen der personer eller grupper sender eller utveksler informasjon.» (Jacobsen og Thorsvik, 2013:251). Vidare argumenterer dei likevel for at kommunikasjon er meir enn berre utveksling av informasjon, det er også overføring av idear, haldningar og kjensler frå ein person eller gruppe til ei anna. For å studere kommunikasjon mellom ulike partar nærare kan ein bryte omgrepet opp i tre delar: «avsendar», «mottakar» og «melding». For å seie noko om kommunikasjon må ein finne informasjon om alle desse tre (Jacobsen og Thorsvik, 2013:251-252). Avsendaren og mottakaren er dei som tek del i kommunikasjonen medan meldinga er det som vert formidla eller overført mellom partane.

I dette prosjektet vil kommunikasjonen mellom aktørane vere forstått slik som Jacobsen og Thorsvik definerer det, og i datainnhentinga vert det henta inn informasjon om avsendar, mottakar og melding. Spørsmåla som vert stilt i datainnhentinga spør mellom anna respondenten om kven dei har kommunisert med og kven som har teke initiativ til kommunikasjonen.

Kommunikasjon vert forstått som at aktørane utvekslar informasjon som har betydning for organisasjonen. Sjølv kontakt punktet mellom aktørane kan ha oppstått i formelle eller uformelle situasjonar. Det som er viktig for undersøkinga er at kommunikasjonen som har oppstått har betydning for aktørane si utøving av eit prosjekt. Det er ikkje interessant for prosjektet å undersøke tilsette ved organisasjonar og bedrifter sine personlege vennskap og kjennskap, men ofte kan det oppstå viktige kontaktpunkt mellom aktørar i situasjonar som i utgangspunktet var sosiale. Særleg er det kanskje nærliggjande å tru at norske enkeltindivid som arbeider i eit anna land oppsøker andre nordmenn på tvers av kvar dei arbeider. Det kan ha oppstått viktige band mellom organisasjonar og bedrifter i slike sosiale situasjonar.

3.3.3. KUNNSKAPSHANDTERING

Når ein studerer utviklingssektoren er det interessant å sjå på teoriar som skildrar aspekt som er spesifikke for denne sektoren. Governance-teori handlar mykje om at ikkje-statlege aktørar vert tekne inn i styringsstrukturen. I utviklingssektoren er slike aktørar særleg viktige sidan dei står for mykje av implementeringa av utviklingspolitikken. Dei har ofte også eit stort fokus på nettverk.

Dinesh Rahti, Lisa M. Given og Eric Forcier introduserte i 2014 omgrepet kunnskapshandtering etter å ha undersøkt graden av kunnskapsdeling mellom ideelle organisasjonar. Rahti et al meiner at interorganisasjonelle partnerskap er viktig for alle typar organisasjonar og bedrifter,

men ekstra viktig for ideelle organisasjonar. Det kjem av at desse organisasjonane har mindre ressursar og er dermed avhengige av midlar, informasjon og kunnskap frå andre organisasjonar for å kunne oppnå måla sine. Forfattarane nyttar omgrepet «knowledge management» eller på norsk kunnskapshandtering, og legg vekt på kor viktig det er for organisasjonar å stadig finne nye kjelder til kunnskap for å fornye seg og følgje med på endringar i samfunnet (Rathi et al., 2014:867-868). I artikkelen vert kunnskapshandtering definert som «Ein prosess som involverer skaping, oppfatning, organisering, lagring og formidling av kunnskap, for å auke prestasjonsevna ved å nytte organisasjonelle ressursar på ein betre måte.» (Rathi et al., 2014:870, eiga omsetjing).

Kunnskapsdeling på måten Rathi et al skildrar det er noko av det som bistandsorganisasjonar med same nedslagsfelt ville ha stor nytte av og er ei årsak til å koordinere meir i bistandssektoren. I dette prosjektet er nettopp kommunikasjon informasjonsdeling mellom norske aktørar innanfor utvikling eit viktig tema. Kunnskapshandtering er derfor eit interessant omgrep å ta med seg inn i analysen av relasjonane mellom norske aktørar i Malawi.

3.4. Norske aktørar i ein internasjonal samanheng

Harmonisering- og alignment-omgrepet er viktige når ein ser dei norske aktørane i ein internasjonal samanheng. Det er derfor interessant å sjå på kva norske aktørar møter i arbeidet sitt i og med andre land. Korleis norske aktørar stiller seg til malawiske styresmakter, lokale organisasjonar og aktørar frå andre land er interessant her. Fokuset ligg framleis på dei norske aktørane, men i denne delen vert det sett meir på korleis dei stiller seg til eit internasjonalt miljø.

3.4.1. ALIGNMENT

Det fins ikkje noko god, norsk oversetting av omgrepet alignment, men det betyr noko liknande som «å stille seg på linje med». Ein kan forklare det som at givarane stiller seg på same linje som mottakar eller partner i det landet dei arbeider i. I dette prosjektet er det valt å nytte det engelske ordet alignment for å tydeleggjere at det er dette omgrepet som vert omtalt. I følgje Christiansen et al (2004) kan alignment definerast som:

Å stille seg på linje med partnerar sine prioriteringar, og bruk av dette landet sine system. "Alignment" viser dermed til eit sett praksisar der givarorganisasjonar nyttar mottakarlandet sine strategiar, politikk, og prioriteringar (vanlegvis gjennom budsjett) som ein vegvisar for prioriteringane i eigen assistanse, og der givar-organisasjonar nyttar mottakarlandet sine administrative (og andre) system for å styre bistanden.

(Christiansen et al., 2004:14, eiga omsetjing)

I motsetnad til harmonisering som fokuserer på at ein skal arbeide saman og tenke likt, handlar alignment om eigarskapet til arbeidet. Det er ønskja at mottakarlandet skal kjenne eigarskap for at dei sjølve skal kunne byggje vidare på den hjelpa dei får utanfrå. Christiansen et al (2004:15) meiner alignment-agendaen er brei nok til å kunne favne om ulike typar alignment. System alignment betyr å vere på linje med dei systema som fins i mottakarlandet. Til dømes kan ein jobbe gjennom nasjonalbudsjettet og lokale administrative system i staden for å jobbe med parallelle system. Policy alignment betyr at ein stiller seg på linje med dei prioriteringane den lokale styresmakta har gjort. Christiansen et al (2004:16) observerer at system alignment er lite prioritert medan policy alignment er meir prioritert.

Alignment vert sagt å vere ein viktig del av effektiviseringa av utviklingsarbeidet, men det er inga enkel øving og det fins mange feller å gå i. Eit par utfordringar er særleg framtrudande i litteraturen og det å sjå på desse gir eit godt innblikk i korleis alignment utspelar seg i praksis. Dei tre første følgjande aspekta fungerer i dette prosjektet som ei operasjonalisering av alignment og vert i analysen nytta som utgangspunkt for diskusjon av funna. Det siste aspektet kjem meir innanfor harmoniseringsprinsippet med sitt fokus på koordinering mellom ulike land, men er og ein viktig del av arbeidet med alignment. Det vert difor teke med her.

3.4.2. PARTNARSKAP OG LIKEVERD

I tillegg til tilpassing til lokale system favnar alignment og om det å gå i partnerskap med mottakarlandet. Det kan til dømes handle om det at internasjonale organisasjonar nyttar lokale organisasjonar til gjennomføring av prosjekt. Partnerskap er eit tema som har vore framtrudande i utviklingslitteraturen. Alessi Contu og Emanuela Girei definerer partnerskap slik: «Partnerskap er eit mykje brukt omgrep, som i "management"-studiar, definerer interorganisasjonelle relasjonar (IOR) som går utover vanlege kontraktfesta og hierarkiske avtalar» (Contu og Girei, 2014:206, eiga omsetjing). Når det gjeld alignment er det særleg viktig at givarar skal legge til rette for lokalt eigarskap på nasjonalt styringsnivå, men og på lokalt styringsnivå og i partnerskap med frivillige organisasjonar. Dei aller fleste norske aktørar som arbeider i andre land arbeider i lag med lokale partnerar.

Eit viktig poeng når det kjem til alignment er at arbeidet ikkje skal vere drive utanfrå, men vere drive på mottakaren sine premissar. I eit partnerskap mellom ein givar-organisasjon og ein mottakar-organisasjon er det derfor viktig å vere merksam på rollefordelinga. Er partnerskapet likeverdig eller er det berre den eine organisasjonen som set premissane? Om partnerskapet ikkje er likeverdig er det eit problem for alignment-prinsippet. Dersom givar-organisasjonen stadig har mest kontroll vil mottakarorganisasjonen kunne verte redusert til ein passiv mottakar

som vert avhengig heller enn sjølvstendig. Contu og Girei undersøkte korleis partnerskap mellom internasjonale organisasjonar og lokale styresmakter påverkar likskapsforholdet mellom nordlege og sørlege organisasjonar i bistandsprosjekt. Dei observerte at trass i at målet med partnerskapa er egalitære samarbeidsforhold, er ofte ikkje partnerskapa likeverdige i realiteten (Contu og Girei, 2014:206-209).

3.4.3. TILLIT OG GJENSIDIG ANSVAR:

Tillit er ei sentral problemstilling innanfor alignment. For at givarar skal kunne alligne seg med styresmakter i mottakarlandet ønskjer dei å kunne stole på systema og planane dei må forhalde seg til. Samstundes må mottakarlandet kunne stole på at givarane arbeider etter det som er til det beste for mottakarane. Ein kan kanskje ikkje rekne med å oppnå fullstendig tillit i eit partnerskap, men det fins grader av tillit og ein kan iallfall klare å arbeide saman.

Ein kan fort tenkje at i eit land som Malawi, der ein har opplevd ei politisk krise som Cashgate, har det skjedd eit tillitsbrot mellom givar og mottakar som gjer alignment umogleg. Dei aller fleste land trakk ut budsjettstøtta si til landet, men mange donorar gir likevel midlar til landet gjennom sivilsamfunnet og må derfor i stor grad forhalde seg til styresmaktene. Dersom givarar misser tilliten til mottakaren, kan ein oppleve at dei opprettar parallelle tenestetilbod utanfor det statlege systemet og implementerer prosjekt gjennom «state avoiding systems». Dersom dette gjeld mange givarar vil det opprettast ei rekke slike system med separate tilnærmingar. Det som då kan skje er at staten ikkje klarer å utvikle kapasiteten sin, den misser legitimitet og dei sentrale oppgåvene til styresmaktene, som å utvikle eit reellt statsbudsjett blir irrelevante. Ved å arbeide med staten sine system kan ein også hindre at mottakarstaten er meir ansvarleg overfor donorane sine enn overfor innbyggjarane sine. (Christiansen et al., 2004:17).

I mange mottakarland kan ein og oppleve at aktørar i landet ikkje har tillit til dei internasjonale aktørane som kjem inn for å hjelpe. Denne mangelen på tillit til givarland, som donerer millionar av kroner for å betre lokale tilhøve, kan verke malplassert, men har faktisk sin plass i Paris-avtalen. Tillitsproblematikken er nært knytt til eit av dei fem punkta i Paris-deklarasjonen, «mutual accountability» eller gjensidig ansvar. Det er rett av givarar å halde mottakarlandet til ansvar, men ansvaret skal og gå andre vegen. Mottakarlandet skal kunne ha tillit til at givarane arbeider på ein effektiv og god måte. Det skal ikkje vere slik at mottakarane må godta halvgode prosjekt for å få støtte frå donorar. Ofte går ansvarskravet oppover frå mottakar til givar på bekostning av ansvarskravet nedover frå givar til mottakar. Styrka alignment kan gjere det gjensidige ansvaret betre. Likevel er gjensidig ansvar noko som er vanskeleg å få til i praksis

både i Paris-deklarasjonen og for givarland som Noreg (Hechler og Tostensen, 2012, Christiansen et al., 2004:17, OECD, 2014:72).

3.4.4. FORHOLDET MELLOM STAT OG SIVILSAMFUNN

Alignment i forhold til lokale styringsmakter betyr at donorane må forhalde seg til lokale styresmakter sine planar og system. I tilfelle der donorane sender midlane gjennom frivillige organisasjonar kan dette skape ei spenning mellom sivilsamfunn og styringsmakter. Sivilsamfunnet si oppgåve er å vere ein vakthund overfor staten i tillegg til å hjelpe staten. Balansen er skjør og det kan fort gå over til at staten vil forsøke å kontrollere sivilsamfunnet. Stein Villumstad (2005) presenterer eit rammeverk, Fire C-modellen, der han identifiserer fire typar relasjonar mellom stat og sivilsamfunn. Den første er «Conflict», ein situasjon der stat og sivilsamfunn stadig er i konflikt og det ikkje fins nokon konstruktiv interaksjon mellom dei. Den andre relasjonen er Challenge, utfordring, der sivilsamfunnet utfordrar staten sine haldningar og set søkjelyset på forhold dei meiner er kritikkverdige. Ein kan gjerne nytte ordet «advocacy» om denne relasjonen (Villumstad, 2005:47-48).

Den tredje relasjonen er Cooperation, eller samarbeid der sivilsamfunnet til ei viss grad er innblanda i tenesteytinga. Dersom staten og sivilsamfunnet klarer å ha ein dialog og ei arbeidsfordeling om tenestene, er det nyttig både for både staten og sivilsamfunnet. Den fjerde relasjonen mellom stat og sivilsamfunn er Cooptation, der staten absorberer sivilsamfunnet og nesten kontrollerer det etter sin eigen agenda. Sivilsamfunnet kan få belønning eller straff etter som staten likar oppførselen deira. Dette kan føre til at sivilsamfunnet ikkje lenger tør å seie mot staten noko som truar det frie demokratiet. Challenge og Cooperation bidreg til eit sunt demokrati med eit aktivt og deltakande sivilsamfunn medan Conflict og Cooptation er faremoment i eit demokrati (Villumstad, 2005:49-51).

3.4.5. KOORDINERING AV GIVARAR FRÅ ULIKE LAND

Dei globale aspekta ved governance-teoriar kjem godt fram i utviklingssektoren. Det ligg i sjølve naturen til utviklingsarbeidet at internasjonale forhold er viktige og at norske aktørar til ei kvar tid må tilpasse seg til aktørar frå andre land. Også i handteringa av utviklingsarbeid på internasjonalt nivå er det nyttig å bruke teoriar om nettverk og koordinering. Arnab Acharya et al. (2006) skildrar korleis det har skjedd ei veldig rask auke i talet på donorar og bistandsaktørar som arbeider i sektoren sidan 1975. I følgje Acharya et al. samhandlar medianen av styresmakter i mottakarland med 23 ulike offisielle donorar. Dersom ein ikkje får til å

koordinere utviklingsarbeidet frå ulike givarar, står både mottakarlandet og det internasjonale utviklingssamfunnet overfor store utfordringar.

Utfordringa Acharya et al. er mest oppteken av er at transaksjonskostnadane for mottakarlandet i samhandlinga med alle desse aktørane aukar svært mykje dess fleire aktørar som er involverte. Problemet har vore kjent i litteraturen lenge: å implementere mange ulike donorfinansierte prosjekt med forskjellige mål og krav om rapportering tek opp alt for mykje tid (Acharya et al., 2006:2-3).

Transaksjonskostnadane Acharya refererer til er til dømes at kvart prosjekt krev eigne forhandlingar og leiing og har eigne rapporteringskrav. Dei som arbeider for dei lokale styresmaktene må bruke tida si på å lage og vedlikehalde relasjonar til mange givarar og justere seg til ulike krav, språk, politikk-mål osv. Mathew Winters (2012:319) skildrar korleis Kamerun opplevde dette i 2004 då dei skal ha:

[...]teke imot 400 ulike prosjektoppdrag og samhandla med seksti leiings-grupper frå 14 ulike givarar (Evben 2007). Desse direkte transaksjonskostnadane tek styresmaktene si merksemd frå andre saker og kan lett bety duplisering og altså bortkasta menneskelege og finansielle ressursar for styresmaktene.
(Winters, 2012:319, eiga omsetjing)

Indirekte transaksjonskostnadar kan til dømes vere at bistandsaktørar eller givarar i eitt område betalar sine tilsette betre enn lokale styresmakter. Tilsette i det offentlege kan då ønskje å bytte til betre betalte jobbar innanfor bistandsarbeid. Veldig mange aktørar med konkurranse mellom seg kan og føre til dårlege kår for alle forsøk på koordinering. Det viktigaste av alt: når det fins mange aktørar kan det føre til at ingen kjenner ansvar for utfallet av utviklingsarbeidet. Ein vil alltid kunne skulde på nokon andre og det er lett å fokusere på eigne gode resultat, sjølv om det fører til dårlegare resultat for den samla innsatsen (Acharya et al., 2006:7). I tillegg til transaksjonskostnadane fører mange givarar også til utviklingsproblem for styresmaktene i mottakarlandet. Winters skildrar korleis dei kan oppleve å miste oversikta over dei mange prosjekta i landet. Innsatsen kan verte konsentrert i visse områder og ein kan i sum oppleve at dei overordna måla for utvikling ikkje vert møtt (Winters, 2012:319)

Koordinering er ei løysing ein har nytta for å bøte på problemet med for mange givarar. Det er prøvd mange ulike former for koordinering, men mange av dei fungerer dårleg. Winters (2012:319) observerer særleg nokre typiske barrierar som kan hindre koordinering: 1. at givarane har eigeninteresse blanda inn i utviklingsstrategien sin, noko som påverkar viljen deira

til å koordinere seg med andre givarar. Dei er opptekne av at alle skal vite at innsatsen dei legg inn kjem frå nettopp denne givaren. 2. Det fins ei rekke ibuande byråkratiske barrierar hos dei ulike givarane som motarbeider evna til å koordinere. Standardprosedyrar kan vere vanskelege å endre, og dersom dei skal koordinere kan donorar verte bedne om å endre på prosedyrane sine for å likne meir på dei andre givarane. 3. Mottakarlandet ønskjer gjerne ikkje å arbeide for full harmonisering mellom givarland i frykt for å miste autonomien sin. Dersom det i tillegg til harmonisering vart fokusert på full alignment, ville ikkje dette vore eit problem, men slik er ikkje situasjonen (Winters, 2012:319-321).

Koordineringsløysingane er i følge Acharya et al. konservative strategiar. Dei går ut frå problemet med for mange aktørar tilstade og prøver å bøte på det med koordineringsstrategiar, i staden for å gjere noko med det faktiske problemet. Dei foreslår ei ny løysing der det internasjonale utviklingssamfunnet heller bør redusere talet på givarland som involverer seg i eit mottakarland. Kvant givarland må konsentrere utviklingshjelpa si på færre land og saman med resten av landa endre miljøet for utviklingsarbeid slik at det er mogleg å senke transaksjonskostnadane for mottakarlanda (Acharya et al., 2006:15-17).

Acharya et al meiner at bistand ville vere meir effektiv dersom den vart distribuert gjennom færre kanalar. Gjennom harmonisering av innsatsen til ulike givarar, både land, større og mindre organisasjonar, kan mottakarlandet forhalde seg til færre system og frigjere tid og ressursar til å arbeide med eigne planar for utvikling. Ein kan også då sikre at det ikkje er mange sprikande planar og mål for kva som skal oppnåast i landet, men at det er ei heilskapleg tilnærming til utvikling. Acharya et al såg at dei mottakarlanda som opplevde den verste fragmenteringa hadde donorar som var særleg tilbøyelege til å spreie bistanden. Dei konkluderer med at dersom dei verste «proliferators» («spreiarane» altså dei som er med på å spreie midlane tynt) konsentrerer utviklingsarbeidet sitt på færre mottakarar, vil det skje raske og store betringar for dei mest utsette mottakarane. Merk at Noreg kom på lista over dei verste «proliferators» i denne studien (Acharya et al., 2006:11-14).

3.5. Analytisk rammeverk

I denne oppgåva vert det gått ut frå Governance-teori og at nettverksstyring er ei form for styring som gjer politikken meir effektiv. Den teoretiske tilnærminga og perspektivet legg grunnlaget for vala som vert tekne (Yin 2011:30). Vidare vert eit analytisk rammeverk skildra, som viser korleis teorien vert nytta i analysen av data.

For å danne seg eit klart bilete av det ein ønskjer å studere, er det nyttig å definere, operasjonalisere og kategorisere. Over vart Governance, nettverk, koordinering og alignment definert og forklart. Ofte fins det ikkje noko openbart mål på eit fenomen som kan nyttast i ein analyse og ein teoretisk definisjon er oftast ikkje tilstrekkeleg for å identifisere empirisk materiale. Ved å operasjonalisere omgrepet kan ein likevel finne ein måte å vurdere fenomenet på. Etter å ha gjort ein teoretisk definisjon, kan ein bryte omgrepet ned i delar eller kategoriar ein kan måle eller vurdere (Grønmo, 2004:74). Under vert det forklart korleis dei teoretiske omgrepa frå dette kapittelet skal kunne seie oss noko om datamaterialet.

3.5.1. KVIFOR ER TEORIEN RELEVANT I NORSK UTVIKLINGSSEKTOR?

Grunnen til at det er interessant å trekkje linjer mellom teoriane om governance og den norske (og internasjonale) utviklingssektoren er at ein raskt kan sjå trekk i sektoren som liknar på kjenneteikna i governance. Berre ved eit overordna blick på sektoren kan ein sjå at den er «informational, global and networked» som skildra av Castells (2009:9). Det fins eit mangfald av studiar av utvikling både i Noreg og internasjonalt og forskingsmiljøet er stort. Det er ein sektor som lett får kritikk om den ikkje tilpassar seg ny forskning og nye situasjonar og er derfor stadig i endring. Sektoren er global både i eigenskap av arbeidet den gjer og på grunn av at det er eit arbeid som vert gjort i eit globalt samarbeid. Dei store konferansane som vert haldne for å effektivisere arbeidet er eit vitne om dette.

Ikkje minst er sektoren prega av nettverk. Den norske utviklingspolitikken vert til ei viss grad implementert gjennom at fleire aktørar får tilgang til midlar som dei forvaltar for å oppnå eit utviklingsmål. Dei tek dermed del i eit styringsnettverk som autonome aktørar, men både organisasjonane og staten er avhengige av kvarandre for å kunne produsere det felles formålet. Nettverket som vert danna mellom dei ulike aktørane, er interessant å studere fordi det seier noko om korleis eit formål vert implementert, kven som tek del i å utføre oppgåvene og korleis kommunikasjonen mellom organisasjonane er.

Eit større fokus på koordinering og straumlinjeforming av system og politikk har vore retningskapande i offentleg politikk dei siste tiåra og nettverk har etter kvart vakse fram som eit nytt styringsideal. Ved å sjå på dei store internasjonale konferansane om bistandseffektivitet, fokuset på partnerskap og framveksten av nettverksorganisasjonar kan det observerast at nettverkstankegangen har gjort seg meir gjeldande også i utviklingssektoren. I effektiviseringsagendaen ved High Level Fora on Aid Effectiveness vart det å ha meir koordinering sett på som ein måte å auke effektiviteten i utviklingsarbeidet.

Det norske utviklingsarbeidet er også frå offentleg hald i stor grad desentralisert, og ambassadane i dei aktuelle mottakarlanda har mykje av ansvaret for koordinering av personell og instrument, også til ei viss grad for partnerskap (OECD, 2014:19). Norske bistandsaktørar har stort fokus på det å delta i partnerskap og nettverk. Det offentlege Noreg samarbeider og med ei rekke ulike aktørar, og går i partnerskap med både statlege og ikkje-statlege aktørar. Dette kan vere multilaterale organisasjonar, det OECD spesifiserer som CSO-ar eller sivilsamfunnsorganisasjonar, og den private sektoren. Ambassadar i dei ulike landa, tek del i avgjersla om kva partnerskap som er best eigna i ulike situasjonar. Det norske offentlege utviklingsarbeidet passar dermed godt inn i Castells sin teori om at nasjonalstaten har endra seg til ein nettverksstat. Det går inn i internasjonale nettverk samstundes som det er meir desentralisert og ikkje-statlege aktørar har fått større roller i implementeringa av politikken.

3.5.2. PÅ MAKRONIVÅ

I dette prosjektet er det første målet å undersøke om det fins ein nettverksstruktur i den norske utviklingssektoren som kjem til uttrykk mellom dei norske aktørane i Malawi. Korleis flyt kommunikasjonen mellom dei? Første steg for å undersøke dette er å nytte nettverkskonseptet som ein praktisk metode for å analysere relasjonane. Det vert gjort ein nettverksanalyse av kommunikasjonen som flyt mellom aktørane: Kven er avsendar og mottakar? Kva er meldinga? Gjennom analysen kan det dannast eit bilete av nettverket som så kan analyserast på strukturnivå og på relasjonsnivå. Først vert det sett på nettverket på ei overordna strukturnivå, gjennom å sjå på trekk ved heile nettverket. Det vert sett på tettleiken og sentraliseringa. Definisjonen av nettverk, forklart over, vert vegeleiande for å undersøke om det er relevant å nytte nettverkskonseptet på casen i dette prosjektet. Det vert sett på om mønsteret er eit formelt nettverk eller om det er snakk om lausare nettverksordningar mellom ei gruppe aktørar.

3.5.3. PÅ MIKRONIVÅ

Vidare vert nettverket analysert på relasjonsnivå. Det vert no sett på trekk ved posisjonane til dei individuelle aktørane. Dei fire karakteristikkane til Burris et al. vert her nytta for å seie noko om evna til aktørane til å påverke situasjonen. I analysen av datamaterialet vert karakteristikkane nytta med omsyn til koordinering og samarbeid, ikkje alle oppgåver som nettverket skal implementere. Det vert altså ikkje sett på aktørane sine evner til påverke utviklingssituasjonen.

1. **Mentalitetar** – ein måte å tenke på situasjonen nettverket skal handtere
2. **Teknologiar** – metodar for å påverke det som skjer i situasjonen
3. **Ressursar** til å gjennomføre noden sine oppgåver og påverknad

4. **Institusjonar** – ein struktur som legg til rette for mobilisering av mentalitetar, ressursar og teknologiar over tid.

Etter analysen av nettverket er det mogleg å seie noko om governance som ei styringsform gjennom å sjå på om koordinering har eit fokus i den norske utviklingssektoren. Her vert nettverkskonseptet forstått som ein praktisk bruksteori, altså som eit verktøy i implementeringa av politikk. I analysen av datamaterialet vert dei tre kjenneteikna som Bevir nemner og dei fire familielikskapane frå Bevir og Rhodes nytta som utgangspunkt for eit sett med fem kjenneteikn som kan undersøkast vidare. Desse vert forsøkt identifisert i datamaterialet.

1. Hybrid styring som kombinerer administrasjon og hierarki med marknad og nettverk.
2. Styrima er desentralisert og går på tvers av styringsnivå
3. Politikken vert forhandla fram og implementert i samhandling med fleire aktørar. Ikkje-statlege aktørar vert inkluderte og grensene mellom sivilsamfunn og stat er utydlege.
4. Staten har ei mindre rolle i utøvinga av politikk, og det fins færre statsaktørar i dei lokale- og sektorbaserte institusjonane. Meir ei kontroll-rolle.
5. Normer og praksisar vert overførte som historier mellom aktørane i nettverket.

Kunnskapshandtering

Kunnskapshandtering er eit omgrep som av Rathi et al vert utpeika som særleg viktig i utviklingssektoren. Det vert derfor undersøkt om dette er eit aspekt som peikar seg ut i den norske utviklingssektoren. I datainnsamlinga er det stilt spørsmål om deling av informasjon og kunnskap mellom norske aktørar, noko som vidare vert diskutert i analysen.

3.5.4. NORSKE AKTØRAR I EIN INTERNASJONAL SAMANHENG

Til slutt i prosjektet skal det identifiserast kva utfordringar dei norske aktørane opplever i møte med det internasjonale utviklingssamfunnet i Malawi. Her vert den globale delen av governance-omgrepet rådande. Det er framleis snakk om koordinering og nettverk, men no i møte med aktørar frå andre land. I dette tilfellet gjeld det både dei malawiske styringsmaktene og lokale partnarar samt utviklingsaktørar frå andre land. Korleis dei norske aktørane klarer seg og kva utfordringar dei møter i den internasjonale samanhengen vert undersøkt gjennom å sjå på fem ulike aspekt.

1. Alignment: korleis arbeider dei norske aktørane for å tilpasse seg lokale system? Ligg fokuset på system alignment eller policy alignment?
2. Det vert sett på korleis partnerskap utspelar seg i Malawi. Korleis ser dei norske aktørane på det og korleis vert det oppfatta av lokale?

3. Tillitsspørsmålet vert diskutert i lag med gjensidig ansvar
4. Forholdet mellom stat og sivilsamfunn vert sett på i forhold til 4C-rammeverket til Villumstad.
5. Det vert sett på utfordringar med koordinering mellom givarar frå ulike land.

4. METODISK TILNÆRMING

Metoden som er brukt i dette prosjektet er prega av eit ønskje om å belyse ei brei problemstilling. I løpet av feltarbeidet gjorde eg meg erfaringar som viste at feltet var stort og omfattande og at fleire interessante problemstillingar gøymde seg under overflata. Utgangspunktet var å gjere ei nettverksanalyse, noko som og kravde fleire innfallsvinklar. På bakgrunn av dette er det nytta fleire metodar for å samle inn data. Resultatet er eit rikt datagrunnlag og interessante funn.

Prosjektet har ei abduktiv tilnærming. Denne tilnærminga liknar den induktive ved at observasjonar i empirien er utgangspunktet for å danne nye konsept eller teoriar, men teoriar og perspektiv spelar og inn i forkant eller under forskingsprosessen. Den abduktive tilnærminga ligg i følgje Aksel Tjora (2010:23-24, 155-157) tett opp til stegvis-deduktiv induktiv metode (SDI), som går ut på at ein jobbar seg etappevis frå rådata til konsept eller teoriar. Metoden er induktiv fordi ein jobbar frå data mot teori, men og deduktiv fordi ein sjekkar det teoretiske mot det empiriske medan ein jobbar. Med bakgrunn i tidlegare forskning og teoriar vart dette prosjektet starta med ein tanke om korleis situasjonen kan sjå ut. Ut frå dette vart det utvikla eit forskingsdesign til bruk i datainnsamlinga. Formålet er utvikle nye konsept som kan nyttast i vidare forskning. I følgje Alexander L. George og Andrew Bennett (2005:114-115) er den mest generelle typen funn ein kan få frå eit casestudie nye variablar, konsept eller teoriar om ei årsakssamanheng som kan gjelde alle tilfelle av ei større gruppe. Dei meiner at dette ofte kan vere nokre av dei viktigaste ein kan tilføre til forskinga.

Dette studiet har både ein kvantitativ og ein kvalitativ del. I den kvalitative delen, vert intervju og observasjon nytta til å seie noko om haldningar og karakteristikkar av dei norske aktørane. I den kvantitative delen svarer dei ulike norske aktørane på ei spørjeundersøking som gir innblikk i relasjonsmønstra mellom dei. Dette kapittelet byggjer og delvis på mine førebuande oppgåver i Aorg 322 og Aorg 323 frå våren 2015.

4.1. Case og utval

I dette prosjektet er målet å kunne seie noko om koordinering og kommunikasjon i den norske utviklingssektoren. For å kunne gjere det, vert det norske bilaterale arbeidet i Malawi nytta som case. Eg ser på korleis dei norske aktørane kommuniserer med kvarandre, aktørar frå andre land, lokale styresmakter, Norad og den norske ambassaden i Lilongwe. Det var gjort ei rekke vurderingar før valet av case og utval. Desse vert diskuterte i det følgjande.

4.1.1. CASE – NORSK BILATERALT UTVIKLINGSARBEID I MALAWI

For å angripe problemstillinga i masteroppgåva, vert det gjort eit casestudie av norsk bilateralt utviklingsarbeid i Malawi. Casestudiet som forskingsdesign kan vere uklart, og det samfunnsvitskaplege fagmiljøet diskuterer kva som skal reknast som eit case, og når det er eit nyttig design (Ragin og Becker, 1992). I følgje Robert K. Yin (2011:14) er casestudiet nyttig når 1. forskingsspørsmålet er eit korleis- eller kvifor-spørsmål, 2. fenomenet som vert studert er i samtida og 3. forskaren har lite, eller ingen, kontroll over fenomenet. Problemstillinga og temaet for denne oppgåva møter alle desse kriteria og eg ser det derfor som naturleg å nytte casestudiet som forskingsdesign.

Alexander L. George og Andrew Bennett definerer eit case som «an instance of a class of events» (George et al., 2005:17). Med dette er det meint at ein ikkje undersøker casen på grunn av at ein søker informasjon om nøyaktig dette tilfellet, men at ein søker informasjon som kan generaliserast til ei større gruppe. I denne oppgåva vil det seie at casen som vert undersøkt er eit eksempel på norsk utviklingsarbeid, og at eg søker å generalisere tilbake til den større norske utviklingssektoren. Nettverket mellom norske aktørar i Malawi er eitt tilfelle av mange nettverk mellom norske aktørar i ulike land. Nettverk mellom norske aktørar kan seie noko om koordineringa av den norske bistandssektoren. Kor vidt ein kan generalisere ut frå casestudier er omstridt og høvet til å generalisere ut frå dette prosjektet vil diskuteras nærare seinare i kapittelet.

Norsk bilateralt arbeid i Malawi er valt som case med utgangspunkt i tre hovudårsaker. Først og fremst var det ønskja å seie noko om nettverksrelasjonar i den norske utviklingssektoren. Det var naudsynt å velje eit bestemt land som Noreg arbeider i for å kunne sjå på forholdet mellom dei statlege og dei ikkje-statlege aktørane. Ved å sjå på eit bestemt land kunne eg både sjå på forholdet mellom Norad og ein ambassade, og i tillegg sjå på desse institusjonane sitt forhold til frivillige aktørar. Det kan vere at det fins andre forhold mellom Norad og andre ambassarar og organisasjonar i andre land, men som nemnt er det norske arbeidet i Malawi «an instance in a class of events».

For det andre var det norske arbeidet i Malawi undersøkt som eitt av fire område i «TRACKING IMPACT An exploratory study of the wider effects of Norwegian civil society support to countries in the South», ein rapport skriven for Norad av Agnes Abuom med fleire. Eit av problema dei oppdaga i arbeidet med denne rapporten var nettopp manglande koordinering mellom dei ulike norske aktivitetane. Malawi var eitt av landa der dei derimot såg noko koordinering og at det fanst ei lang rekke nettverksorganisasjonar (Abuom et al., 2012:59-60).

Forskarane som deltok i arbeidet med denne rapporten var berre tilstade i Malawi i ei veke. På denne veka skulle dei intervjuje norske aktørar og partnerar, styresmakter, uavhengige forskarar og journalistar, internasjonale organisasjonar og donorar. Dei skulle i tillegg studere dokument, rapportar og evalueringar og delta på workshops med lokale sivilsamfunnsorganisasjonar (Abuom et al., 2012:29). Eg hadde ein heil månad i Malawi og konsentrerte meg om dei norske aktørane og deira forhold til landet og resten av utviklingsmiljøet. Dette gav meg betre tid til å få lenger og djupare intervju, samt eit smalare fokus. Det gav meg og høvet til å tilføre noko nytt eller nyansere rapporten med ferske funn.

For det tredje er Malawi eit relevant og tilgjengeleg land. Det er eit interessant land på grunn av at er eit av dei fattigaste samarbeidslanda til Noreg og har vore ein samarbeidspartnar over ein lang periode. Det er og eitt av dei tolv fokuslanda i den nye strategien til norsk utviklingspolitikk. Den økonomiske situasjonen i landet, som vert skildra i bakgrunnskapittelet, gjer det til eit interessant case for forskning på norsk bistand. Det er eit land med store utfordringar og det er derfor svært mange aktørar frå ulike land tilstade. Dette gjer at det er stort behov for kommunikasjon. Malawi er også relevant fordi den store floraen av norske bistandsorganisasjonar som er tilstade i landet, samt den aktive norsk ambassaden gir grunnlag for datainnsamling. Også plasseringa av Malawi sør-aust i Afrika, der det tradisjonelt har vore mykje norsk bistandsarbeid, er viktig. I tillegg til at Malawi er eit interessant case, er valet av Malawi teke på bakgrunn av tilgjengelegheit. Malawi er eit tilgjengeleg land med tanke på feltarbeid. Eit viktig poeng er at landet er trygt og ikkje minst praktisk å opphalde seg og reise rundt i.

4.1.2. UTVAL AV AKTØRAR OG RESPONDENTAR

I oppgåva undersøker eg korleis norske aktørar kommuniserer med kvarandre om bistandsrelatert arbeid. Det er derfor naudsynt å gjere nokre avgrensingar av kva aktørar som vert rekna med i prosjektet. Vidare vert dette prosjektet sine fire utvalskriteriar presentert.

1. Ein del av norsk bilateralt utviklingssamarbeid

Det første utvalskriteriet er at aktørane skal vere ein del av den norske bilaterale utviklingssamarbeidet til Malawi. I bakgrunnskapittelet vart oppbygginga til norsk bistandssektor forklart meir utfyllande, men kort sagt er bilateral bistand overføringar som er tenkt brukt i bestemte land og dermed formidla direkte til landet i staden for gjennom store internasjonale og bilaterale organisasjonar (Norad, 2011). Det blir her sett på bilaterale

overføringer til Malawi gjennom norske aktører. Midlane kan kome både via Norad og via den norske ambassaden i Malawi (Norad, 2015d:6).

2. Inkludert i statistikken frå Norad

Det andre utvalskriteriet er at aktørane fins i statistikken til Norad. Utvalet av aktørar er gjort gjennom offentleg statistikk over norske overføringer. Statistikken er funnen gjennom Norad sin "Norsk bistand i tall"-portal (Norad, 2015b) og Utanriksdepartementet sin "Tilskuddsportal" (Utenriksdepartementet, 2015). Statistikken som vert offentleggjort i desse portalane byggjer på Norad-statistikk som i følge statistikkmanualen til Norad er "to be used as background material for parliamentary propositions, analyses, reports, evaluations, dissertations, articles, strategies, books etc." (Norad, 2015d:3). Både statistikken og manualen er nytta aktiv i førebuinga av datainnsamlinga for å sikre eit relevant utval.

3. Norske aktørar

Sidan det i dette prosjektet berre vert sett på dei norske aktørane er det her er gjort strenge avgrensingar i statistikk-materialet. Grunnen til dette er størrelsen på prosjektet og nærleiken til aktørane. Det er meir handterleg med eit mindre utval og det er lettare å kome i kontakt med norske aktørar. I tillegg ligg det ein tanke bak utvalet om at det er den norske utviklingssektoren som skal undersøkast. Dei norske bistandsaktørane er ein viktig del av den norske sektoren sjølv om det og er ei stor gruppe aktørar frå andre land som handterer norske bistandsmidlar.

I utvalsprosessen er det berre dei norske aktørane som er valt ut i statistikken frå Norad. Dette er gjort gjennom å velje "NGO Norwegian", "Norwegian Public sector" og "Norwegian Private Sector" i partner-kolonna i uttrekket. Dermed vart alle avtalar til partnerar innafor desse kategoriane trekt ut (Norad, 2015c).

4. Aktøren kan definerast som bistandsaktør og prosjektet som utviklingsprosjekt

I registeret som er nytta som utgangspunkt vert altså alle aktørar som har eit prosjekt i Malawi registrerte som aktørar. Ulempa ved å nytte denne utvalsmetoden er at alle registrerte norske prosjekt kjem med utan at alle kallar seg utviklingsprosjekt. Ved kontakt med dei, er det fleire som opplyser at prosjektet er avslutta eller at dei meiner dei ikkje høyrer inn under kategorien bistandsaktørar. Det var difor naudsynt å gjere vurderingar av kven som skulle reknast med i prosjektet. Under kjem først definisjonar av omgrepet utviklingsarbeid og bistandsaktør og vidare ei forklaring av dei vurderingar som er gjort.

Det første som kom opp var kva som vert rekna som bistand. Ein definisjon på omgrepet klarer opp dette. Bistandswiki, det norske oppslagsverket for bistandssektoren, definerer bistand og utviklingssamarbeid som det same, i dette prosjektet vert orda utviklingsamarbeid eller utviklingsarbeid i hovudsak brukt: «Bistand eller utviklingssamarbeid er betegnelsen på offentlige og private finansielle og andre materielle overføringer fra giverland til mottakerland i den hensikt å bistå regioner og stater, organisasjoner og grupper i deres sosiale og økonomiske utvikling for å fremme økonomisk vekst og bekjempe fattigdom.»(Bistandswiki, 2015a). Det betyr at ein aktør som har eit langsiktig mål om å bidra til sosial og økonomisk utvikling gjennom materielle og finansielle overføringer, arbeider med utviklingsarbeid. Dersom ein aktør ikkje direkte overfører finansielle midlar, overfører den gjerne materiale eller personale, som er finansiert av aktøren, med eit mål om sosial eller økonomisk utvikling. Derfor meiner eg at omgrepet også strekker seg til aktørar som bidreg med alternative prosjekt som bevisstgjering, kulturutveksling, utveksling av arbeidskraft, idear og kunnskap, så sant desse aktørane har sosial og økonomisk utvikling for enkeltindivid og samfunn som eit større mål.

Tradisjonelt tenker ein fort på bistandsorganisasjonar eller frivillige organisasjonar som har spesialisert seg på det å drive slikt arbeid. Likevel fins det fins og ei rekke andre aktørar som tek i mot midlar frå Norad eller ambassaden for å gjere utviklingsarbeid. Det er også andre typar organisasjonar som går innanfor "sivilsamfunnsorganisasjonane" til Norad, til dømes norske interesseorganisasjonar.

Mange organisasjonar ønskjer ikkje å falle under kategorien utviklingsarbeid og arbeider derfor på andre måtar som gir større likskap mellom mottakar og donor. Eg har i utgangspunktet valt å gjere eitt breitt utval der eg kontaktar stort sett alle aktørar på lista. Det er ikkje alltid så lett å finne informasjon om kva prosjekta handlar om, og eg er derfor i stor grad avhengig av å få tilbakemelding frå den aktuelle aktøren om kva dei arbeider med. Nokre aktørar har gitt tilbakemelding om at dei ikkje meiner at prosjektet er aktuelt for mi oppgåve, og eg har vore nøydd til å akseptere dette. Andre har gitt meg ei skildring av prosjektet og bedt meg avgjere det sjølv. Dei aller fleste prosjekta handlar om alternative måtar å oppnå utviklingsmål, anten dei er vinkla på den eine eller andre måten. Eg meiner at dei fleste av desse prosjekta er svært aktuelle i mitt prosjekt, nettopp fordi dei viser eit engasjement for å følgje alignment-prinsippet ved å fokusere på likskap mellom donor og mottakar. Det å ha med eit breitt utval av aktørar gir større grunnlag for å diskutere kommunikasjonen og nettverket mellom ulike aktørar. Det kan og vere interessant å sjå om det er variasjon mellom ulike grupper av aktørar og prosjekt.

Eit par konkrete vurderingar er gjort når det gjeld utvalet. Når det gjeld utvekslingsavtalar gjennom Fredskorpset vel eg så langt som mogleg å ta desse med i prosjektet fordi eg meiner dette også kjem inn under kategorien utviklingsprosjekt. Desse organisasjonane eller bedriftene tilbyr resursar til lokale sjukehus og bedrifter i form av personell for å hjelpe desse med å betre sitt tilbod, noko eg meiner er ei form for utviklingsarbeid. Mange bidreg dessutan med ressursar i tillegg. Ei anna form for prosjekt som eg i utgangspunktet vel å ikkje ta med i utvalet er forskingsprosjekt der norske aktørar deltek i lag med lokale aktørar. Desse prosjekta forskar gjerne på demokrati, menneskerettar, deltaking eller andre tema som på sikt har som mål å bidra til å betre temaet dei forskar på. Samstundes tilfører dei ikkje noko direkte til landet dei arbeider i, men meir til kunnskapen om landet. Det kan tenkast at prosjektet kunne kome inn under sektoren bistand til høgare utdanning då den norske aktøren gjerne stiller med ressursar i eit samarbeidsprosjekt mellom academia i to land. Likevel vert grensa for utviklingsarbeid, i dette prosjektet, trekt her. Aktørar som berre overleverer pengar vidare til andre organisasjonar vert heller ikkje tekne med, då eg ofte har fått kontaktinformasjon til dei aktuelle samarbeidsorganisasjonane og har kunna inkludere desse i utvalet. Eg har derimot valt å ta med ein paraplyorganisasjon som ikkje sjølv har prosjekt i Malawi, men som gjennom feltarbeidet viste seg å spele ei viktig rolle i nettverket.

Eit par aktørane har ikkje svart på undersøkinga, men er likevel teikna inn i sosiogrammet. Nokre fordi dei ikkje svarte innan fristen, andre fordi dei ikkje kom opp som aktuelle i starten av prosjektet. Desse aktørane har ikkje sjølve rapportert om sine band til dei andre aktørane, noko som kan gjere at, særleg ut-graden til desse nodane, kan vere underrepresentert. Grunnen til at dei likevel er tekne med i undersøkinga, er at andre aktørar har rapportert om dei, og informasjonen verkar grundig. Det var vurdert slik at det ville gitt eitt meir uriktig bilete å ta desse ut av nettverket enn å ta dei med. Dei følgjande aktørane tok ikkje del i sjølve spørjeundersøkinga, men vart rapportert om av andre aktørar: Atlas-alliansen, Norad, Fredskorpset, Redd Barna Noreg og Haukeland Sjukehus.

Atlas-alliansen var ein organisasjon som ikkje kom fram i utvalet, men var meir tilfeldig ein del av spørjeskjemaet i lag med ei gruppe aktørar som det, i ulike fora, kom fram at arbeider i Malawi. Det var mange som rapporterte at Atlas-alliansen var viktig og det var derfor naturleg å ta den med. Norad var, i motsetnad til ambassaden, ikkje inkludert i fordi det var vanskeleg å finn ein respondent med god nok oversikt over kontakten inn og ut av Norad til aktørar i Malawi. Respondentane frå ambassaden kommenterte det same, men det vart rekna som viktigare å få denne informasjonen direkte frå ambassaden enn frå Norad.

4.2. Datainnsamling

For å belyse problemstillinga, var det behov for informasjon om ei rekke ulike aspekt og datainnsamlinga har derfor gått føre seg i fleire ledd. I løpet av datainnsamlinga er det søkt å finne informasjon om aktørar og organisasjonar som tek del i nettverket, samt om dei meir sentrale organisasjonane som UD/Norad og den norske ambassaden på staden. Sidan det var behov for informasjon om både relasjonsmønster, og meir inngående informasjon om aktørane sine haldningar og karakteristikkar, var det naturleg å kombinere fleire metodar. I følgje Yin (2011:65-67) kan ein blande kvalitative og kvantitative metodar i same studie, og på den måten studere meir komplekse problemstillingar.

Datainnsamlinga har derfor skjedd gjennom feltarbeid med intervju og observasjon samt ei utfyllande spørjeundersøking. Ein kan seie at spørjeundersøkinga er ein del av case-studiet, heller enn at casestudiet er ein del av ei spørjeundersøking (Yin 2011:66). Kvalitative intervju og observasjon gir ei djupare forståing av korleis nettverket fungerer, korleis aktørar ser på verdien av koordinering og kva slags karakteristikkar dei ulike aktørane har. Den kvantitative spørjeundersøkinga gir ei god oversikt over nettverket med enkel og konsis informasjon, men bidreg og til forståinga av haldningar og karakteristikkar. Denne kombinasjonen av kvantitative og kvalitative metodar vert ofte kalla triangulering (Ringdal, 2007:96). Dei kvantitative dataa gir tal som lett kan analyserast og diskuterast, medan fordelene med kvalitative metodar er at ein kan studere eit omgrep eller konsept grundig utan å strekkje definisjonen av det. Mange nettverksstudiar brukar fleire metodar om kvarandre på denne måten for å få eit breitt bilete av nettverket dei studerer. Metodetriangulering er ein måte å gjere datamaterialet sterkare på ved at det kombinerer styrkane til metodane og dermed minimerer svakheitene. Det har også blitt ein meir tydeleg strategi for datainnsamling i nettverksstudiar dei siste åra (Wasserman og Faust, 1994:51; Nøkleberg, 2014(Scott, 2012a:4)). Dette studiet er gjort i eit tversnittdesign, som vil seie at data er samla inn på eit bestemt tidspunkt og ikkje over tid (Ringdal, 2007:127).

4.2.1. SPØRJEUNDERSØKING

Fordelen med å nytte spørjeskjemaet i lag med intervju og observasjon, er at ein får tak i store mengder informasjon frå fleire respondentar, og at ein har god kontroll på prosessen. Gjennom eit spørjeskjema styrer ein respondentane til å svare på akkurat det ein ønskjer svar på. Målet for denne spørjeundersøkinga var tredelt: 1. Finne informasjon til å teikne opp eit nettverkskart og på den måten kartleggje kva organisasjonar som kommuniserer med kvarandre. 2. Stille spørsmål som viser kva som karakteriserer dei organisasjonane som kommuniserer mest med

andre og om like organisasjonar kommuniserer meir. 3. Undersøkje kva haldningar organisasjonane har til koordinering, samarbeid og kommunikasjon.

Respondentane er i noko grad dei same som intervjuobjekta, men i langt fleire organisasjonar. I første kontakt med organisasjonen vart det bedt om kontakt med ein person som har god kjennskap til aktøren sitt prosjekt i Malawi. Det er relevant å nytte ein person som har god kjennskap til den praktiske utføringa av prosjektet, og som har oversikt over kommunikasjon mellom aktøren og andre. Slik dei fleste bistandsaktørar er organisert kan det sjå ut til at handtering av lokale prosjekt er knytt ganske spesifikt til ein person eller gruppe i organisasjonen.

Om ein skulle hatt leiarar i organisasjonen som respondentar ville ein nok oppleve at dei mangla kunnskap om den daglege kommunikasjonen med andre organisasjonar. Det er og ofte slik at det fins eit lite lokalt kontor med norske og lokale medarbeidarar som utfører mykje arbeid direkte frå prosjektlandet, og dermed har den beste oversikta over kommunikasjonen inn og ut av organisasjonen som gjeld dette landet. Det kan tenkast at det fins større samarbeidsavtalar mellom bistandsaktørar som vert gjort på eit høgare nivå, der leiarar ville ha betre oversikt. Denne kommunikasjonen kan vi ha gått glipp av. I dette prosjektet er formålet å kartlegge kommunikasjon og koordinasjon på landnivå, altså korleis bistandsaktørane kommuniserer med andre aktørar i det aktuelle landet, og det vert derfor ikkje stort tap. Eg finn det mest fruktbart å nytte mest mogleg tilsette som arbeider i Malawi, eller i alle fall dei som arbeider med det aktuelle prosjektet frå Noreg.

Spørjeundersøkinga vart gjennomført ved å nytte eit nettbasert spørjeskjema der linken vart distribuert til respondentane over e-post. Det nettbaserte programmet var SurveyXact frå Rambøll(2015). Fordelane ved å nytte denne typen skjema er at det går fort å få distribuert undersøkinga og at ein enkelt kan importere data inn i analyseprogrammet. Det er også enkelt og raskt for respondentane å gå inn på nettet, og svare på undersøkinga framfor å gjere det for hand eller over telefon. Ulempene ved distribusjon på e-post er at det kan vere vanskeleg å kome fram til rett person og rett e-post-adresse, for så at det kan vere vanskeleg å få respondentane til å svare. Ein e-post var sendt ut i forkant av undersøkinga med informasjon om prosjektet, og eit ønske om respons på at dei kunne tenke seg å delta. På den måten var respondentane førebudde på at undersøkinga ville kome, og dei hadde forplikta seg til å svare. Ein svarfrist var nyttig for å få dei til å svare fortast mogleg. Informasjonen i e-posten som følgde undersøkinga, var klar og tydeleg for at det skulle vere lett å ta fatt på undersøkinga. Eg

opplevde at ein god del svarte med det same, men det var naudsynt å sende ein e-post med påminning til nokre respondentar.

I spørjeundersøkinga var første mål å finne ut mest mogleg om relasjonane mellom aktørane. I teorikapittelet vart konseptet kommunikasjon introdusert som eit mål på relasjonar mellom aktørane. Kommunikasjon kan målast ved å sjå på avsendaren, meldinga og mottakaren (Jacobsen og Thorsvik, 2013:251-252). I dette prosjektet har ikkje meldinga fått ein sentral plass, men det er sett på kva aktør som har teke initiativ og derfor kven som er avsendar og mottakar.

For å finne informasjon om kommunikasjonen er det nytta både lukka og opne spørsmål. Lukka spørsmål, med ei liste aktørar å velje mellom, bidreg til at respondenten lettare hugsar alle han har hatt kontakt med. I tillegg gjer det at respondentane vert minna på å svare angående aktørar som dei kanskje ikkje trudde var aktuelle for spørsmålet (Borgatti et al., 2013:47-48). Ein styrer på denne måten respondenten til å gi konkrete svar som er enkle å nytte i vidare analysar. Dei opne spørsmåla gir respondenten høve til å liste opp aktørar som ikkje er komne med i utvalet, gjerne lokale samarbeidsorganisasjonar eller liknande. Dette kan gi nye retningar i datainnsamlinga.

Dei lukka spørsmåla lista opp aktørar som er aktuelle for organisasjonen å ha kontakt med, slik at respondenten enkelt kan krysse av kven dei hadde vore i kontakt med og kven som tok initiativ. Dette dannar grunnlaget for å kunne seie noko om strukturen på nettverket og posisjonane i det. Det at det vert spurt om initiativ gir høve til å gi relasjonane retning, slik som forklart i teorien om sosial nettverksanalyse.

Det andre målet for spørjeundersøkinga var å finne informasjon om dei ulike aktørane som gjorde det mogleg å seie noko om eigenskapane til desse aktørane. Bakgrunnen for dette var ei undring på om eigenskapane til aktørane hadde noko å seie for posisjonen i nettverket og om like aktørar hadde meir kommunikasjon enn andre. Dette vart undersøkt gjennom å stille ei rekke spørsmål om aktørane sin størrelse, geografisk plassering, interessefelt og sektor. Her fekk respondentane velje mellom ulike liste- eller kategorisvar, i tillegg til at dei kunne rangere svara sine etter kva dei meinte var viktigast (Saunders et al., 2016:453-455) Ein del av desse spørsmåla er nytta til å undersøke om organisasjonar med same interessefelt kommuniserer meir enn andre. Det vart ikkje tid eller ressursar til å gjennomføre ein fullstendig analyse av all denne informasjonen og ein god del informasjon vart overflødig. Hadde prosjektet vore større,

hadde det til dømes vore interessant å sett på om størrelsen og den geografiske plasseringa til aktørane påverka relasjonane.

Det tredje målet med spørjeundersøkinga var å få eit breitt innblikk i respondentane sine haldningar til koordinering, nettverk og samarbeid, som eit supplement til intervjuet. Ved å ta dette med i undersøkinga fekk fleire enn intervjuobjekta uttale seg, noko som gir eit betre inntrykk i dei vanlege haldningane. Dette vart gjort ved å be respondentane ta stilling til ulike påstandar. Dei svarte langs ein akse med fem alternativ frå «einig» til «ueinig». Aksa var utforma etter Likert-formatet. Av dei fem alternativa var det midtarste alternativet nøytralt, slik at respondenten skulle kunne avstå frå å ha ei meining. Det var forsøkt å lage nokre påstandar som var nøytrale medan andre var meint å provosere fram ein respons. Det var og nytta både positive og negative påstandar for å sikre at respondentane tenkte seg om før dei svarte (Ringdal, 2007:179, Saunders et al., 2016:457-460). Påstandane er meinte å gje eit inntrykk av haldningane i gruppa og snakkar for seg sjølv. Dei er derfor ikkje nytta til å lage skalaer som direkte måler haldningsmønster.

Ein interessant ting som hende var at mange respondentar kom med utfyllande kommentarar på slutten av undersøkinga som tydeleg var knytt til påstandane. Det var tydeleg at påstandane treffe på ein del tema som engasjerte. Kommentaranne nyanserte svara til aktørane på ein god måte, fordi dei fekk høve til å seie noko meir enn at dei var einig eller ueinig. For meir utfyllande informasjon om påstandar og resten av spørsmåla, kan ein finne spørjeskjemaet som eit tillegg i Appendix A.

Svakheiter ved spørjeundersøkinga

Eit par kjelder til svekka validitet i spørjeundersøkinga, bør adresserast. Ei svakheit i konstruksjonen av spørjeundersøkinga var tidspunktet. Det var ønska å gjere spørjeundersøkinga før intervjuet, slik at dei skulle kunne nyttast som utgangspunkt for intervjuguiden. Det vart ikkje tid til å få inn og analysere svara før feltarbeidet, så dette var ikkje mogleg. Lite tid før feltarbeidet gjorde også at undersøkinga ikkje var så optimal som den kunne ha vore. Til dømes gjeld dette spørsmåla om interessefelt og haldningar. Nokre av desse spørsmåla var ikkje gode nok og er derfor ikkje nytta i analysen. Dei gav ikkje den innsikta som var ønska. Hadde undersøkinga vore gjort seinare i prosjektet kunne den og gitt svar på nokre tema som vart oppdaga i løpet intervjurundane. Desse refleksjonane, medan stoffet vart analysert, gjorde det mogleg å kutte ut spørsmål som ikkje gav tilfredsstillande informasjon. Det var likevel meir enn nok stoff og ta av, slik at det kunne gjerast gode vurderingar av informasjonen.

Ei anne kjelde til svekka validitet er sjølvrapporteringa som vert gjort i ei slik undersøking. På grunn av at respondentane sjølv har svart på om dei har hatt kontakt med andre aktørar må ein rekne med at respondentane kan ha utelatt nokre band dei har til andre aktørar. Dette er eit vanleg problem med denne type spørjeundersøkingar, og er noko ein må ta omsyn til i analysen. Til dømes har nokre respondentar svart ulikt på kommunikasjonen mellom seg. I tilfelle der ein respondent svarer at han har hatt kommunikasjon med ein annan, medan den andre ikkje nemner det, kunne ein vere streng og seie at forholdet må vere nemnd av begge for at det skal vere gyldig. I dette prosjektet har eg valt å ta med relasjonar der berre ein respondent har oppgitt at det fins ein relasjon fordi eg går utifrå at det er meir truleg at nokon har gløymt å setje opp ein relasjon enn at nokon har sett opp relasjonar som ikkje finst. Det er i tillegg ikkje snakk om nære vennskapsforhold i dette prosjektet, men kontakt i løpet av siste 12 månadar. Det er derfor forståeleg at ein av respondentane kan ha gløymt at det har funne stad kontakt. Dersom det var snakk om vennskapsforhold ville det vere større grunn for mistanke om ein respondent oppgav vennskap og den andre ikkje gjorde det.

Det er også nokre tilfelle der det er svart ulikt på kven som har teke initiativ til kommunikasjonen. I desse tilfella har initiativet måtte vurderast. Dersom begge aktørane meiner dei tok initiativ vil initiativet i relasjonen verte notert som tosidig. Dette har ikkje skjedd i dette materialet. Dersom berre den eine har notert noko om initiativet, vil det verte gått ut frå at denne har rett. I ein del tilfelle har berre ein organisasjon nemnt kontakten, men veit ikkje kven som tok initiativ. I desse tilfella har organisasjonen som nemnde kontakten fått æra for initiativet.

Grunnen til at ein finn problem som dette kan vere fordi nokre av respondentane ikkje har fullstendig oversikt over kommunikasjonen inn og ut av organisasjonen. Nokre få av respondentane gav tilbakemelding på dette. Det kan også vere at nokon har vektlagt kommunikasjonen mindre eller at nokon har hugsar galt. Ein må rekne med at det kan vere ei viss underrapportering i undersøkinga på grunn av dette, men det var gjort eit par grep i datainnsamlinga for å sikre at dette fekk minst mogleg innverknad. Mellom anna vart det nytta både opne og lukka spørsmål, noko som gjer at respondenten både vert minna på aktørar gjennom ei liste og i tillegg kunne liste opp fleire sjølv. I tillegg vart det fokusert på å finne respondentar i organisasjonane som var mest mogleg involverte i arbeidet i Malawi og som truleg hadde relativt god oversikt over kommunikasjon inn og ut. For å få mest mogleg reelle svar og unngå at spørjeundersøkinga inneheldt openbare feil vart det gjort ei pilotundersøking med to respondentar. Kommenterar frå pilotundersøkinga bidrog til at undersøkinga vart betre.

4.2.2. INTERVJU

For å få endå betre innblikk i kva forhold dei ulike aktørane har til det å vere i eit nettverk og utveksle informasjon og ressursar på tvers av organisasjonar, vart det halde intervju med eit lite utval aktørar. Intervjua fokuserte på å innhente informasjon både om utviklingssituasjonen i landet og om korleis den enkelte informant opplevde kommunikasjon inn og ut av sin organisasjon. Det vart også halde eit intervju med ein tilsett ved den norske ambassaden i Lilongwe og to intervju med tilsette i Norad. Desse intervjua var meint å gi innblikk i meir generelle tendensar og haldningar til koordinering på det overordna eller offentlege nivået i norsk bistandssektor.

Det var ikkje anledning til å intervjuje så mange aktørar, så det var viktig å gjere eit godt og gjennomtenkt utval av respondentane som allereie var med på spørjeundersøkinga. Det var interessant å få med ulike aktørar som representerer kvar sine grupper. Eg søkte å finne informantar som arbeidde i ulike sektorar, mindre og større organisasjonar, uavhengige aktørar i forhold til aktørar som er knytt til ein større internasjonal organisasjonar og frivillige, offentlege og private aktørar. Eg vart likevel i stor grad knytt av det faktum at berre visse organisasjonar hadde representantar tilgjengeleg for intervju. Innanfor organisasjonane var det viktig å få intervjuje personar som har god oversikt over kommunikasjon inn og ut av organisasjonen. Det at intervjua skulle gi eit oversiktsbilete av prosessane, miljøet, og haldningane i det, gjorde at det heller ikkje var avgjerande å ha eit veldig stort utval. Sidan det også vart gjennomført ei spørjeundersøking, var heller ikkje intervjua den einaste kjelda til empiri (Ringdal, 2007:216-217). Dersom det hadde vore meir tid til datainnsamling hadde det, som nemnt tidlegare, vore fordelaktig å basere utvalet av intervjuobjekt på spørjeundersøkinga. Det kunne då vore sett på kva aktørar som var særleg sentrale eller særleg lite sentrale i nettverket. Dette var dessverre ikkje mogleg.

Eg kontakta mange ulike aktørar for å få oversikt over kven som var tilgjengelege til intervju, og ba om å verte sett i kontakt med enkeltpersonar i organisasjonane som var aktuelle. Det var stort sett ikkje vanskeleg å kome fram til rett person, sjølv om nokre trengte fleire rundar med e-post og telefon før dei svarte. I dei tilfella eg hadde intervju ansikt-til-ansikt, hadde eg på førehand oppretta ein hyggeleg tone, gjennom e-postar eller telefon. Eg fortalte litt om meg sjølv og prosjektet og dei fleste verka positive til kontakten.

Nokre av intervjua vart haldne under feltarbeidet i Malawi. Dette var med aktørar som har faste medarbeidarar i landet og med den norske ambassaden i landet. Det vart og høve til å snakke med ein medarbeidar som tilfeldigvis var på reise, frå ein organisasjon som ikkje har fastbuande

i Malawi. Ved å reise ned til Malawi fekk eg bruke meir tid med dei ulike organisasjonane og hadde høve til å ha lenger samtalar med dei enn det som ville vere mogleg over telefon eller Skype. Eg fekk og kommunisert med personar som er nærast råd dei aktuelle prosjekta og som har god kunnskap om felten i Malawi. Dermed fekk eg eit godt innblikk i kommunikasjonen som vert utøvd mellom norske aktørar på lokalt nivå. I tillegg gav feltarbeidet eit verdifullt innblikk i både politisk klima og samfunnsmessige utfordringar i landet frå informantar som oppheld seg i hovudstaden og har mykje kontakt med både styresmakter og andre i utviklingsmiljøet. Særleg informantar frå fire ulike organisasjonar gav verdifull innsikt i temaet. Eg vart svært godt motteken av det norske miljøet i Lilongwe og e-post-kontakt på førehand vart ein dørøpnar til kontakt med mange. Både informantar i prosjektet og andre fastbuande nordmenn i hovudstaden var til stor hjelp. Dei introduserte meg for andre og tilbød hjelp til både transport og anna.

Intervjua bevegde seg i aksen mellom semi-strukturerte og ustrukturerte (Saunders et al., 2016:391). Dei fleste intervjua hadde i størst grad trekk som likna semi-strukturerte intervju, med ein intervjuguide med spørsmål eller tema eg ønska å dekke. Den var ei hjelp til å halde samtalen i gang. I alle intervjua vart dei fleste spørsmåla frå guiden svart på i løpet av intervjuet. Mellom anna vart det stilt spørsmål om informantane si oppfatning av eigen kunnskap til å utføre arbeidet, kvar denne kjem frå og om det er behov for ny informasjon. Det vart og stilt spørsmål om kor mykje dei kommuniserer med andre, kor nyttig dei finn dette og om kor mykje dei kommuniserer med ambassaden og Norad. I appendiks A fins eit døme på ein intervjuguide for bistandsaktørane.

Trass i at intervjuguiden vart nytta, levde samtalanane sine eigne liv, noko som førte til veldig ulike utfall. På den måten fekk eg mykje variert informasjon og intervjua utfylte kvarandre godt. Med alle informantane hadde eg ein del av intervjuet sitjande i ro med opptakar og notatblokk. Desse intervjua vart leidde av intervjuguiden, men var av varierende lengde og fekk utvikle seg fritt etter kva informanten snakka friast om. Alle desse intervjua er transkriberte. Nokre gonger kom det fram meir i samtalanane før og etter intervjua, som gav meir informasjon. Eg fekk i tillegg høve til å bruke meir tid med fleire av informantane på feltreiser og i sosiale samanhengar der samtalanane lett dreidde inn på fagstoff og især stoff som kunne vere til nytte for prosjektet mitt. I desse samtalanane kom det fram endå meir interessant stoff som har danna mykje av basisen for kunnskapen min om politikk og samfunn i Malawi. Desse delane av intervjua bevegde seg i større grad mot det ustrukturerte intervjuet, då informantane snakka fritt og opent om tema dei var ekstra opptekne av.

Ved ambassaden vart det stilt spørsmål om korleis det vert arbeidd med koordinering meir overordna i norsk sektor, korleis Norad og ambassaden samarbeider og korleis dei oppfattar eigen innsats for å koordinere. Det kom og fram mykje informasjon om kva utfordringar Noreg møter i forsøket på å koordinere på internasjonalt nivå.

I tillegg til intervju med organisasjonar og ambassaden i Malawi, er det gjort nokre intervju i Noreg. Det vart gjort to intervju med tilsette i Norad som har god oversikt over både tematikken med harmonisering og koordinering og over casen, Malawi. Dette gav innblikk i korleis den offisielle politikken overfor temaet er. Eit intervju vart halde før avreise og kan karakteriserast som «bakgrunnsintervju» med fokus på å få oversikt over korleis norsk bistand er organisert og særleg korleis det har vore arbeidd mot Malawi. Det andre intervjuet vart halde etter reisa. Her vart det stilt meir spørsmål om Norad sin posisjon i forhold til nettverk og samarbeid mellom aktørar og bistandsharmoniseringsprinsippet. I tillegg vart det høve til eit intervju med Atlas-Alliansen, som er ein norsk paraplyorganisasjon som eg vart gjort merksam på i feltarbeidet. Alliansen vart karakterisert som ein organisasjon som legg til rette for kommunikasjon både mellom allianseorganisasjonar og andre organisasjonar. Også intervju haldne i Noreg var semi-strukturerte, med ein hjelpande intervjuguide.

Svakheiter ved intervju

Det at intervju er lite standardiserte gjer dei særleg utsette for reliabilitetsproblem. Det er i intervju vanskeleg å sikre at ulike forskarar vil oppnå same resultat. Særleg forskarfeil kan oppstå, der den som intervjuar kan påverke informanten ved spørsmålstillinga eller framtoninga. Også informantfeil kan påverke resultata. Dette går i større grad på kor vidt informanten oppfattar noko om den som intervjuar eller at informanten vel å leggje vekt på visse tema medan han let vere å snakke om andre. I visse tilfelle kan og informanten forsøke å framstille seg sjølv eller organisasjonen sin i eit fordelaktig lys (Saunders et al., 2016:396-398). Dette var ting eg forsøkte å vere merksam på i intervjusituasjonane ved å fokusere på måten eg stilte spørsmål på, og ved å leggje merke til korleis informantane svarte.

Likevel gjorde forma på intervju at det kunne oppstå situasjonar som svekka truverdet til informasjonen. Det at intervju var semi-strukturerte var både styrkande og svekkande for informasjonen. Innsikta i feltet vart styrka fordi informantane fekk rom til å vandre innom tema som ikkje direkte vart stilt spørsmål om. Det var og rom for at nokre informantar kunne bruke meir tid om dei hadde mykje å fortelje. Fleire informantar snakka uoppmoda om utfordringar og inviterte meg med på oppdrag og møter dei skulle ha.

Samtidig førte denne forma til at respondentane ikkje alltid snakka om dei same temaa, og nokre tema er berre diskuterte av ein eller nokre få respondentar. Det kan vere at respondentane som ikkje snakka om bestemte tema kunne hatt interessante innspel om desse temaa som no ikkje er komne fram. Eg har og hatt lenger samtalar med nokre enn andre, noko som har ført til at det fins meir empiri frå nokre respondentar enn frå andre. Dette kan gjere empirien noko skeiv. Likevel er dette ikkje i ei slik grad at det påverkar datamaterialet mykje.

Det var tilfeldig kor mykje tid eg brukte i lag med dei ulike informantane under feltarbeidet, og eg nytta dei høvene eg fekk til å vere med og sjå på arbeidet deira. Nokre sette av mykje tid til meg, og gav meg verdifulle innblikk i arbeidet deira. Dette var positivt fordi det gav meg djupare innsikt, men kan samstundes ha ført til at eg let meg påverke meir av desse informantane. Eg lærte mykje om fagfeltet gjennom samtalar med dei og kan ha blitt påverka av deira personlege syn på ulike tema. Eit anna aspekt ved å bruke mykje tid i lag med informantane var at eg og diskuterte prosjektet mitt med eit par av dei. Dette kan ha ført til at eg påverka dei til å snakke meir om det dei oppdaga at eg var interessert i, medan eg kan ha gått glipp av andre tema som dei naturleg ville ha snakka meir om.

Eg vil påstå at desse problema er ibuande når ein gjer feltarbeid på den måten det vart gjort i dette prosjektet. Ein har ikkje oversikt over alt før ein reiser og blir derfor nøydd til å tilpasse seg etter anledningar som dukkar opp. I dette tilfellet var det og vanskeleg å finne gode, nøytrale skriftlege kjelder om situasjonen i Malawi, noko som gjorde at det naudsynt å lære mest mogleg medan eg var der. Trass i utfordringane som er nemnt over, meiner eg at det å bruke mykje tid i Malawi, og lære gjennom samtalar og observasjon med fagpersonar (både informantar og andre) i feltet, styrka prosjektet. Eg fekk eit veldig nært og djupt innblikk i casen og til saman har dei formelle og dei uformelle samtalane gitt eit breitt bilete av nettverket mellom norske aktørar i Malawi.

4.2.3. OBSERVASJON

På feltarbeidet i Malawi fekk eg høve til å delta på eit større møte der stort sett alle NGO-ar som arbeider i landet var inviterte. Gjennom deltaking her fekk eg observere særleg korleis norske organisasjonar arbeider med lokale partnerar samt kva som er dei store utfordringane i å koordinere internasjonal og lokal innsats. Dette førte til eit heilt nytt aspekt ved prosjektet. På møtet med NGO-ar var temaet «alignment» og korleis internasjonale donorar skal koordinere sin innsats til lokale styresmakter og lokale partnerar. Eg gjekk inn i denne observasjonssituasjonen med forventning om å finne stoff som kunne brukast i prosjektet, men

utan å heilt vite kva som venta. Eg hadde dermed ei ganske opa haldning til kva som kunne vere nyttig å merke seg og noterte flittig.

Eg deltok som gjest av ein norsk organisasjon og eg glei inn mellom dei andre deltakarane. Informanten frå den norske organisasjonen fungerte som port-opnar for meg inn på møtet. Det var om lag 200 personar til stades, så det var fullt mogleg for meg å berre observere utan at rolla som forskar vart forstyrrende. Dei norske aktørane visste naturleg nok kven eg var, men eg fekk inntrykk av at dei ikkje let seg påverke av at eg var der. Målet med observasjonen var heller ikkje å observere deira interaksjon med andre, men å observere korleis miljøet på møtet var. Det var ingen andre aktørar tilstade som visste at eg observerte i forskingssamanheng.

Møtet vart halde av NGO-Board of Malawi og CONGOMA og retta seg mot lokale og internasjonale NGO-ar som arbeider i landet. Eg fekk høve til å observere alt som skjedde i plenum, talane før diskusjonsrunda og oppsummeringa etterpå. Det var lagt opp til diskusjonar i grupper delt i internasjonale NGO-ar, lokale NGO-ar, styresmakter og donorar. Sidan eg kom i lag med ein norsk organisasjon observerte eg diskusjonen i den internasjonale gruppa.

Svakheiter ved observasjonen

Det første, og kanskje største, problemet ved observasjonen var at den kom overraskande på. Det var ein ukjent setting med mange ting eg skulle få med meg. Det var derfor vanskeleg å vite kva eg skulle fokusere på. At ein er veldig godt kjent med, eller at ein er ukjent med ein situasjon kan gjere at ein misforstår situasjonar. Dette er ein vanleg forskarfeil i observasjon (Saunders et al., 2016:363). At eg fekk høve til å delta ved møtet uventa og på kort varsel, gjorde at eg hadde lite tid til å førebu meg, og eg visste ikkje kva som var det overordna temaet ved møtet. Dette gjorde at eg nok gjekk glipp av ting eg kunne sett etter dersom eg hadde visst om dei. Sidan observasjonen var eksplorerande og tilførte eit ekstra aspekt til prosjektet, har ikkje dette like mykje å seie som om observasjonen hadde vore den mest sentrale delen av datainnsamlinga.

Eit anna problem ved observasjonen, som og er ein styrke, var rolla eg inntok ved å delta som gjest av den norske organisasjonen. Eg fekk berre observere diskusjonen ved den internasjonale gruppa, og fekk derfor berre inntrykk av kva dei lokale aktørane meinte i plenums-diskusjonen til slutt. Dette gjer at inntrykket mitt frå møtet nok er prega av å ha teke del frå "den internasjonale sida". Eg fekk og forklart nokre ting i møtet av dei norske informantane, som eg ikkje sjølv hadde fått med meg. Rolla var samtidig ein styrke fordi eg fekk høve til å observere utan at rolla mi forstyrte situasjonen. Det var altså ikkje eit problem med forskar-effekt.

4.2.4. PERSONVERN

I arbeidet med datainnsamlinga har personvernet til respondentane stått sentralt. Prosjektet vart meldt inn til Norsk Samfunnsvitenskaplig Datatjeneste (NSD) og vart godkjent. Både før spørjeundersøkinga og intervjua vart det sendt ut informasjon til alle respondentar om prosjektet og korleis deira personlege opplysningar skulle handsamast. Alle respondentar har gitt eit opplyst samtykke til å ta del i prosjektet. Opplysningar som kan knytast til personopplysningar er behandla konfidensielt og lagra etter NSD sine retningslinjer.

I analysen og presentasjonen av data er organisasjonane nemnte med namn, fordi det er interessant og mest hensiktsmessig i det relativt vesle nettverket dei er ein del av. I eit større nettverk ville det kanskje vore nyttigare å kategorisere organisasjonane for å vise skilnad mellom grupper i nettverket. I dette prosjektet er det så få aktørar og av så ulik karakter at ei gruppering kjentes kunstig. I bruken av sitat er det som hovudregel ikkje opplyst kva organisasjon informantene kjem frå, det er likevel gjort nokre unntak. Når det gjeld Norad og ambassaden i Malawi kjem det fram at det er informantane frå desse institusjonane som står for sitata. Det ville vere unaturleg og praktisk vanskeleg å gjere noko analyse av sitata utan å kunne gi opp at dei kom frå desse informantane. Der er så mange tilsette i desse institusjonane at det truleg ikkje vil vere mogleg for andre enn dei som arbeider hos institusjonane å seie kven informantane er. Sidan Atlas-Alliansen og Kirkens Nødhjelp har ei særstilling i materialet fann eg det i visse tilfelle naturleg å opplyse også om sitata som kom frå dei. Dei aktørane det gjeld har fått høve til å gå gjennom aktuelle sitat før publisering.

4.3. Analyse

I dette arbeidet vert det gjort ein analyse av nettverket for å kunne skildre korleis det ser ut og diskutere kva rolle det har i bistandssektoren. Målet med analysen var å lage eit oversiktskart over nettverket mellom aktørar i Malawi og sjå på kor utbreidd kommunikasjonen er, samt bruke det som utgangspunkt for å seie noko meir om kva som kjenneteiknar nettopp dette nettverket. Analysen vert så nytta saman med intervjudata til å kunne seie noko om plassen nettverket har i den norske bistandssektoren. Det vil seie at nettverksanalysen her er deskriptiv. Dette er eit relativt lite prosjekt og verktøya som fins innanfor nettverksanalysar er derfor ikkje utnytta til det fulle. Det er mange ting ein kan sjå på i ei nettverksanalyse som ikkje er tekne med her. Ei meir utfyllande oversikt over analysane i dette prosjektet vart gjennomgått i teorikapittelet. For å gjere nettverksanalysen har programvare frå Ucinet vore brukt. Net Draw (Borgatti, 2002) er brukt for å konstruere nettverkskartet medan Ucinet-programmet (Borgatti

et al., 2002) er brukt til å lage ein dikotom matrise og til å gjere matematiske analysar av materialet.

Eg har sjølv transkribert alle intervjua og dei har vidare blitt behandla som skriftleg materiale. Til både transkripsjon, koding og analyse av intervjua og feltnotatar er det kvalitative analyseprogrammet NVivo 10 (QSR, 2012), nytta som hjelpemiddel.

4.4. Verdien til prosjektet

I arbeidet med eit prosjekt som dette er den viktigaste delen gjerne også den mest utfordrande: korleis gir ein prosjektet verdi som er større enn prosjektet i seg sjølv? For at eit forskingsprosjekt skal ha verdi må det vere valid og påliteleg og ein må kunne lese det i ein større samanheng. For å oppnå dette er det naudsynt å ta ei rekke val i prosessen med forskingsdesignet, samt å kunne utvikle dette vidare i løpet av arbeidet. Her vert nokre metodiske val presentert og diskutert for å kunne seie noko om gyldigheita og pålitelegheita til dette prosjektet. Det vert og gått inn på moglegheita for generalisering og fordelar ved casestudiet.

4.4.1. GYLDIGHEIT

Når ein diskuterer gyldigheita til eit forskingsprosjekt nyttar ein ofte omgrepet validitet. Det viser til at datamaterialet belyser problemstillinga på ein god måte (Grønmo, 2004:221). Den viktigaste kjelda til høg gyldigheit er, i følgje Tjora (2010:179), at prosjektet er forankra innanfor relevant forskning og fag. Det er viktig å vere bevisst på teoriar og tidlegare forskning som er gjort innanfor temaet. Det er derfor relevant å kikke på kva tidlegare forskning som er gjort og finne ein plass for prosjektet innanfor det feltet, slik som vart gjort i bakgrunnskapittelet.

Det fins fleire former for validitet og det er ulikt kva som vert mest vektlagt. I følgje Yin er vurdering av konstruksjonsvaliditet, intern og ekstern validitet i lag med vurdering av reliabilitet dei viktigaste måtane å vurdere verdien av casestudiar. Konstruksjonsvaliditet handlar om at prosjektet vert konstruert på ein måte som gjer at forskaren ikkje leitar etter bevis på eigne påstandar (Yin 2011:46). Intern validitet dreier seg om at prosjektet er gjennomført på ein tilfredstillande måte slik at slutningane ein trekkjer om årsakssamanhengar er gyldige (Grønmo, 2004:233). Her vert konstruksjonsvaliditet og intern validitet handsama saman. Ekstern validitet vil seie at det ein kjem fram til også kan gjelde i eit større utval, og ikkje berre er gyldig i det avgrensa prosjektet. Altså om prosjektet kan generaliserast (Grønmo, 2004:233-234). Generalisering vert diskutert seinare.

Casestudiet har fordelar framfor prosjekt med større utval, og George og Bennett identifiserer fire viktige: 1. omgrepsvaliditet, 2. stort potensiale for å danne nye hypotesar, 3. det er mogleg å gå djupt inn i hypoteserte kausalsamanhengar i ei enkelt analyseining og til slutt 4. casestudiar har stor kapasitet til å erkjenne komplekse kausalitetar. Dei to første er mest treffande for dette prosjektet. Omgrepsvaliditeten i casestudiet kjem til uttrykk ved at ein kan vere svært nøyaktig i definisjonar, det ein ønskjer å måle og indikatorar. I analysar med større utval må ein gjere definisjonar og indikatorar generelle for at dei skal kunne nyttast på ei stor gruppe. I eit casestudie er det ikkje behov for å tøye definisjonane på den måten, og ein veit at ein måler det ein ønskjer å måle. I dette prosjektet er det særleg omgrepa harmonisering og alignment som har vore sentrale. Desse har kome til uttrykk ved at eg, i teorikapittelet, definerte desse og forklarte at eg ville undesøke dei ved å sjå på koordinering og kommunikasjon. Ved å avgrense det eg ønska å studere endå meir, gjorde eg det lettare å finne datamateriale som faktisk kunne seie noko om det.

At casestudiar har stort potensiale for å danne nye hypotesar kjem av at ein kan gå i djupna på det objektet ein observerer og på den måten kome over nye variablar som ein ikkje sjølv tok med seg inn i prosjektet. Igjen er dette med utvikling av nye konsept viktig. Opne spørsmål i eit intervju kan til dømes gi uventa svar og ein kan kome til å ta ei heilt ny retning i forskinga (George et al., 2005:19-21). Gjennom å ha eit eksplorerande og fleksibelt design har eg hatt høve til å inkludere mykje data som eg fann interessant, og seinare analysere kva som har verdi i prosjektet. Det har vore mogleg å kome over uventa funn i materialet. Eit trekk som og styrkar validiteten er valet av case og aktørar, som var nøye gjennomtenkt og gjort utifrå dei offisielle listene til Norad. Dette er diskutert allereie.

Nokre fallgruver er særskilde for nettverksanalysar og Borgatti et al trekkjer særleg fram feil i måten ein hentar data, stiller spørsmål og avgrensinga av nettverket i analysen som viktige kjelder til feil. Desse feila kan påverke validiteten til data som er nytta. Ein simpel feil er at det kan ha skjedd feil i inntasting eller handteringa av data som vidare gir feil grunnlag for analyse (Borgatti et al., 2013:35-37).

Datainnsamlinga har derfor vore ein viktig for å styrke validiteten, og metodetriangleringa var eit godt val med tanke på det. Ved å angripe ei problemstilling frå fleire vinklar kan ein lettare få tilstrekkeleg innsikt i temaet. I dagens metodediskusjonar er det mange som meiner kvalitative og kvantitative metodar utfyller kvarandre, heller enn at dei er motsetnader (Ringdal, 2007:91). I dette prosjektet er både intervju, spørjeundersøking og observasjon nytta for å få eit godt overblikk over feltet. Dette gjer at prosjektet truleg har fått med mykje meir informasjon

enn om berre ei metode hadde vore nytta, og at samanhengane som er observerte truleg har rot i røynda. Styrkar og svakheiter ved dei ulike metodane er gjennomgått i kapittel 4.2. Svakheitene ved metodane påverkar validiteten ved prosjektet, men ved å kaste lys på dei, kan ein og ta dei med seg i det ein går inn i analysen av data. Dersom ein er viss på svakheitene som fins, er det mindre truleg at dei feller prosjektet.

Eit par trekk ved datainnsamlinga var særleg gjort for å styrke validiteten. Til dømes fekk alle intervjuobjekta ei lita skildring av temaet for intervjuet i forkant. Nokre fekk og tilsendt ei liste med aktuelle spørsmål. Dette gjorde at dei hadde høve til å førebu seg på desse temaa, sjekke opp i ting dei var usikre på og eventuelt hente fram aktuelle dokument (Saunders et al., 2016:402). Også det at prosjektet var fleksibelt styrka validiteten. Observasjonen som vart gjort ved eit stort NGO-møte i Lilongwe var ikkje planlagt. Høvet til å delta kom som ei hyggeleg overrasking og gav ny og spennande innsikt i problema som er spesifikke for Malawi og i kva som er utfordrande for norske aktørar når dei skal arbeide saman med eit internasjonalt miljø. Det at feltarbeidet var opent for eit slikt bidrag er absolutt ein styrke for validiteten fordi det gav innblikk i temaet frå nok ein annan vinkel (Ringdal, 2007:207). Observasjon har og ein særleg høg «økologisk validitet», på grunn av nærleiken til situasjonen. Ein observerer situasjonen i sitt naturlege element (Saunders et al., 2016:363).

Borgatti et al presenterer i tillegg fire typar feil som er viktige å vere merksam på når ein gjer nettverksanalysar: utelating av nodar, utelating av band, inkludering av falske nodar og inkludering av falske band (Borgatti et al., 2013:35-37). Utelating av band kan føre til at andre band verkar viktigare enn dei er medan tilføring av eit nytt band kan gjere at ein ikkje oppdagar den viktige posisjonen eit anna band har. Dette har også særleg påverknad på mellomleddssentraliteten som vert målt i dette prosjektet, der vi ser kor viktig ein node er i å knyte saman andre nodar (Borgatti et al., 2013:36). Målet for gradsentralitet er i følge Borgatti (2013:36) meir robust enn til dømes mellomleddssentralitet og vert ikkje like påverka av målefeil. Det er derfor ein styrke at det i dette prosjektet er nytta begge former for sentralitetsmål.

Borgatti trekkjer også fram manglande data som ei stor kjelde til feil i nettverksanalysar. Dette påverkar analysen av nettverket som heilskap og analysen av den enkelte respondent sitt nettverk. Ei av dei største kjeldene til at det manglar data er at respondentar ikkje svarer på undersøkinga. Dette kan vere fordi dei ikkje ønskjer å svare, ikkje hugsar å svare eller berre svarer på nokre av spørsmåla (Borgatti et al., 2013:36-37). I dette prosjektet fanst det og manglande data. Spørjeundersøkinga vart distribuert til 26 respondentar etter avtale på e-post.

21 av disse svarte fullverdig innan fristen som var sett. To av respondentane høyrde til den Norske Ambassaden i Lilongwe. Fire respondentar responderte ikkje slik som avtalt og ein respondent gjennomførte berre delar av undersøkinga. Data som er brukt i prosjektet er basert på dei respondentane som svarte fullverdig og manglar derfor nokre organisasjonar. Dette påverkar sjølvsagt resultatet då dei organisasjonane som ikkje svarte ikkje fekk utale seg om nettverket. I dei fleste tilfella er desse likevel rekna med i fordi dei andre respondentane gav informasjon som kunne plassere dei i nettverket. I eitt tilfelle der ein respondent berre svarte på delar av undersøkinga vart respondenten teken ut av prosjektet, fordi informasjonen var for mangelfull. Denne aktøren vart ikkje nemnd av andre respondentar og hadde nok ikkje ei stor rolle. Sjølv om også dette er eit interessant funn var vurderinga at det ville vere mest ryddig å ekskludere denne noden. Det er vurdert slik at relasjonane som manglar ikkje har dei mest sentrale rollene i nettverket, trass i at dei kunne ha påverka resultatata for analysen. Det må merkast at det altså kan finnast fleire relasjonar enn dei som kjem fram i nettverkskartet.

4.4.2. PÅLITELEGHEIT

Ein nyttar ofte ordet reliabilitet for å forklare at forskingsprosjektet er påliteleg. At det er påliteleg vil seie at prosjektet er godt uavhengig av rolla forskaren har. Eit aspekt ved pålitelegheit vil vere at ein dokumenterer arbeidet ein gjer tilstrekkeleg nok til at nokon andre kan gjere det same prosjektet og få same resultat (Yin 2011:49). For spørjeundersøkinga er det eit godt ideal, som er mogleg å etterleve. Når ein gjennomfører semistrukturerte og ustrukturerte intervju og observasjon, ligg derimot sjølve styrken til metoden i fleksibiliteten ein har som forskar til å utforske eit komplekst materiale. Det er derfor ikkje realistisk å tenkje at ikkje-standardisert forskning som dette skal kunne replikerast av andre forskarar, utan å svekke den styrken forskinga har. Ved å forklare korleis ein har arbeidd nøye, kan lesaren likevel forstå prosessane som er nytta og funna ein har kome fram til (Saunders et al., 2016:399). I kapittel 4.2. vert trekk ved datainnsamlinga gått gjennom, og det vert sett lys på både styrkar og svakheiter ved metodane som er valt. Dette gjer at det er mogleg å danne seg eit inntrykk av korleis prosjektet er gjennomført, og ein kan forstå kvifor ein har kome fram til visse funn.

Eit ideal når det gjeld pålitelegheit er at forskaren skal vere nøytral og objektiv. At forskaren er engasjert i temaet kan, i følgje Tjora, verte oppfatta som støy i prosjektet sidan det kan påverke resultatata (Tjora, 2010:175-178). Eg kjende ingen av informantane før datainnsamlinga starta og eg har heller ikkje noko forhold til verken temaet eller casen utover at det er fagleg interessant. Dette styrkar mi rolle som nøytral og objektiv. Det at eg brukte mykje tid i lag med informantane under feltarbeidet kan likevel ha påverka resultatet, særleg når det kjem til

intervjua. Spørjeundersøkinga vart halden på avstand og før eg møtte nokon av respondentane. Det var nytta eit uavhengig undersøkingsprogram og spørsmåla kan finnast i appendiks A.

Korleis informasjonen frå datainnsamlinga vert forstått av forskaren kan og påverke reliabiliteten i prosjektet. Er forståinga av materialet korrekt? Her har særleg kodinga og kategoriseringa av materialet ein viktig funksjon. Ringdal kallar dette ein del av "datareduksjonen", der ein plukkar ut det som er interessant frå eit stort materiale (Ringdal, 2007:222). Ut frå kva problemstilling og innfallsvinkel ein har, kan to forskarar forstå eit materiale ulikt. Det er og ulike metodar for korleis ein gjennomfører kodinga. I dette prosjektet vart kodinga gjennomført i fleire ledd. I første omgang handla det om å lese gjennom materialet og finne fellestrekk i dei ulike intervjua. Interessante aspekt og ting som gjekk igjen hos fleire informantar vart merka som kodar, ord eller omgrep som skildrar avsnitt eller utdrag av datamaterialet (Tjora, 2010:159-160). Dette er ein induktiv prosess der materialet får bestemme. I denne fasen gjekk eg breitt ut og mange kodar vart registrerte. Etter første gjennomgang vart desse reinsa ved at liknande kodar vart slått saman og dei som var lite interessante vart fjerna.

Neste del av arbeidet gjekk på å kategorisere kodane på ein måte som samla kodane i grupper. Her kjem den abduktive tilnærminga inn. No er det ikkje berre materialet som avgjer kva som er interessant, men og problemstillinga og teorien spelar inn på arbeidet. I denne delen danna eg grunnlaget for funna i prosjektet fordi det her vart tydleg kva materialet kunne fortelje om problemstillinga (Tjora, 2010:160). I siste del av analysen vart det utvikla konsept. Teorien fekk råde endå meir og det var mogleg å sjå kva materialet kunne tilføre det teoretiske rammeverket. Spørsmålet vart om det finst ein teoretisk merkelapp på det observerte fenomenet som kunne nyttast vidare i drøftinga (Tjora, 2010:161).

Sjølv om funna i dette prosjektet vert presenterte saman med analysen og drøftinga, er det forsøkt å skilje tydleg mellom det som er sagt av informantane og det som er mine kommentarar og drøftingar. Informasjonen frå datainnsamlinga vert presentert først i kvar av dei tre funn og analyse-kapitla og det er variert mellom parafrasering av informasjonen og reine sitat frå intervjua. Drøftinga vert gjort samla til slutt i kvart kapittel. Ved å skilje mellom funn og analyse får lesaren eit sterkare inntrykk av kva som er respondentane si stemme og kva som er forskaren si stemme. Dette er gjort som eit forsøk på å auke reliabiliteten til prosjektet (Tjora, 2010:178).

4.4.3. GENERALISBARHEIT

Formålet med dette prosjektet er å kunne seie noko om norsk utviklingssektor ved å sjå på ein bestemt case, nemleg korleis dei norske aktørane kommuniserer i Malawi. Målet er derfor å

kunne generalisere tilbake til populasjonen "Norsk utviklingssektor" frå utvalet i Malawi. Om tid og ressursar hadde strekt til hadde det vore interessant å gjere ei større analyse med fleire casar, men her vert det forklart kvifor det likevel er nyttig å generalisere frå dette prosjektet.

Mange er skeptiske til å generalisere ut frå casestudiar på grunn av dei få analyseeininingane. I følgje Yin (2011) kan ikkje eit casestudie generaliserast med same forståing som i eit statistisk prosjekt. Denne forma for generalisering er bygd på at ein har gjort eit representativt utval frå ein større populasjon. Casestudiar har ikkje eit representativt utval og kan derfor ikkje generaliserast på denne måten. Dersom ein heller nyttar det som vert kalla teoretisk eller analytisk generalisering, kan likevel casestudiet vere relevant. Ein tek då utgangspunkt i ein teori som ein ønskjer å kaste lys på og teste. Ved å teste ein hypotese eller ein teori kan ein lære noko som er relevant å nytte i vidare forskning. Ein kan altså teoretisk generalisere basert på å styrke eller svekke ein teori, eller ved å utvikle nye konsept gjennom prosjektet (Yin 2011:40-41). Axel Tjora nyttar omgrepet konseptuell generalisering, der målet er å utvikle teoretiske omgrep eller konsept som kan overførast til andre liknande tilfelle (Tjora, 2010:187). Den abduktive tilnærminga gjer at det i dette tilfellet er mogleg å utvikle konsept som seier noko om den spesifikke situasjonen i Malawi, men som og kan overførast til norsk utviklingsarbeid i andre land. Dette kan vidare testast i nye prosjekt. Ei slik utvikling av nye konsept er ein styrke i prosjektet fordi det gir noko tilbake til teorien ein går ut frå.

5. FUNN OG ANALYSE – DEL 1

Problemstillinga i dette prosjektet er **Korleis kjem nettverk og koordinering til uttrykk i norsk utviklingssektor i Malawi?** Det er gjennom prosjektet arbeidd med tre forskings spørsmål for å svare på den, desse lyder som følgjer:

1. Korleis flyt kommunikasjonen mellom norske aktørar i Malawi?
2. Korleis påverkar enkelte aktørar nettverket?
3. Kva utfordringar møter norsk utviklingssektor i arbeidet med koordinering av utviklingshjelp på internasjonalt nivå?

Gjennom den kvantitative og kvalitative datainnsamlinga kom det fram både forventa og overraskande funn som gav prosjektet ny innsikt. Den kvantitative forskinga gav eit godt bilete av strukturar i nettverket, medan den kvalitative delen av forskinga let informantane forklare haldningar til og utfordringar med koordinering. Det dukka og opp situasjonar på feltarbeidet som gav meir data enn forventa. På grunn av eit, etter kvart, stort datamateriale og ønsket om å gjere framstillinga av det oversikteleg og forståeleg, vil funn og analyse verte presentert saman med drøftinga i tre kapittel. Dei tre kapitla viser til kvar sitt forskings spørsmål og forsøker å svare på desse. I første kapittel vert nettverket studert på makronivå ved at det vert sett på trekk ved den heilskaplege strukturen i det norske nettverket mellom aktørar i Malawi. I det andre kapitlet vert nettverket studert på mikronivå ved at det vert sett på trekk ved individuelle aktørar sine posisjonar i nettverket. I det siste funn- og analysekapitlet vert det sett på kva utfordringar dei norske aktørane opplever i møte med ein internasjonal sektor.

Første del av analysen svarer til første forskings spørsmål og søker dermed å skildre korleis kommunikasjonen mellom norske aktørar som arbeider i Malawi flyt. Dette kapitlet er i hovudsak deskriptivt og dannar grunnlaget for vidare diskusjon. Nettverket vert studert på makronivå og det blir dermed sett på heilskaplege strukturar. Nettverksanalysen vert presentert og eit par interessante aspekt ved strukturen vert drøfta mot nettverksperspektivet.


5.1. Korleis flyt kommunikasjonen mellom norske aktørar i Malawi?

Dette prosjektet vart starta med ei meining om at det finst ei slags nettverksorganisering i måten norsk utviklingspolitikk vert implementert. Frå før fanst det ei forståing av at det er mange norske bistandsaktørar som opererer, og at desse får midlar av den norske staten for å gjennomføre prosjekta sine. For å undersøke om det faktisk er ei nettverksorganisering tilstade

og om denne fungerer, vart det derfor gjort ei nettverksanalyse som kan skildre relasjonane som fins mellom aktuelle aktørar.

I spørjeundersøkinga vart alle respondentane spurt om kva aktørar organisasjonen deira hadde kommunisert med dei siste tolv månadane. Formålet med dette var å kartleggje korleis nettverket mellom dei norske bistandsaktørane i Malawi ser ut. Gjennom å analysere svara finn ein informasjon om kva organisasjonar som har kommunisert med mange eller få andre. Det er kommunikasjonen mellom dei som vert forstått som relasjonar og det er relasjonane som utgjer nettverket. Ved å sjå på relasjonane kan vi finne informasjon om kva struktur nettverket har. Spørsmåla i undersøkinga vart avgrensa til å gjelde har hatt/har ikkje hatt kommunikasjon. Vi kan derfor berre nytte informasjonen til å gjere avgrensa analysar og deskriptivt vise strukturen i nettverket og posisjonen den enkelte aktøren har. Her vil ikkje styrken på banda, kor ofte dei har hatt kontakt eller kva type kontakt det har vore, kome fram. Dette er viktig å ta omsyn til i det ein studerer nettverket vidare. Organisasjonane og ikkje dei enkelte tilsette i organisasjonane vert rekna som aktørar. Derfor vil ikkje sosiale relasjonar som vennskap eller bekjentskapar verte analysert

Det er nyttig å teikne opp eit sosiogram for å få ei visuell oversikt over nettverket mellom dei norske aktørane som arbeider med prosjekt i Malawi. Det kan vere vanskeleg å skilje nodane og linjene i sosiogrammet frå kvarandre og det følgjer derfor ei oversikt over alle aktørane som er med i sosiogrammet og kva figur dei har fått.



Figur 2 – Sosiogram over norske aktører i Malawi

Atlas-alliansen ●	Hørselhemmedes Landsforbund ■	Norsk Sykepleierforbund ■
Caritas ◆	Kirkens Nødhjelp ◆	Norway Cup ■
Den Norske Ambassaden ◻	Landsorganisasjonen i Norge ■	Oslo Universitetssykehus ▲
Flora Vidaregåande skule ▼	Lions Aid ◆	Plan Norge ◆
FORUT ◆	Norad ◻	Redd Barna Norge ◆
Fredskorpset ◻	Norges Blindeforbund ■	Sofie Minde Ortopedi a/s ▲
Grønningen-Bjørke Malawi Foundation ◆	Norges Handikapforbund ■	Stiftelsen Signo ■
Haraldsplass Sjukehus ▲	Norsk Forbund for Utviklingshemmede ■	Utviklingsfondet ◆
Haukeland Universitetssykehus ▲		

Det første som stikk seg fram i dette sosiogrammet er at alle aktørane har kommunisert med nokon andre. Og ikkje minst har alle aktørane kommunisert med nokon andre enn Norad og den norske ambassaden, som dei gjerne må kommunisere med. Nokon aktørar har kommunisert med mange andre, nokon berre med eit par, men alle har teke del i nettverket.

Når ein ser relasjonane visualisert på denne måten er det lett å sjå at nokre aktørar har større roller i nettverket enn andre. Som venta er den Norske Ambassaden og Norad involverte i mange kontaktpunkt, og ut frå sosiogrammet kan det teljast 17 og 12 ledd på kvar av dei. Ambassaden og Norad står for mykje av midlane organisasjonane forvaltar og det er naturleg at dei aller fleste har vore i kontakt med desse. Det er ei sjølvfølgje at desse har kontakt med

flest mogleg av dei norske aktørane. Sidan eg i tillegg gjekk ut frå Norad sine lister i utvalet av respondentar, er desse funna lite overraskande. Desse aktørane representerer og staten i dette prosjektet, og den sentrale posisjonen i nettverket kan tyde på at det framleis er ein viss hierarkisk struktur i nettverket. Dette vert diskutert meir i neste kapittel.

Meir interessant og litt overraskande er det kanskje at eit par av dei andre aktørane skil seg ut som viktige aktørar i nettverket. Kirkens Nødhjelp har 13 ledd og at Norges Handikapforbund har 11. Også Stiftelsen Signo og Atlas-alliansen har 10 ledd kvar. Nokre av dei mindre aktørane har posisjonar langt ute i sosiogrammet, men vi finn og større aktørar her, som Redd Barna. Det kan også sjå ut til at det fins ei tydeleg kjerne av seks aktørar og ei rekke andre aktørar som har færre kontaktpunkt. Ut frå sosiogrammet kan vi sjå at det fins ein god del kontakt i nettverket og at mange aktørar har hatt kontakt med kvarandre i løpet av dei siste tolv månadane. Det at det fins kontakt mellom mange aktørar uavhengig av dei statlege institusjonane vitnar om at det kan finnast ein tydelig nettverksstruktur, i tillegg til den hierarkiske posisjonen dei statlege institusjonane har i eigenskap av å kontrollere ein stor del av midlane inn til landet.

5.1.1. TETTLEIK

Nettverket sin struktur kan seie noko om eigenskapane nettverket har, til dømes om det er tett knytt saman eller om det ser ut til at visse aktørar har klumpa seg saman. Ein måte å analysere strukturen til nettverket på, er å sjå på tettleiken. I eit tett nettverk vil informasjon spreie seg raskt og vere enkelt å få tak i og trendar vil raskt verte adopterte av alle (Dupont, 2006:175). Som forklart i teorikapittelet, kan ein undersøke tettleiken ved å sjå kor mange moglege relasjonar som fins, i forhold til dei som er aktive i nettverket. Ein kan seie at ein undersøker sannsynet for at det fins eit band mellom to tilfeldig valde nodar. I dette nettverket fins det 85 ledd. Kor mange ledd som er mogleg kan vi rekne ut slik: $n(n-1)/2$, der n er talet på nodar (Borgatti et al., 2013:150-152).

$25(25-1)/2 = 300$ I dette nettverket er det 300 moglege ledd.

$85/300 = 0,283$ eller 28,3% Tettleiken i dette nettverket 0,283 eller 28,3 prosent.

Det vil seie at 28,3 prosent av alle moglege kommunikasjonsledd er aktive. Om ein kan rekne tettleik på 28,3 som høg eller låg kjem an på eigenskapar ved nodane og nettverket og særleg kor stort det er (Borgatti et al., 2013:151). I dette nettverket er det 25 nodar som er relativt ulike og som jobbar med ulike typar prosjekt. Samstundes, med tanke på at dei alle er norske og arbeider med utviklingsspørsmål i eit ganske lite land, kunne nok relasjonane vore betre utnytta.

Tettleiken i dette prosjektet vert derfor vurdert å vere middels høg. Ein kan derfor anta potensialet ikkje er utnytta til det fulle.

Det kan vere vanskeleg å vurdere kva tettleikstalet vil seie, sidan det vert ei vurderingssak om tettleiken er høg eller låg. Det kan derfor vere nyttig å kombinere tettleiksmålet med analysar av det gjennomsnittlege talet på ledd kvar node har og den gjennomsnittlege geodetiske avstanden. Ved å sjå på fleire mål kan ein kome med ein meir kvalifisert analyse av kva tettleiken har å seie for nettverket. I dette nettverket er det gjennomsnittlege talet på ledd 3,4. Kvar node er altså i snitt i kontakt med 3,4 andre nodar. Dette talet kan vere enklare å tolke enn tettleik-talet, då det seier oss noko om kor mange kvar node faktisk er i kontakt med (Borgatti et al., 2013:152). At kvar node i snitt er i kontakt med 3,4 av 24 moglege andre nodar vert her vurdert som relativt lite.

Noko som styrkar dette er ei analyse av den geodetiske avstanden mellom nodane. Den geodetiske avstanden viser, som forklart tidlegare kor mange linjer ein node må gjennom for å nå ein annan. Ein kan seie at avstanden viser kor lang den kortaste ruta mellom to nodar er, og altså kor lang tid det tek for at informasjon skal nå ut til alle. Dersom det er lang geodetisk avstand vil det ta lang tid før informasjonen når alle (Borgatti et al., 2013:15). I dette nettverket er den gjennomsnittlege geodetiske avstanden på 2,4. Det vil seie at ein node i snitt må gjennom 2,4 linjer for å nå fram til ein tilfeldig annan node. Dette er den raskaste ruta, men det kan og finnast andre ruter som er lenger.

Dupont reknar ein geodetisk avstand på 1,5 som relativt nært fordi ein kan nå alle nodar gjennom berre ein annan node (Dupont, 2006:175). Med ein avstand på 2,4 kan ein nå alle andre gjennom to andre nodar. Forskjellen høyrer kanskje ikkje så stor ut, men i teorikapittelet vart det etablert at ein avstand på meir enn 2 sjeldan vert rekna som relevant fordi den raskt misser verdi. Det kan tenkast at informasjon som skal bevege seg frå ein node til ein annan gjennom meir enn to linjer, vil ta lang tid og kanskje ikkje kome fram. Dette vil seie at den gjennomsnittlege geodetiske avstanden i dette nettverket ligg på grensa på kva som er for langt til at informasjon fordelar seg til alle aktørane. I tabellen under kan ein finne den geodetiske avstanden mellom alle nodane i nettverket. Denne er avhengig av retningane relasjonane har, og ein kan derfor sjå ein skilnad mellom kolumnene og radene. Kollonner viser relasjonane inn til noden, og tomme kollonner viser altså at det ikkje fins relasjonar inn til noden. Rader viser relasjonane ut frå noden, og om desse er tomme er det ikkje relasjonar ut frå noden. Dette kan vere noko misvisande sidan vi ikkje veit kva som ligg bak retninga til noden. Det kan sjå ut til

at nokre nodar ikkje har høve til å kome i kontakt med andre fordi dei ikkje har nokon band utover, men dette er jo eit val frå aktøren si side, og dei kunne nok teke kontakt med andre om dei ønskjer det.

		1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	11	12	13	14	15	16	17	18	19	20	21	22	23	24	25
1	Atlas-alliansen	0	2	2	5		4			2	3	1		3	2	3	2				3			2	1	
2	Caritas	2	0	1	4		3			2	2	1		2	1	3	1				2			2	1	
3	Den Norske Ambassaden	3	5	0	5		4			5	3	4		2	1	6	2				2			5	4	
4	Flora Vidaregåande skule	2	4	1	0		2			4	1	3		3	2	4	3				3			3	3	
5	FORUT	3	2	1	5	0	4			2	3	1		3	2	3	2				3			2	2	
6	Fredskorpset	2	4	2	1		0			4	2	3		3	2	2	2				2			1	3	
7	Grønningen-Bjørke Malawi Foundation	3	5	1	1		3	0		5	2	4		1	2	5	3				3			4	4	
8	Haraldsplass Sjukehus	3	2	1	2		1	0		1	3	1		2	1	3	2		1		2			2	2	
9	Haukeland Universitetssykehus									0																
10	Hørselhemmedes Landsforbund	1	3	1	2		1			3	0	2		3	2	3	3				3			2	2	
11	Kirkens Nødhjelp	2	1	1	4		3			1	2	0		2	1	2	1				2			1	1	
12	Landsorganisasjonen i Norge	1	2	1	5		4			2	3	1	0	2	1	3	2		1		2			2	2	
13	Lions Aid													0												
14	Norad	2	4	2	4		3			4	2	3		1	0	5	1				1			4	3	
15	Norges Blindeforbund	1	3	2	5		4			3	3	2		1	2	0	2				3			3	1	
16	Norges Handikapforbund	1	3	1	3		2			3	1	2		3	2	4	0				3			3	2	
17	Norsk Forbund for Utviklingshemmede	1	3	1	2		1			3	1	2		2	2	1	1	0			1			1	2	
18	Norsk Sykepleierforbund	3	2	1	5		4			2	3	1		2	1	3	2		0		2			2	2	
19	Norway Cup	3	5	1	2		1			1	3	4		2	1	3	2	2	0		2	1		2	4	
20	Oslo Universitetssykehus	3	5	1	2		1			1	3	4		3	2	3	3			0	3			2	4	
21	Plan Norge	1	3	2	4		3			3	2	2		4	3	4	1			0				3	2	
22	Redd Barna Norge	2	4	2	3		2			4	2	3		3	3	2	1	1			2	0		2	3	
23	Sofie Minda Ortopedi a/s	1	3	1	2		1			1	3	2		3	2	3	3			1	3		0	2	2	
24	Stiftelsen Signo	1	3	1	3		2			3	1	2		2	1	1	1				1			0	2	
25	Utviklingsfondet	2	4	1	4		3			4	2	3		2	1	5	1				2			4	0	

Tabell 2 - Geodetisk avstand

Når ein ser på tettleiken er det altså mykje å gå på før ein kan seie at dette nettverket har utnytta potensialet sitt. Både tettleiksmålet, det gjennomsnittlege talet på ledd og den gjennomsnittlege geodetiske avstanden viser at det er få moglege relasjonar som er utnytta og at informasjonen truleg brukar lang tid på å bevege seg frå ein node til ein tilfeldig annan. Dei tre måla støttar kvarandre i ei oppfatning av at nettverket er lite tett, men at informasjon truleg etter kvart vil kunne spreie seg. Det vil truleg ikkje vere sånn at trendar automatisk spreier seg til alle.

Noko som er viktig å merke seg når det gjeld tettleiken, er at det i dette nettverket er nokre aktørar som står for mykje meir kommunikasjon enn andre. Alle dei tre måla er gjennomsnittlege, noko som betyr at det kan vere eit svært tett nettverk mellom nokre, medan andre ikkje tek del i stor grad.

5.1.2. SENTRALISERINGSINDEKS

I tillegg til tettleiken er det også interessant å sjå på den heilskaplege sentraliseringsindeksen som viser om nettverket er dominert av enkelte aktørar. Sidan relasjonane i dette nettverket har ei retning, dei viser kven som tok initiativ til kommunikasjonen, vert det rekna ut både utgåande og innkomande band, kalla ut-grad og inn-grad. Inn-graden er 54,69 prosent og ut-graden er

19,97 prosent. Særleg inn-graden er høg, noko som kan tyde på at det fins aktørar i nettverket som er svært sentraliserte og som mange tek kontakt med. Som vi såg over hadde den Norske Ambassaden i Lilongwe og Norad mange ledd. Som nemnt, er det naturleg at mange tek kontakt med dei på grunn av søknadar om midlar og informasjon. Det er derfor interessant å sjå på kor sentralisert nettverket er om vi ser bort frå desse nodane. Vi får då at inn-graden utan ambassaden og Norad er på 26,24 prosent og ut-graden på 21,49. Inn-graden er veldig redusert medan ut-graden er noko høgare. Det vil seie at nettverket ikkje er like sentralisert når vi ser bort frå dei to aktørane som står for fordeling av mykje av midlane, men at det likevel fins ei viss sentralisering.


5.1.3. LIKE AKTØRAR KOMMUNISERER MEST?

Det er viktig å reflektere over sjølve formålet med å undersøke flyten av kommunikasjon i nettverket. Eit spørsmål å stille seg er: Er det relevant for aktørar som ikkje arbeider med det same, eller ikkje har fellestrekk, å koordinere og kommunisere med kvarandre? Dersom det ikkje er relevant for ein organisasjon å kommunisere med dei andre norske aktørane, er det då relevant å studere nettverket mellom dei? Det kan argumenterast for at det er viktig for aktørane å ha kontakt med kvarandre berre på grunn av at dei alle er norske og at dei burde nytte kvarandre sin kunnskap og informasjon om landet dei arbeider i, formelle reglar, krav og søknadar. I tillegg er det sjølvstøtt eit poeng i heile dette prosjektet å undersøke om norsk bistandssektor er koordinert og om pengane som i stor grad kjem frå same kjelde er koordinert. For at det skal vere mogleg må dei ulike aktørane kommunisere.

Det er derfor likevel interessant å undersøkje om det at organisasjonane er ulike spelar inn på graden av kommunikasjon mellom dei. Særleg er dette relevant når ein ser på det som, i følgje Borgatti (2013:9) er eit vanleg funn i sosialpsykologien, at mennesket har ein tendens til å ha positive band til folk som liknar seg sjølv, når det gjeld kjenneteikn som kjønn, religiøst tilhøyre, etnisitet osv. Her vert dette overført til at aktørane har ulike arbeidsområde og er ulike typar aktørar. Spørsmålet er: Har aktørane meir kommunikasjon med aktørar som arbeider innanfor same sektor eller som liknar i type organisasjon?

For å undersøke dette er det gjort tettleiksundersøkingar i ulike underkategoriar. Først vart aktørane delte opp etter kva type organisasjon dei er. I tillegg har respondentane på spørjeundersøkinga svart på kva sektor aktørane arbeider innanfor og kva interessefelt dei kjenner seg att i. Dette har gitt utgangspunkt for fem kategoriar som seier noko aktørane sine interesseområder. I sosiogrammet som vart vist tidlegare har dei ulike aktørane fått ulike symbol etter kva kategori av organisasjonar eller bedrifter dei passar best inn i. Dette

visualiserer tettleiken i dei ulike gruppene. Dei offentlege institusjonane, Norad, den Norske Ambassaden i Lilongwe og Fredskorpset er symboliserte med ein gul boks. Det er andre aktørar som og er offentlege, som sjukehusa, men dei høyrer ikkje inn under denne kategorien. Organisasjonar som i hovudsak arbeider med utviklingsarbeid har fått ein raud diamant. Organisasjonar som i utgangspunktet arbeider med andre saker enn utviklingsarbeid har fått ein lyseblå firkant. Norske helseinstitusjonar har fått ein svart trekant. I tillegg er det ein vidaregåande skule som har fått ein grøn opp-ned-trekant og Atlas-alliansen, som er ein allianse mellom fleire organisasjonar, har fått ein blå sirkel. Denne visualiseringa gir oss eit bilete av korleis dei ulike typene organisasjonar kommuniserer, men kan vere vanskeleg å tolke. Det er derfor i tillegg gjort tettleiksundersøkingar fordelt på dei ulike kategoriane.



Figur 3 – Sosiogram over norske aktørar i Malawi

I tillegg til type organisasjon har aktørane vidare blitt kategoriserte etter kva sektor dei sjølve har oppgitt å arbeide innanfor. Sektorane respondentane kunne velje mellom var "helse og sosial", "utdanning", "styresett, kvinner og likestilling" og "klima, landbruk, miljø- og ressursforvaltning og økonomisk utvikling". I tillegg er det teke med ein kategori der deltakarane sitt svar om interesseområdet "hjelp til menneske med nedsett funksjonsevne" er teke med, fordi dette gjeld ei stor gruppe aktørar i Malawi. Det er særleg viktig å påpeike eit par feilkjelder her. For det første fekk aktørane berre velje sektorar ut frå ei liste. Det kan dermed skje at dei også arbeider med andre ting som dei ikkje fekk høve til å uttrykkje. Det er og eit poeng at respondentane kan ha tolka namnet på sektorane ulikt eller vektlagt dei annleis enn organisasjonen/bedrifta vanlegvis gjer. I tillegg vert dei aktørane som ikkje har svart på

spørjeundersøkinga her oppgitt som at dei ikkje arbeider i den aktuelle sektoren, sjølv om dei kanskje i realiteten gjer det. I tillegg er nokre nodar representerte i fleire sektorar, noko som er naturleg fordi mange arbeider med fleire parallelle prosjekt.

Tabellen under viser tettleiken i nettverket. Første rad viser tettleiken i heile nettverket og resten av tabellen viser tettleik delt etter kategori og sektor. Det er ikkje rekna ut tettleik for kategoriane til Atlas-Alliansen og den vidaregåande skulen, sidan desse var åleine i sin kategori. Den siste rada viser interesseområdet «Hjelp til menneske med nedsett funksjonsevne». I Appendix B finn ein sosiogram som visualiserer fordelinga av kommunikasjon i dei fire sektorane og interesseområdet sett mot resten.

Kategori	Tettleik
Heile nettverket	28,3 prosent
Offentlege institusjonar	33,3 prosent
Organisasjonar som i hovudsak arbeider med utviklingsarbeid	17,8 prosent
Organisasjonar som i hovudsak arbeider med andre saker	32 prosent
Norske helseinstitusjonar	66,6 prosent
Sektoren "Helse og sosial"	16, 3 prosent
Sektoren "Utdanning"	12, 7 prosent
Sektoren "Styresett, kvinner og likestilling"	33,3 prosent
Sektoren "Klima, landbruk, miljø- og ressursforvaltning og økonomisk utvikling"	100 prosent
Interesseområdet "Hjelp til menneske med nedsett funksjonsevne"	42,85 prosent

Tabell 3 - Tettleik etter kategori

Dersom tettleiken i nettverket var einsarta ville dei ulike tettleiksverdiane vere tilnærma like og nært opptil tettleiken på heile nettverket på 28,3 prosent. I tabellen over kan ein sjå at dette ikkje stemmer. Det fins altså grupper i nettverket som står tettare enn dei andre gruppene og enn nettverket som heilskap. Tre kategoriar skil seg ut med særleg høge tettleiksverdiar og tre skil seg ut med særleg låge tettleiksverdiar sett i forhold til totalen. Sektoren «Klima, landbruk, miljø- og ressursforvaltning og økonomisk utvikling» har ein tettleik på 100 prosent, noko som betyr at alle innanfor denne gruppa kommuniserer med kvarandre. Dette viser seg å vere litt spesielt fordi det berre er tre respondentar som har plassert organisasjonen sin innanfor denne

sektoren, og alle desse høyrer til aktørane som har norske representantar i Malawi. Det kan vere tilfeldig at akkurat dette er noko alle dei tre arbeider med, eller så har det ein samanheng med det som kjem fram seinare i oppgåva, at desse aktørane møtes jamleg og kanskje faktisk påverkar kvarandre til å arbeide med same tema. Dette ville i så fall støtte trua på at det å møtast eller kommunisere jamt gjer at ein koordinerer seg meir.

Den andre kategorien som skil seg ut er «norske helseinstitusjonar» der tettleiken er på 66,6 prosent. Frå feltarbeidet har eg informasjon om at dei norske helseinstitusjonane gjerne samarbeider med lokale sjukehus om undervisning, oppgradering og utveksling av personell. Det vil seie at det kanskje er naturleg at desse aktørane har ein viss kommunikasjon med kvarandre. Samstundes er dette eit interessant funn sett mot tettleiken i sektoren «Helse og sosial» som er lågare enn tettleiken i heile nettverket. Dette kan tyde på at det faktisk er det at desse aktørane er helseinstitusjonar frå Noreg som gjer at dei kommuniserer, meir enn at dei arbeider innanfor helsesektoren. Dette er vanskeleg å seie sikkert då vi ikkje veit korleis respondentane har tenkt når dei har plassert seg innanfor sektorane.

Innanfor interesseområdet "Hjelp til menneske med nedsett funksjonsevne" er og tettleiken høgare enn i resten av nettverket. Dette var forventa fordi det er fleire norske interesseorganisasjonar som arbeider med nettopp dette interessefeltet som er engasjerte i Malawi. Desse har som nemnt ein paraplyorganisasjon som hjelper dei med utviklingsarbeidet. Det er derfor naturleg at det fins meir kommunikasjon blant desse. Samstundes kan det ha andre årsaker, som at ein innanfor dette feltet til dømes har klart å finne kvarandre og kommunisere meir på tvers av land. Det fins ikkje informasjon i datamaterialet om aktørar frå andre land, men det kan vere at denne norske gruppa er ein del av eit større nettverk for dette arbeidet.

Som nemnt er det låg tettleik innanfor sektoren «Helse og sosial», men og innanfor sektoren «Utdanning». Dette er kanskje overraskande og støttar trua på at kva sektor ein arbeider innanfor ikkje er det viktigaste når det gjeld kven som kommuniserer med kvarandre. Også det at dei tradisjonelle bistandsorganisasjonane ikkje har høg tettleik seg i mellom er interessant og kan vitne om at kva type organisasjon ein arbeider i, heller ikkje er avgjerande for kommunikasjon. Eller motsett kan det bety at det er stor konkurranse mellom dei tradisjonelle bistandsorganisasjonane, og at desse faktisk kommuniserer mindre enn resten av nettverket.

Denne øvinga viser at det i nokre kategoriar ser ut til å vere meir kommunikasjon mellom aktørane enn i resten av nettverket, men at det i andre kategoriar ikkje er nokon forskjell eller

at det er mindre kommunikasjon. Dette er relevant å ta med seg vidare. Det er også interessant å ta med seg at tre av aktørane som vi veit kommuniserer mykje fordi dei møtes jamt, er dei einaste som gir opp at dei arbeide innanfor ein viss sektor. Det kan som nemnt spekulera i at desse er opptekne av denne sektoren nettopp fordi dei møtes ofte. Også at tettleiken er stor innanfor aktørane som er interesserte i arbeid for menneske med nedsett funksjonsevne, kan vere knytt til at det innanfor dette området fins ein norsk aktør som arbeider for auka samarbeid i denne gruppa. Begge desse faktorane vitnar positivt for trua på at meir kommunikasjon er positivt for å få til betre koordinering.

5.2. Drøfting – Korleis flyt kommunikasjonen mellom norske aktørar i Malawi?

Nettverk vart i teorikapittelet definert som "ein relativt stabil arena der fleire aktørar kan kommunisere og samarbeide i varierende grad om eit bestemt tema eller problem. I nettverket kan varer, tenester kunnskap eller informasjon utvekslast". Det vart og skilt mellom nettverk og nettverksordningar etter Brown og Keast (2003:119) sine klassifiseringar der nettverksordningar vert forstått som mindre formelle og lausare band mellom eit sett aktørar.

Det fins absolutt nettverksrelasjonar mellom dei norske aktørane i Malawi. Alle aktørane som vart teke med i denne analysen tok del i kommunikasjon med andre og det var ikkje ein einaste aktør som berre kommuniserte med Norad og/eller den norske ambassaden, som dei gjerne må kommunisere med i formelle ærend. Alle aktørane hadde og kommunisert med minst ein annan uavhengig aktør. Dette fortel at det kan verke som det er naturleg for dei norske aktørane i Malawi å ta kontakt med andre. Det er dessverre vanskeleg å seie noko om kor stabil arenaen for kommunikasjon er, sidan det ikkje fins informasjon om kor mykje eller ofte det er kommunisert. Det kan vere at kommunikasjonen mellom to aktørar var eit eingongstilfelle og at det ikkje lenger fins kommunikasjon. Likevel er det så mange band mellom aktørane at det naturleg å rekne nettverket som stabilt. Nettverket forsvinn ikkje om enkelte aktørar skulle delta lite.

For å sjå om det faktisk er eit nettverk eller om det berre fins meir ustrukturerte nettverksordningar er det til hjelp å sjå på strukturen på relasjonane. Analysen av tettleik viser oss at nettverket er ikkje spesielt tett og at det fins mange potensielle relasjonar i nettverket som ikkje er utnytta. Sjølv om måla som er nytta på tettleik kanskje ikkje gir oss dei mest definitive svara, er det likevel ein indikator på at nettverket ikkje er fult utnytta. Dette kan vere på grunn av at ikkje alle aktørane er medvitne på at dei andre fins, eller det kan vere på grunn av motvilje

til å ta kontakt med kvarandre. Det kan og vere på grunn av at det ikkje fins ein klar tanke om å nytte nettverk som eit verkemiddel i den forstanden som governance legg opp til. Dupont (2006:167) viser til at mange aktørar i nettverk ikkje er medvitne om nettverket som heilskap og dermed berre konsentrerer seg om dei aktørane som ligg nærast geografisk eller relasjonelt. Uansett kan ein lågare score på tettleiksanalysen vitne om at det, i større grad enn å vere eit formelt nettverk, fins nettverksordningar der relasjonane mellom aktørane består av mindre formelle og lausare band.

Governance-tankegangen, der nettverksorganisering skal vere eit middel for betre effektivitet, kan likevel vere gjeldande. Det er ikkje nødvendigvis dei tettaste og mest integrerte nettverka som får utretta mest og gir best nytte til medlemmene. Dei litt lausare nettverka der banda er svakare, men fleire, kan gi større påverknadskraft fordi dei kan rekke ut til langt fleire enn gjennom sterke band. Dette kjem av at aktørar med sterke band mellom seg ofte har mange av dei same kontaktane og det fins færre høver til å utvide nettverket og rekke ut til fleire. Det vert danna "klikkar" som har lite kontakt med andre. Dei som har mange svake band til andre aktørar, har større påverknadskraft, fordi deira kontaktar igjen har mange svake band til endå fleire (Granovetter, 1973:1360-1362, 1365-1369).

Den siste analysen som var gjort av den heilskaplege strukturen i nettverket var for å sjå om det var relevant å studere nettverket som ei eining. Er det relevant for norske aktørar å kommunisere med kvarandre? Ei innvending var at det kanskje ikkje var så interessant å kommunisere med ein aktør som arbeider i ein heilt annan sektor. Tettleiksmåla basert på kategoriar viser at det rett nok ser ut som at aktørar innanfor nokre sektorar har meir kommunikasjon med kvarandre enn andre, men det overordna biletet er at kommunikasjonen går på tvers av både arbeidsområde og om organisasjonane er bedrifter eller tradisjonelle bistandsorganisasjonar. Det er dessutan mange av aktørane som arbeider innanfor mange sektorar og kan ha ulike ting å snakke med ulike aktørar om. Vi veit ikkje om kommunikasjonen det vert spurt om i dette prosjektet er sektorspesifikk eller om den omhandlar heilt andre ting. Det ser uansett ut til at kommunikasjonen mellom dei norske aktørane i Malawi går på tvers av sektorar.

Dei heilskaplege analysane gjort i dette kapittelet viser at det fins nettverksrelasjonar mellom dei norske aktørane i Malawi. Det er ikkje eit spesielt tett nettverk. Det er til ei viss grad sentralisert rundt Norad og den norske ambassaden, men er ikkje særleg sentralisert når ein tek vekk desse aktørane. Framfor å kalle det eit formelt nettverk kan det kanskje karakteriserast som at det fins nettverksordningar. Det vil seie at dette nettverket manglar den formelle strukturen av felles avtalar og mål. Det vert ikkje gjennomført felles program og planlegging.

Likevel er nettverksrelasjonane tilstade i ei meir uformell form. Det fins kommunikasjon mellom aktørane, men ikkje i ei strukturert og strategisk form. Tettleiken viser at det er potensiale for langt meir kommunikasjon. Det er til no sett på strukturen til nettverket, og det har kome fram ei forståing kva strukturen har å seie for relasjonane og kommunikasjonen i nettverket. Likevel er det ikkje mogleg å vite noko om dei ulike aktørane sine posisjonar, og korleis dette påverkar nettverket. Dette vert gått nærare inn på i neste kapittel.

6. FUNN OG ANALYSE – DEL 2

I førre kapittel vart dei overordna trekka ved nettverket som eining presentert og drøfta. Dette kapitlet skal forsøke å svare på andre forskingsspørsmål «Korleis påverkar enkelte aktørar nettverket?». Det vert altså sett nærare på dei enkelte aktørane sine posisjonar og kva dei har å seie for nettverket. Nettverket vert studert på mikronivå. I teorikapitlet vart Nodal Governance-teorien presentert, der dei enkelte nodane sine posisjonar og eigenskapar vert sett på som viktige for å kunne seie noko om nettverket si evne til å løyse utfordringar. I dette kapitlet vert først funn om aktørane sine posisjonar og karakteristikkar presentert før dei vert drøfta mot teorien.

I analysen av materialet skil særleg fire funn seg ut som viktige. Før det første er det andre aktørar enn ein skulle tru som har dei mest sentrale posisjonane i nettverket. Det andre funnet er at det ser ut til å finnast kjenneteikn på governance i nettverket. Det tredje funnet er at det kan verke som om omgrepet koordinering bommar på behovet i nettverket. Det fjerde funnet er at det fins stort potensiale for å betre kunnskapshandteringa i den norske sektoren.

6.1. Sentrale posisjonar i nettverket:

Sentraliseringsindeksen i førre kapittel viste oss at det fanst ei viss sentralisering, men at det ikkje i så stor grad at nettverket vart stjerneforma. For å sjå på kva aktørar som er sentrale, vert det her gjort analysar av kvar aktør sin sentralitet. Under er analysane for aktørane sin gradssentralitet og mellomleddssentralitet samla i eit skjema og vidare vert det gått nærare inn på kva dei ulike verdiane og analysane vil seie.

Node	Inn-grad	Ut-grad	Mellomleddssentralitet
Atlas-alliansen	33,3	8,3	12,12
Caritas	4,2	20,8	0
Den Norske Ambassaden	66,7	4,2	3,93
Flora Vidaregåande skule	8,3	8,3	2,07
FORUT	0	8,3	0
Fredskorpset	25	8,3	8,37
Grønningen-Bjørke Malawi Foundation	0	12,5	0
Haraldsplass Sjukehus	0	25	0
Haukeland Universitetssjukehus	20,8	0	0
Hørselhemmedes Landsforbund	16,7	12,5	8,21
Kirkens Nødhjelp	25	29,2	14,58
Landsorganisasjonen i Norge	0	20,8	0
Lions Aid	12,5	0	0
Norad	37,5	12,5	9,44
Norges Blindeforbund	8,3	12,5	1,02
Norges Handikapforbund	33,3	12,5	9,45
Norsk Forbund for Utviklingshemmede	4,2	33,3	2,16
Norsk Sykepleierforbund	8,3	12,5	0
Norway Cup	0	20,8	0
Oslo Universitetssjukehus	4,2	12,5	0
Plan Norge	12,5	8,3	1,36
Redd Barna Norge	4,2	8,3	0,73
Sofie Minde Ortopedi a/s	0	20,8	0
Stiftelsen Signo	12,5	29,2	8,54
Utviklingsfondet	16,7	12,5	2,08

Tabell 4 – Oversikt over sentralitetsmål

6.1.1. SENTRALITET

Som forklart i teorikapittelet er sentralitet eit mål som måler kva posisjon den enkelte aktøren har. Igjen ser vi på ein inn-grad og ein ut-grad som altså viser om kommunikasjonen har gått inn eller ut frå noden. Retninga til relasjonane kan tolkast å seie noko om eigenskapar ved aktørane. Til dømes kan ein tenke at nodar med mange utgåande band har vore interesserte i å danne mange relasjonar, medan nodar med mange innkomande band kan vere rekna av dei

andre nodane som viktige kontaktpunkt for informasjon eller samarbeid (Borgatti et al., 2013:176). Sidan vi ikkje veit om relasjonane er sterke eller svake, om kommunikasjonen har vore omfattande eller berre eit enkelttilfelle eller kva kommunikasjonen har handla om, kan vi ikkje seie dette sikkert. Det kan og vere tilfeldig at ein organisasjon tok kontakt før den andre rakk å gjere det. Likevel er det interessant å sjå på retninga fordi det gir hint om årsaka bak posisjonen til aktørane.

I skjemaet over, i kolumnene inn-grad og ut-grad, kan ein lese av kva sentralitetsgrad dei ulike nodane har. Talet viser prosentandelen for kor stor del av dei totalt moglege ledda ein node har. Altså kor mange av dei moglege aktørane har ein bestemt aktør kontakt med. Inn-graden viser kommunikasjonen som kjem inn til noden og ut-graden viser kommunikasjonen ut. I analysen av grad-sentralitet viser det seg igjen at den Norske Ambassaden og Norad har flest relasjonar, men vi kan no lettare sjå at det er stor skilnad i kor mykje dei sjølve har teke initiativ og kor mykje andre har teke initiativ. Den Norske Ambassaden har klart høgst inn-grad, på 66,7 prosent og ei mykje lågare ut-grad, på 4,2 prosent. At inn-graden er på 66,7 prosent vil seie at ambassaden har inngåande kontakt med 66,7 prosent av dei moglege kontaktledda, noko eg vil rekne som høgt. Norad har ei noko lågare inn-grad, på 37,5 og ei ut-grad på 12,5. Sidan ut-graden er høgare enn ambassaden, veg dette opp for ei noko lågare inn-grad, sidan dei til saman har kontakt med 50 prosent av dei moglege kontaktledda. Desse høge sentralitetsmåla er igjen logiske i når ein tenkjer på rolla desse aktørane har. Mange tek kontakt med både ambassaden og Norad for å søke om midlar eller få informasjon om landet dei skal jobbe i. Verdiane fastslår likevel den sentrale posisjonen desse aktørane har i nettverket.

Kirkens Nødhjelp var den aktøren med flest ledd utanom ambassaden og Norad. Når grad-sentraliteten vert analysert får vi at inn-graden er 25 prosent og ut-graden 29,2 prosent. Dei har dermed både teke kontakt med mange og blitt kontakta av mange. Det er lett å tenkje at verdiane er mykje lågare enn Norad og ambassaden sine, men når ein slår saman inn-grad og ut-grad, ser ein at Kirkens Nødhjelp har kontakt med 54,2 prosent av dei moglege kontaktledda. Dette er meir enn Norad. Norges Handikapforbund hadde 11 ledd, med ei inn-grad på 33,3 prosent og ei ut-grad på 12,5 prosent. Her kan vi sjå at det er langt fleire som har teke initiativ til kontakt med dei enn Handikapforbundet sjølv har kontakta. Også Atlas-alliansen har ei langt større inn-grad enn ut-grad med 33,3 mot 8,3 prosent. Stiftelsen Signo har derimot ei inn-grad på 12,5 og ei ut-grad på 29,2 prosent. Det betyr at den sentrale posisjonen som var mogleg å sjå i sosiogrammet i størst grad var knytt til utgåande kontakt, Stiftelsen Signo hadde sjølv teke

initiativ til denne kommunikasjonen. No kan vi og sjå at Fredskorpset har ei betydeleg inn-grad på 25 prosent, noko som ikkje kom så tydeleg fram på sosiogrammet.

Desse resultatane er interessante fordi dei seier noko om kor sentrale aktørane er i nettverket, og i kor stor grad andre aktørar har teke initiativ til kontakt med dei enkelte. Det er naturleg å særleg trekkje fram Kirkens Nødhjelp, Norges Handikapforbund, Fredskorpset og Atlas-Alliansen som særleg sentrale i nettverket i tillegg til Norad og den Norske Ambassaden i Lilongwe. Det er nærliggjande å tru at dette er aktørar som vert rekna som viktige å ha kontakt med. Norsk Forbund for Utviklingshemmede og Haraldsplass Sjukehus har begge relativt høge ut-grader på 33,3 og 25 prosent, noko som tyder på at dei har vore aktive i å ta kontakt med andre aktørar i nettverket.

Som det vart diskutert i metode-kapittelet er grads-sentralitet eit relativt robust mål, trass i at ikkje alle reknar det som fullverdig. Likevel er det grunn til å tru at det som kjem fram i analysen i stor grad er rett. Resultatane kan uansett vere påverka av målefeil. Det at ikkje alle aktørane i undersøkinga har rapportert inn sjølve kan påverke resultatane her. Til dømes har ikkje Norad og Fredskorpset teke del i undersøkinga, og informasjonen kjem derfor frå andre aktørar. Det kan vere at informasjonen her hadde vore annleis dersom dei og hadde uttalt seg sjølv. Det er likevel grunn for å tru at det er nokon lunde rett at dei begge har større inn-grad enn ut-grad, då det stort sett fungerer slik at organisasjonar sjølve tek kontakt med Norad, Fredskorpset og ambassaden for å søke om midlar, informasjon og samarbeid.

6.1.2. MELLOMLEDDSENTRALITET

Nokre nodar har viktige roller som mellommenn mellom andre nodar. Det vil seie at dei potensielt kan setje andre nodar i kontakt med kvarandre og styre informasjonensflyten i nettverket. For å finne ut kva aktørar som har viktige mellomleddsroller kan ein gjere ein analyse av mellomleddsentralitet. Som forklart tidlegare er nodane med høgast verdiar ofte plassert midt på den kortaste ruta mellom to andre nodar. I denne analysen kjem Kirkens Nødhjelp og Atlas-alliansen høgst ut med verdiar på 14,58 og 12,12. Dette tyder på at desse aktørane faktisk har meir strategiske posisjonar i nettverket enn Norad og ambassaden som hadde fleire ledd. Desse aktørane kan dermed ha eit stort potensiale for å setje andre aktørar i kontakt med kvarandre. Andre aktørar som er verdt å nemne er Norges Handikapforbund, Norad, Stiftelsen Signo, Fredskorpset og Hørselhemmedes landsforbund. Sidan dei nodane med høgst verdi er relativt jamne, og verdien på mellomleddsentralitet ikkje er veldig høg, kan vi gå ut frå at det ikkje er nokon bestemte aktørar i nettverket som har rolla som dørvakter. Det er

truleg at aktørane i nettverket har høve til å danne relasjonar med dei dei ønskjer. Likevel er det interessant å sjå at to av aktørane har meir strategiske plasseringar enn andre. Det er også veldig interessant å merke seg den låge prosenten den Norske ambassaden har på 3,93. Dette kan antyde at ambassaden har ei mindre sentral rolle i nettverket når det gjeld det å setje andre aktørar i kontakt med kvarandre. Den låge mellomleddssentraliteten er nok i stor grad knytt til at ambassaden har få utgåande band, noko som kan bety fleire ting. Det er mange som tek kontakt med ambassaden, og som gjerne kjem den i forkjøpet. Det vert danna ein kontakt der ambassaden kan vere viktig utan at det var dei som tok initiativet. Initiativ-målet kan her gi eit feil inntrykk nettopp fordi ambassaden kan vere viktig i relasjonen sjølv om den andre aktøren først måtte ta initiativet.

Som det vart diskutert i metodekapittelet kan manglande data spele ei stor rolle når det gjeld mellomleddssentralitet. Det er viktig å ha dette med når ein ser på desse resultata og ikkje leggje for stor vekt på mindre skilnadar. Respondentane for ambassaden nemnte sjølve at dei ikkje hadde full oversikt over informasjonen inn og ut, noko som kan ha gitt manglande data. Samstundes vart andre aktørar spurt svært nøye om ambassaden si rolle i nettverket så det er grunn for å tru at informasjonen som kom fram gjennom desse burde spegle ambassaden sin posisjon ganske godt.

6.2. Karakteristikkar ved aktørane

Som det vart sett på i kapittel 3.2.1 i teorien om nodar, identifiserer Scott Burris, Peter Drahos og Clifford Shearing fire karakteristikkar som skildrar nodane si evne til påverke ein gitt situasjon. Dette kjem fram i rammeverket om «Nodal Governance». Dei fire karakteristikkane er 1. Mentalitetar, ein måte å tenke på situasjonen nettverket skal handtere, 2. Teknologiar, metodar for å påverke det som skjer i situasjonen, 3. Ressursar til å gjennomføre noden sine oppgåver og påverknad, og 4. Institusjonar, ein struktur som legg til rette for mobilisering av mentalitetar, ressursar og teknologiar over tid. Under er informasjon om aktørane som kom fram gjennom datamaterialet fordelte under desse karakteristikkane.

6.2.1. MENTALITETAR

6.2.1.1. *Norad og den norske ambassaden i Malawi*

Norad er eit organ som har som oppgåve å arbeide med og kvalitetssikre norsk utviklingsarbeid. Eit kjapt blick på nettsida deira, gir inntrykk av at dei stadig arbeider med å forbetre arbeidet sitt og at dei har klare mål og idear om kva norsk utviklingsarbeid skal oppnå (Norad, 2016).

Også den norske ambassaden i Lilongwe arbeider mykje med utviklingsarbeid og er opptekne av å utvikle og kvalitetssikre norsk arbeid.

Det verkar som dei to institusjonane har god kontakt med kvarandre, når det gjeld koordinering av norsk utviklingsarbeid. Dei nyttar kvarandre som ressursar og verkar begge som om dei meiner at det er viktig å sørge for eit heilskapleg utviklingsarbeid.

Informanten frå Norad fortel at dei prøver å sørge for at aktørar som arbeider innanfor same felt veit om kvarandre. Dei vert oppmoda til å samarbeide om konkrete ting i konkrete land, men at dei ikkje er pliktige til å samarbeide. Men han fortel samstundes at bistanden frå Noreg er i varierende grad og ikkje så veldig strengt koordinert. Informanten frå den Norske Ambassaden i Lilongwe seier rett ut at «Vi har ikkje tatt ansvar for at dei skal ha eit nettverk». Men seier vidare at: «Ja, altså for oss er det veldig viktig at det ikkje er for stykkevis og delt». Det verkar som om det kan finnast ein ide om at koordinering mellom norske aktørar er lurt, men at det ikkje fins ein klar strategi for at det skal skje. Ambassaden er ganske tydeleg på at dei ikkje tek ansvar for nettverksrelasjonar mellom norske aktørar, men Norad seier at dei forsøker.

6.2.1.2. Andre norske aktørar i Malawi

På same måten som at Norad og Ambassaden kan verke å ha lite strategi for koordinering, kan det verke som om det fins ein motstand eller ei haldning av motløyse hos norske aktørar for det same. Det kom noko ulike svar når det blei spurt om samarbeid i undersøkinga, der mange svarte at dei var positive til samarbeid, og i intervjuet der det kom fram at mange fann det utfordrande. I spørjeundersøkinga vart respondentane bedt om å ta stilling til eit par påstandar, og det kom fram at mange av respondentane har positive haldningar til det å samarbeide med andre norske aktørar.

Påstand	«Einig» eller «Litt enig»	«Verken enig eller ueinig»	«Litt ueinig» eller «Ueinig»
«Samarbeid mellom norske bistandsaktørar styrkar kvaliteten på norsk bistandsinnsats»	19 av 21	2 av 21	0 av 21
«Samarbeid mellom ulike aktørar gjer at ein lettare kan nå overordna målsettingar».	19 av 21	2 av 21	0 av 21

«Det er behov for større eit fokus på samarbeid i bistandssektoren»	17 av 21	4 av 21	0 av 21
«I eit nettverk mellom bistandsaktørar bør det arbeidast for koordinering av prosjekt»	18 av 21	3 av 21	0 av 21

Tabell 5 – Påstandar – Samarbeid

På bakgrunn av desse svara ser det ut til at det er positive haldningar til kommunikasjon og samarbeid mellom norske aktørar. Dei tre første påstandane nyttar ordet samarbeid framfor ordet koordinering i påstandane. Samarbeid er gjerne generelt oppfatta som positivt av respondentane. Påstandane over er og normative og peiker på ein idealtilstand som respondentane gjerne kan tenke seg er positiv. Til saman gir påstandane eit inntrykk av at respondentane finn samarbeid positivt for arbeidet.

I intervjuja nyanserte informantane biletet frå spørjeundersøkinga. I intervjuja vart det i større grad snakka om omgrepet koordinering og kvifor det ikkje er så lett å få til. Det kan verke som om noko av problemet ligg i omgrepsbruken, og at særleg omgrepa koordinering og harmonisering gir informantane assosiasjonar til noko som er vanskeleg eller slitsamt å få til. Det verkar derimot som om mange er einige i prinsippa som ligg bak desse omgrepa, men at det og er vanskeleg, eller liten vilje, til å få det til i praksis. Under kjem nokre fleire årsaker som kom fram under intervjurunda, til kvifor koordineringa av norske organisasjonar ikkje er optimal, og kvifor det ikkje alltid er noko norske aktørar arbeider for.

Nytteverdi

Når det gjeld nytteverdien til koordinering, er det eit klart skilje mellom det respondentane forstår som nytten av koordinering på eit overordna nivå, og nytten for den enkelte organisasjon i sitt arbeid. Nokre respondentar seier at koordinering på eit overordna nivå, av heile den norske bistandssektoren, er nyttig og ønskjeleg. Ein respondent hevdar at norske organisasjonar bør koordinerast så mykje som mogleg slik at kunnskapen og erfaringa dei enkelte organisasjonane har kjem fleire til gode. Han seier samstundes at det er viktig at nokre organisasjonar jobbar mot smale målgrupper som lett kan forsvinne i større prosjekt. Det er i følgje respondenten bra at norske organisasjonar leverer same type intervensjonar dersom desse er koordinerte. Slik unngår ein at fleire organisasjonar leverer same type teneste til same målgruppe, eller opplever overlapping, ulike metodar og dårleg utnytting av ressursane.

Med koordinering av geografisk område, målgruppe, metodar, kontakt med myndigheiter og andre aktørar, kan norske organisasjonar godt arbeide på lik måte. Dette kan gi ei breiare erfaringsbase og føre til sterkare prosjekt i framtida. Nøkkelordet er koordinering.

(Eiga omsetjing)

Ein annan informant seier at koordinering er nyttig for å sikre at aktørar har informasjon om kvarandre, medan ein tredje ønskjer seg eit koordinerande organ: «Hadde vore ein stor fordel om det hadde vore eit kontor som koordinerte all helsebistand i Malawi» (eiga omsetjing).

Så kor er vi hen, kva gjer vi? Kven gjer kva, kvar? For å finne ut og få den oversikta der så er det [koordinering] nyttig. Og meir for å ha forståinga av at vi ikkje overlappar kvarandre eller driver og konkurrerer så er det nyttig.

Ein respondent på spørjeundersøkinga ser nokre positive ringverknader koordinering kan ha for deira eige arbeid, og peikar på eit prosjekt der dei deler på kostnadar og supplerer kvarandre sin fagkompetanse. Han seier vidare at aktørar som arbeider i same område eller innanfor same tema kan ha nytte av å koordinere, men at desse tilfella er sjeldne og vanskeleg å identifisere. «[...] her kan ambassaden bidra på ein nyttig måte. Særleg dei nye landmøta er nyttige i den samanhengen» (eiga omsetjing).

Når det gjeld koordinering som nytte for eige arbeid, uttaler mange informantar at det å koordinere seg med andre norske aktørar har liten nytteverdi spesifikt for arbeidet dei gjer. Det kjennest nok derfor endå mindre verdifult å skulle bruke tid og ressursar på det. Dei trekkjer fram det at dei arbeider med ulike mandat, at dei arbeider i ulike delar av landet og at prosjekta deira er så ulike som grunnar for at det ikkje er nyttig å kommunisere med dei andre norske aktørane. Nokre av informantane seier likevel at det kan vere interessant å treffe kvarandre for å vere opplyste om kvarandre sitt arbeid og kanskje få praktisk informasjon av kvarandre. Ein informant trekkjer fram at dei ulike norske aktørane gjerne går på ulike møter og dermed får med seg ulike ting og at å kommunisere derfor kan vere nyttig. Dei snakkar altså her om det å dele informasjon.

Eigeninteresse

Ein informant peikar på at organisasjonane sine eigeninteresser påverkar insentivet for å samarbeide. I følgje informanten kom dette tydelig fram med det forventa bistandskuttet i haust, då organisasjonar som vanlegvis kommuniserer og samarbeider godt i større grad tenkte på seg sjølv og sitt eige arbeid framfor samarbeid. Det vart ei konkurransetemning som gjekk utover

koordinering og samarbeid.

Vi jobbar jo alle saman for same sak. Vi vil jo alle helst verte arbeidsledige, men i realiteten er det ikkje sånn. I realiteten ønskjer folk å fortsette å behalde jobbane sine og dei ønskjer at dei dei gir støtte til skal bestå. Det er jo forståeleg. Vi føler jo, vil eg tru da, at vi gjer eit viktig arbeid.

Ein respondent i spørjeundersøkinga hevdar og at det fins ein motstand mot samarbeid nettopp på grunn av konkurranse.

Det er ein viss motstand mot tett samarbeid mellom frivillige organisasjonar i Malawi fordi dei konkurrerer om knappe midlar. Nokre har også erfaring med at dei samarbeider, [for] eksempel om å skrive ein prosjektsøknad. Ein av partane trekkjer seg for så å seinare levere prosjektsøknaden i eige namn og utelate den parten som har bidrege med idear og kunnskap.

(eiga omsetjing)

I spørjeundersøkinga var det om lag halvparten av respondentane om svarte at dei var "Einig" eller "Litt einig" i påstanden. Respondentane er altså ikkje unisone i svaret på denne påstanden.

Påstand	«Einig» eller «Litt einig»	«Verken einig eller ueinig»	«Litt ueinig» eller «Ueinig»
«Konkurransen om donorar og midlar svekker moglegheita for å dele informasjon og kunnskap med andre organisasjonar	10 av 19	3 av 19	6 av 19

Tabell 6 – Påstandar – Konkurranse

Dette kan ha med at nokre opplever meir eller mindre konkurranse innanfor sitt fagfelt eller at andre opererer relativt åleine som norsk organisasjon innanfor eit felt. Det at nokre respondentar opplever konkurranse som hemmande for informasjonsdeling peikar mot at eigeninteressa er stor i sektoren. Konkurransen om midlar kjem nok til å vere der så lenge norske aktørar er avhengige av midlar frå til dømes Norad og den Norske Ambassaden. Eigeninteresse kunne likevel fått mindre betydning dersom insentiv for å samarbeide var lagt inn i systemet for allokering som eit krav eller eit sterkt ønskje.

Diskurs

Informantane frå både Norad, ambassaden og dei andre aktørane vart spurte om dei kjenner til harmonisering og alignment-omgrepa og om dei vert brukte i organisasjonssamanheng. Dei fleste verka til å ha kjennskap til omgrepa. Eit par informantar meiner likevel at omgrepa skjeldan vert brukte og ein respondent meiner at omgrepa ikkje lenger er i bruk: «Altså det er lenge sidan folk slutta å snakke om Paris. Du høyrer det av og til, men altså det har vel noko med, eit land som Malawi med Cashgate og sånn, så har det vel kokt litt bort i kålen».

Likevel verkar det som ein del nyttar prinsippa bak utan å nytte sjølve omgrepa. Ein informant gav uttrykk for at prinsippa har vore tema i organisasjonen. Han kunne opplyse at dei var representerte gjennom ein paraplyorganisasjon på High Commission-møtet i Addis Abbeba og har følgd prosessane med effektivitetsagendaen tett sidan. Ein annan informant seier dei ikkje brukar omgrepa i dagleg tale i organisasjonen, men at prinsippa bak dei og det praktiske i deklarasjonen, er konsept dei jobbar mot. Denne informanten seier og at Norad jo har auka fokuset på resultat dei siste åra, noko som og var ein del av effektivitetsagendaen, og at dette er noko organisasjonane har merka. Han seier og at trass i at det er prinsipp organisasjonen tek stilling til, har han nok mest kjennskap til dei gjennom utdanninga si. Nok ein annan informant seier at han er kjend med temaet og har vore med på utforminga av Norad sin politikk med harmoniseringstiltak, men at han ikkje kjenner til rapporten om korleis det har gått med arbeidet. Han seier dei forsøker å vektleggje prinsippa om harmonisering og koordinering i størst mogleg grad i organisasjonen han arbeider i no, men at det er vanskeleg.

Informanten frå Norad fortel at Busan på eit vis vart eit møte der ei ny erklæring vart vedteken og at harmonisering då var skyvd noko til side til fordel for andre prinsipp. I følgje informanten er dette noko som gjerne skjer med slike prinsipp. Dei utviklar seg, blir til trendar som varer nokre år, før det kjem inn nye prinsipp og nye trendar. Budsjettstøtta blir brukt som eit liknande eksempel.

Det er jo gjerne slik innanfor bistand og andre sektorar også, at det er eit stort møte, ein blir einig om eit prinsipp. Så jobbar ein, så lenge dei politikarane som vedtok dei prinsippa sit i posisjonar i styresmakts-apparata rundt om kring, og det blir følgd opp grundig. Men så kjem det nye politikarar inn, så kjem det nye diplomatar inn, det kjem nye bistandsarbeidarar og då har ikkje dei alltid det same eigarskapet til prinsippet som dei som vedtok dei og då blir dei som regel litt vatna ut etterkvart, og så kjem det nye prinsipp som ein heller skal konsentrere seg om.

To ting er interessant når det gjeld diskursen. For det første er det interessant å merke seg at fleire informantar seier omgrepa harmonisering og alignment er lite i bruk, medan dei samstundes snakkar om at det er viktig med koordinering, nettverks-fokus, partnerskap med lokale aktørar og at dei er positive til å dele informasjon. Dei nyttar ikkje omgrepet harmonisering, men prinsippet som ligg bak. Dette kan antyde at omgrepet, som informanten frå Norad hevda, har hamna litt bak på i effektiviseringsagendaen, men at ideane bak omgrepa har blitt sitjande i systemet i lang tid etterpå. Det kan tyde på at det går litt seint i kommunikasjonen frå det overordna fagmiljøet til miljøet som arbeider med praktisk gjennomføring.

For det andre er det interessant at koordinering er ein del av diskursen og at så mange hevdar å ha positive haldningar til samarbeid, samstundes som det er tydeleg at det er vanskeleg å gjennomføre i praksis, at det har avgrensa nytteverdi og at dei kanskje ikkje eigentleg har trua på det. Dette antyder at diskursen kanskje ikkje speglar det som er mest nyttig i praksis. På bakgrunn av desse to aspekta, kan det sjå ut til at tema som vert innført i diskursen på eit høgt nivå og vert innarbeida i diskursen på eit lågare nivå, trass i at det bommar på dei praktiske problema i feltet.

6.2.2. TEKNOLOGIAR

6.2.2.1. *Norad og den norske ambassaden i Malawi*

Både Norad og ambassaden har fleire metodar for å påverke det norske utviklingsarbeidet. Mellom anna er resultatfokus og evaluering ein viktig metode for å sikre at aktørar som driv arbeid gjer det så effektivt som råd. Dette er det mykje fokus på i utviklingssektoren. I dette prosjektet er fokuset på governance og bruken av nettverk for å få eit meir effektivt arbeid, og det vert derfor her sett på dei to institusjonane sine metodar for å påverke nettverket og arbeide for koordinering.

Som diskutert i bakgrunnskapitlet, kontrollerer utanriksdepartementet det meste av utviklingsmidlane, men dei vert fordelt på tre kanalar: multilateral bistand, bilateral bistand og sivilsamfunnsstøtte. Den bilaterale støtta er det dei norske ambassadane som handterer, medan sivilsamfunnsstøtta vert handtert av Norad. Sjølv om alle midlane kjem frå UD, vert dei forvalta separat i dei tre kanalane.

I samtale med Norad og ambassaden kjem det særleg fram tre metodar som skal sikre betre koordinert utviklingsarbeid frå Noreg. Det første metoden for betre koordinering er at dei to kanalane for overføringar gjennom bilateral bistand og sivilsamfunnsstøtte, kommuniserer om

planane sine for overføringar. I følge både ambassaden og Norad, som forvaltar midlar frå kvar sine budsjett, er det tett kontakt mellom dei for å sikre at aktørane som tek i mot pengar har gode prosjekt. Sidan ambassaden har betre oversikt over forholda i Malawi sender Norad søknadane dei får inn til ambassaden for uttale. Ambassaden kan då seie om dei meiner prosjektet passar inn i landet sine mål for utvikling, om dei kjenner til aktøren og om det verkar som om aktøren er dyktig.

Informanten frå den Norske Ambassaden i Malawi forklarar at dei vurderer om søknadane dei får tilsendt verkar solide, om prosjektet er fornuftig, om det er andre aktørar som kunne gjort ein betre jobb og om dei lokale partnarane dei har knytt til seg er solide. Dei forsøker og å halde Norad oppdaterte på korleis ambassaden opplever dei ulike aktørane på landnivå, slik at Norad har litt bakgrunnsinfo når dei handterer dei frå Noreg. Ambassaden kan og vende seg til Norad for å spørje om praksisar dei ulike aktørane har. Det er ei generell utveksling av erfaringar mellom dei to institusjonane når det gjeld handtering av dei ulike organisasjonane.

Informanten frå Norad meiner at denne rådføringa med ambassaden gjer at dei klarer å hindre dobbeltarbeid. Han opplyser i tillegg om at dei har tilgang til alle ambassadane sine økonomisystem, og dermed kan halde seg oppdaterte på kva partnarar dei har kontakt med. Ein organisasjon kan i nokre tilfelle få støtte frå både ein ambassade og frå Norad, men god koordinering skal sikre at dette ikkje fører til byråkrati som ikkje er naudsynt. Ein informant frå ein av dei norske organisasjonane seier også at det har vorte lettare å kommunisere med dei to kanalane frå Norad og ambassaden fordi dei i større grad har harmonisert seg. Tidlegare var det derimot ein del sprikande format og krav til organisasjonane frå dei to instansane. Det kan altså verke som om der fins praksisar for koordinering mellom Norad og Ambassaden for å sikre at det norske arbeidet er heilskapleg. Samstundes innrømmer informantane frå både Norad og ambassaden at innsatsen ikkje er veldig stor når det gjeld koordinering eller det å få norske aktørar til å samarbeide.

Den andre metoden er at regjeringa no vil konsentrere bistanden meir gjennom å fokusere på tolv fokus-land. I følge teorien til Acharya et al vil ei slik konsentrering av innsats mot færre mottakarland føre til betra utvikling i desse landa. Det vert og truleg enklare for Noreg å sikre eit godt gjennomarbeida tilbod til desse landa. Informanten frå Norad seier likevel at dette er så nytt at det framleis er vanskeleg å seie om det vil bidra til meir og betre koordinering.

Den tredje metoden som vert trekt fram av Norad og andre aktørar er dei årlege landmøta som

Norad arrangerer. Dette er møter der den norske ambassadøren i mottakarlandet er tilstade og alle norske aktørar som tek del i utviklingsarbeid i landet er inviterte. Dette kunne vere ein stad for Norad å påverke aktørane, men det er usikkert kva som er formålet med desse møta og kva dei faktisk fungerer som. Det er interessant å merke seg at informanten frå Norad skildrar landmøta som eit koordineringstiltak ved å seie at «Innanfor mitt ansvarsområde, prøvar vi så godt vi kan å bidra til koordinering. Det gjer vi for eksempel gjennom at vi ein gong i året inviterer til landmøte[...]». Samstundes kjem det fram at sjølve koordineringa blir opp til organisasjonane ved at dei har «høve til å snakke saman og koordinere seg». Det kan altså verke som om Norad ønskjer koordinering og legg til rette for at aktørane skal kunne treffe kvarandre, samstundes som dei ikkje legg føringar for at det faktisk skal skje koordinering på landmøta. Det verkar som om desse møta fungerer meir som informasjonsmøter enn viktige møteplassar for koordinering og påverknad. Ein informant som var tilstade på førre landmøte for Malawi, støttar opp om at landmøtet ikkje i størst grad fører til koordinering, då det er lite tid til å snakke med andre organisasjonar:

Det er jo eit møte som varer 2,5-3 timar da, og mesteparten av tida går med til at dei har innlegg frå ambassadøren, som hadde ei god orientering først. Så var det plukka ut to organisasjonar som fortalte litt. Så det du rekk å kommunisere er jo i ei lita kaffipause. Men eg syns det var greitt å vere der, helse på folk ein kjenner frå før og helse på nye. Det er viktig å vise seg fram og sjå andre. Ein må jo vere ein del av selskapet, så eg kjem nok til å fortsette å reise på det om eg blir invitert.

Nokre av aktørane i dette prosjektet trudde at også den norske ambassaden i Lilongwe hadde møter for alle norske aktørar, men sa at dei ikkje hadde vore tilstade på dei. I følge ambassaden sjølv, har dei ikkje landmøter i Malawi for organisasjonane som høyrer til der, slik somme andre ambassarar har: «Mange ambassarar har møter der dei fortel litt om... du kan ha ulike tema, ikkje sant, i forhold til forvaltning, forventningar og såne ting. Men det har ikkje denne ambassaden her gjort».

Dette kunne nok vere ein viktig plattform for ambassaden til både å påverke dei norske aktørane og til å skape ein møteplass i Malawi for dei norske aktørane som er tilstade der. Ambassaden har likevel ein klar tanke om å setje ulike aktørar i kontakt med kvarandre. Når informanten vert spurt om det er viktig for dei å leggje til rette for samarbeid eller kommunikasjon mellom dei norske aktørane, er svaret at dei gjerne kallar inn to partnarar som arbeider med det same til eit felles møte. Dei deler og kontaktinformasjon og oppmodar partnarar til å ta kontakt med

kvarandre. Informanten påpeiker at dette ikkje berre gjelder dei norske partnarane.

I tillegg til å kalle inn aktuelle samarbeidspartnarar til felles-møter står ambassaden og for nokre sosiale arrangement for nordmenn som arbeider i Malawi. Mellom anna arrangerer dei 17.mai-feiring og uformelle, sosiale treff ein gong i månaden. Fleire respondentar har også nemnt eit tryggleiksmøte for alle skandinavar. Inntrykket er at trass i at det er ein fin stad å treffe andre nordmenn så er desse møta reint sosiale. Ein respondent syns det er veldig greitt å treffe danskar, svenskar og nordmenn for å ta ein øl i lag. Han seier at det nok går an å ta med seg kortet sitt for å knytte kontakt og snakkast seinare, men er tydeleg på at dette ikkje er forumet for å snakke fag.

6.2.2.2. *Andre norske aktørar i Malawi*

Metodane dei andre aktørane har for å påverke koordineringa og samarbeidet i nettverket er med første augekast kanskje ikkje like verknadsfulle som Norad og ambassaden sine. Dei har likevel nokre moglegheiter. Konkurransen mellom aktørane om midlar kan både vere positiv og negativ. Over vart det skildra eit negativt aspekt ved konkurranse, nemleg at eigeninteresse får ei for stor rolle og hindrar ønsket om samarbeid. Konkurranse mellom aktørane kan og vere positivt for den enkelte aktøren si evne til styring, då dei kan få svakare aktørar til å følgje deira leiing. Konkurranse om midlar kan og føre til at det er positivt for aktørane å kommunisere godt, fordi dei då kan finne si nisje mellom mangfaldet av aktørar. Ved å ha kommunikasjon og eventuelt samarbeid med andre aktørar kan dei sikre at dei ikkje konkurrerer om dei same midlane, og dei kan hjelpe kvarandre med å nå fram i kappløpet. Konkurransen kan dermed og vere ein motivasjon for betra koordinering. Dette passar dels med vurderinga til Rathi et al. av frivillige organisasjonar sin gevinst ved å kommunisere.

Fysiske møter og samarbeid er og ein metode aktørane kan nytte. Av fysisk kontakt er det særleg tre organisasjonar, som har fastbuande nordmenn i Lilongwe, hovudstaden i Malawi, som møtes jamleg til uformelle møter, noko dei legg fram som god kommunikasjon. Ein av desse respondentane seier:

Det er jo vi tre som er utsendt frå Norge. Det er jo ganske mange andre aktørar her, men dei kjem inn og så drar dei igjen. Men eg har jo god erfaring og god kommunikasjon og kontakt med dei andre som er her. Vi møtes både formelt og uformelt

Aktører som ikkje har fastbuande i Malawi verkar som om dei treff andre norske aktører meir sporadisk eller tilfeldig.

Ja eg prøvar å ha ein god del kontakt med dei eg veit kjem innom. Det er jo ofte at det kjem folk som eg ikkje treff og som eg ikkje veit om og som heller ikkje veit om oss. Men dei som vi møter på og treffer på og som kjem innom, dei møter vi og det er bestandig nyttig [...] Vi burde kanskje hatt ei facebook-gruppe eller noko.

I relativt liten grad. Det heng jo litt saman med geografien. Dei fleste høyrer jo til, iallfall etter mitt intrykk, i nærleiken av Lilongwe, hovudstaden, medan eg opererer 30-35 mil lenger nord. Og det gjer at då er det ikkje så mykje eg treff dei. Men eg har jo vore borti dei. Eg har treft [organisasjon] og fleire andre organisasjonar, men meir tilfeldig. Ein møter dei ofte på flyplassane på tur til og frå.

Det fins og nokre meir og mindre formelle samarbeid mellom norske aktører i Malawi. Eit par av informantane kan nemne samarbeidsavtalar dei har med andre norske aktører. Informanten frå Atlas-alliansen skildrar det som opportunistiske uformelle samarbeidsarenaer og gir eksempel på at ein typisk skal i eit møte og tek med seg ein person frå ein annan organisasjon. Samarbeidet går gjerne gjennom omvegar. «Vi ønskjer jo mest mogleg koordinering og samarbeid over heile linja. Det er ikkje alltid like lett å få til. Det er jo personar og individ som sit over alt».

Den siste metoden aktørane har, skilde seg ekstra ut i løpet av analysen som noko det kan vere eit stort potensiale for i nettverket. Det var det å dele informasjon og kunnskap mellom dei norske aktørane utan at det nødvendigvis strekkjer seg til eit større samarbeid. Dette var noko det viste seg både å vere behov for og oppslutning rundt. Informantane var generelt positive til det å dele meir informasjon, noko som kan tyde på at dette kanskje kan vere ein inngangsport for å auke kommunikasjonen mellom aktørane i nettverket.

I intervjuet vart dei ulike informantane spurt om dei følte organisasjonane dei arbeider for har nok kunnskap og informasjon til å gjere arbeidet sitt på ein god måte. Fleire av dei spurte seier at sidan dei har god kontakt med lokale partnerar føler dei at dei har god kjennskap til den informasjonen og kunnskapen dei treng for å utføre oppgåvene sine. Ein sa og at hans organisasjon har utvikla strategiar og manualar saman med tene i landet og med partnerorganisasjonar.

Likevel, når det blir stilt meir spesifikt spørsmål om kunnskapsdeling, svarer mange at dei gjerne skulle delt og motteke meir informasjon og ressursar frå andre norske aktørar. Ein informant la særleg vekt på det at det er nyttig å kunne dele og få utfordra synspunkt med nokon med norsk bakgrunn i eit norsk fagmiljø, som ser på verda og på problema dei møter frå ein norsk ståstad. Den same informanten sa og at han sakna å få innblikk i forskning som fins på dei temaa han arbeider med for å kunne optimalisere arbeidet og, som han sa «ta det neste steget». Ein informant nemnte og at det gjerne fins mykje informasjon i dei ulike organisasjonane og at dei har eit ønskje om å dele, men at det ikkje blir gjennomført i praksis. To respondentar kommenterte også akkurat dette på slutten av spørjeundersøkinga: «I dag synes det som om kvar har nok med sitt. Kanskje lite villige til å dele erfaringar?» og «Behov for å ha meir systematiske og regelmessige kommunikasjonsplattformer/-arenaer» (eiga omsetjing).

<i>Påstand</i>	<i>«Einig» eller «Litt einig»</i>	<i>«Verken einig eller ueinig»</i>	<i>«Litt ueinig» eller «Ueinig»</i>
<i>«I eit nettverk mellom bistandsaktørar bør det utvekslast kunnskap og informasjon»</i>	21 av 21	0 av 21	0 av 21
<i>«Å få tilgang til informasjon frå andre aktørar er verdifullt for arbeidet i vår organisasjon»</i>	18 av 19	1 av 19	0 av 19
<i>«Min organisasjon har ressursar til å tilby mykje i eit eventuelt samarbeid. Både kunnskap, ressursar og anna»</i>	17 av 19	1 av 19	1 av 19

Tabell 7 – Påstandar – Kunnskapsdeling

Tabellen viser at dei fleste respondentane i spørjeundersøkinga var einige i at kunnskapsdeling er viktig i nettverket.

I følgje den Norske Ambassaden i Lilongwe er det stor variasjon i kor god kunnskap dei norske aktørane som startar prosjekt i Malawi har. Som regel veit dei ikkje-statlege aktørane kva dei held på med og har gode nettverk dei har arbeidd med i mange år. Men det fins og andre aktørar

som gjerne har mykje fagkunnskap, men som manglar erfaring om det å arbeide med utviklingshjelp eller om arbeid i den konteksten. Til dømes har dei ikkje før arbeidd i den type land eller møtt korrupsjon i tidlegare arbeid. Dette kan også, i følgje ambassaden, vere store, etablerte organisasjonar.

Også Atlas-alliansen ser at det kunne vere behov for ei betra utveksling av informasjon i norsk bistandssektor.

[...]sjølv om ein jobbar med heilt forskjellige ting så er det veldig mykje av det arbeidet ein gjer som overlappar. [...] Det er veldig mykje duplisering av arbeid, og veldig mange parallelle prosessar. Både små og store. Kanskje spesielt på det med informasjonsinnhenting og –deling og deling av ressursar. [...] det er jo fabelaktig fasinerande å sjå kor mange som gjer det same arbeidet. Kanskje med litt forskjellig vinkling [...] Det er snakk om små organisasjonar med avgrensa ressursar, som jobbar veldig ineffektivt.

Til saman tyder dette på at det både er eit behov for og ein vilje til å betre flyten av kunnskap og informasjon i nettverket, men at det igjen manglar ein struktur for at dette skal skje. Det kom fram i analysen av nettverket at det er eit potensiale for auka kommunikasjon i nettverket og at det fins sentrale aktørar med posisjonar som kan nyttast til å knyte nettverket saman. Dette bør utnyttast for å sikre ei betre kunnskapshandtering. Atlas-alliansen var ein av organisasjonane med ein sentral posisjon i nettverket. Dei hadde og idear om å ta del i å formidle informasjon og kunnskap i større grad.

Vi har jo for eksempel Sintef, dei er jo ein partner av FFO, som er ein av våre kjerneorganisasjonar. Dei gjorde ein «Living Condition study» i Malawi. [...] Og det er jo ei studie som er veldig omfattande og handlar veldig mykje om levekåra til funksjonshemma i Malawi. Men den har ikkje har blitt brukt så mykje som den kunne ha blitt, verken av våre organisasjonar eller av andre organisasjonar [...] Sintef har jo uttrykt det overfor sekretariatet [i Atlas-alliansen] når vi snakkar om sekretariatet si rolle, at vi kan spele ei sterkare rolle i å formidle informasjon og formidle kontakt mellom forskingsinstitusjonar. Eller ikkje forskingsinstitusjonar nødvendigvis, men folk som har gjort noko arbeid på informasjonsfronten.

Det var litt ulikt korleis informantane og respondentane såg for seg at informasjonsdeling kunne skje. Nokre ønskja fysiske møter mellom organisasjonane og ein respondent i undersøkinga foreslår: «Årlege møter for deling og nettverksbygging. Skape eit forum/gruppe for norske

bistandsorganisasjonar og oppretthalde oppdateringar om alle» (eiga omsetjing). Andre meiner at det er så mange møter å følgje med på at det i iallfall ikkje må kome møter med nokon andre enn ambassaden. Ein informant kan tenke seg å møtes dersom det har ein klar agenda, men meiner det ikkje er noko behov for å møtes berre for å fortelje om seg sjølv til kvarandre. Den generelle oppfatninga er at dei fleste informantane ikkje kan tenke seg fleire møter. Likevel er det fleire som ser behovet for ein plattform å dele informasjon på, og nokre kom og med idear til korleis noko slikt kunne gjennomførast.

Å då klare å koordinere det med eit møte, det skulle ganske mykje til. Skulle det gjerast, så måtte det eigentlig skje via nettet. Ein eller annan nettbasert, ei slags lita nettavis i ei eller anna form, eller eit eller anna sånt. Så ein kunne gå inn og sjå kva andre gjer, eventuelt kommentere, eventuelt stille spørsmål.

[...] men det er jo mange som gjer småprosjekt, baselinestudies og kartleggingar av forskjellige ting som det kan vere veldig nyttig for folk å ha med. Det fins kjempemykje informasjon, iallfall i Malawi der det fins tusenvis av organisasjonar. Men eg trur det handlar om ei sånn kompetanse- eller kapasitets-avgrensing i organisasjonar som jobbar der også. Det er jo veldig få av organisasjonane som har informasjonsfaglege tilsette. Då er det kommunikasjonsansvarleg og så har du bistandsfaglege, men du har veldig lite av den midt i mellom: statistikaren som kan bistand. Så eg saknar det veldig, sånn personleg igjen da. Eg trur veldig mange organisasjonar kan ha nytt gått av å ha [det]. Og vi treng ikkje ha ein person i kvar organisasjon, men ein som sit med ansvaret for eksempel for ein informasjonsdelingsplattform da.

Ambassaden si rolle vart derimot både nemnt sjølvstendig av respondentar og spurt spesifikt om i intervjuet og undersøkinga med tanke på kven som kan bidra til auka kunnskapsdeling. Nokre fann det naturleg å sjå til ambassaden som ein møteplass dersom ein skulle ha ein plattform for å dele kunnskap. Ein informant seier at det kunne vore nyttig med møter med ambassaden og gjerne andre organisasjonar der ein kunne utveksle informasjon og diskutere synspunkt. Informanten meiner ambassaden gjerne sit på informasjon som det er vanskeleg for andre aktørar å kome over, medan dei sjølve kanskje sit på annan nyttig kunnskap som dei kan dele. Her kunne dei snakke om den aktuelle situasjonen i landet og kva dei ikkje ser av hendingar i det opne landskapet.

Nokre informantar meiner at ambassaden sin posisjon nettopp gjer den til ein naturleg bidragsytar til å arbeide for auka kommunikasjon mellom aktørane.

Ambassaden har ei oversikt over kva aktørar som har prosjekt i Malawi og kva desse prosjekta inneheld. Dei er derfor best stilt til å promotere samarbeid og koordinering mellom utvalte aktørar. Dei er ofte og i ein posisjon der dei kan krevje det, og det vil då verte meir bindande enn berre frivillig ad hoc samarbeid som ofte avhenger mykje av individa.

(Eiga omsetjing)

Ei ambassade har generelt heilt andre primæroppgåver enn å følgje opp norske bistandsaktørar og frivillige initiativ i eit land. Men dersom ambassaden sitt mandat skal diskuterast, er det klart dei har potensielt mykje å tilby oss som ikkje har fast stedlig representasjon. Mellom anna oversikt over internasjonale, norske og lokale aktørar i landet, og kva for nokre som er innanfor våre temaområde og våre geografiske område. Ambassaden har og ei heilt anna oversikt over politiske forhold, og det hadde vore nyttig om informasjon og analysar hadde vore delt med oss.

(Eiga omsetjing)

Andre foreslår at rolla til ambassaden bør vere å «Lage oversikt over kva som skjer av norske prosjekt i Malawi og kven som koordinerer dei. Og distribuere desse» og «Ha eit register for alle norskstøtta organisasjonar. Ha årlege møter med alle norske organisasjonar (eit "must")» (eiga omsetjing). Ein siste informant meiner at det er ein «God ide å få ambassaden til å hjelpe dei små i å trekke litt i samme retning. Koordinere og samordne seg. Vanskeleg å få tid til dette som liten».

Både ambassaden og andre aktørar ser likevel at det tek ressursar å drifte ein informasjonsplattform og spør seg kven som skulle gjere det. Blant fleire informantar er det semje om at ambassaden ikkje har ressursar til det, eller kanskje ikkje rette rolla til det. Ambassaden ser sjølv behovet for noko slikt for dei norske aktørane, men seier det må bli eit spørsmål om det er mange nok og store nok organisasjonar til at ambassaden kan nytte ressursar på det. To informantar nemnte at dette kanskje ikkje heilt er den rolla ambassaden bør ha heller.

Og så tenkjer eg at det er ein balansegang mellom for dei å skulle vere givarar og det formelle byråkratiske leddet og på den andre sida vere fagleg tilgjengeleg og rådgjevande. Det der er ein vanskeleg ... og der er dei vel forsiktige med god grunn, at dei tråkkes litt forsiktig over akkurat det, at dei ikkje blandar roller.

Den norske ambassaden bør ha ei nettverksoppgåve mellom norske aktørar og internasjonale aktørar. Det er ikkje realistisk at ambassaden kan ha ei sterk

koordinerande rolle. For å kunne ha ei slik rolle måtte ambassaden hatt langt større ressursar enn det den har per i dag slik at den evt hadde hatt moglegheit til å ha inngåande kunnskap om alle prosjekta og målgruppene. Utan denne kunnskapen og oversikta er det vanskeleg å sjå at ei sterkare koordinerande rolle vil føre til de heilt store resultata, og det kan potensielt føre til at spesialiserte prosjekter for avgrensa målgrupper kan bli skadelidande.

(eiga omsetjing)

Også i spørjeundersøkinga vart det spurt om kva rolle ambassaden bør ha i nettverket mellom norske bistandsaktørar.

Påstand	«Einig» eller «Litt einig»	«Verken einig eller ueinig»	«Litt ueinig» eller «Ueinig»
«Den norske ambassaden i Lilongwe bør ha ei aktiv rolle som koordinator for norske aktørar»	16 av 21	4 av 21	1 av 21
«Den norske ambassaden i Lilongwe burde fungere som ein arena for kommunikasjon og samarbeid mellom norske aktørar i landet»	18 av 21	3 av 21	0 av 21
«Den norske ambassaden i Lilongwe bør involvere seg meir for å bidra til auka samarbeid mellom dei norske aktørane i landet»	16 av 21	4 av 21	1 av 21

Tabell 8 – Påstandar – Ambassaden si rolle

Kunnskapshandtering er altså eit tema som har vist seg å vere særleg interessant i studien og som kan vere eit utgangspunkt for eit breiare og djupare nettverk mellom norske bistandsaktørar. Eit spørsmål som er interessante å spørje vidare er: Kven er det naturleg at har ei drivande rolle i eit eventuelt informasjonsnettverk? Som vi har sett over meiner nokre aktørar at ambassaden har ein naturleg posisjon til dette, medan det samstundes kjem fram at dette ikkje er ambassaden si oppgåve eller mandat slik det er no. Det kjem og fram at ambassaden ikkje har ressursar til å ha ei slik rolle i nettverket.

Ein respondent nemner Bistandsnytt som eit døme på ein plattform der ulike aktørar kan utveksle informasjon. Bistandsaktuelt er eit fagblad som er gitt ut av Norad med tilsette i frivillige organisasjonar, Norad og utanriksdepartementet, ambassadar i Afrika, Asia og Latin-Amerika, misjons og solidaritetsorganisasjonar, forskingsinstitusjonar, universitet, høgskular, massemedia, norske bedrifter som er engasjert i utviklingsland og andre interesserte som målgruppe (Bistandsaktuelt, 2015). Det kunne vere aktuelt at Norad også hadde ein funksjon som drivande institusjon i informasjonsnettverk i enkelte land, men igjen kjem rollekonflikten som ein av respondentane nemnte mellom forvaltnings- eller givarrolla, og det å formidle kunnskap og vere ein diskusjonspartner.

Det er også noko å tenke på at det fins svært sentrale aktørar som ikkje har noko forvaltningsrolle, men som er aktørar på lik linje med alle andre, Kirkens Nødhjelp og Atlas-alliansen skilte seg ut som særleg sentrale aktørar. Det kom og fram i analysen at det er ein god del kommunikasjon mellom aktørane som ikkje er knytt til Norad eller ambassaden, noko som kan vise at det fins vilje til å få til meir kommunikasjon. Det er kanskje mogleg å nytte momentet som fins i nettverket til å skape ein informasjonsplattform som er uavhengig av forvaltnings- og givarorgana.

6.2.3. RESSURSAR

6.2.3.1. *Norad og den norske ambassaden i Malawi*

Både Norad og ambassaden er kanalar for fordeling av midlar til aktørar som arbeider med utvikling. Dei får inn søknadar om støtte frå svært mange aktørar som ønskjer å drive arbeid, men kan berre fordele midlar til ei viss gruppe. Dette gir dei høve til å bruke midlar som insentiv for å styre arbeidet i den retninga dei ønskjer. Dei kan velje ut aktørar som dei meiner gjer det beste arbeidet, og ha strenge kvalitetskrav til desse. Konsekvensen for dårleg arbeid er enkel: ein vil ikkje lenger få overføringar. Norad si rolle som evalueringsorgan og kravet om rapportar, gjer at dei norske styresmaktene har ein viss kontroll over kva midlane vert nytta til, og at dei kan klare å halde fram med å velje ut dei beste aktørane.

6.2.3.2. *Andre norske aktørar i Malawi*

Mangel på ressursar til å ta del i nettverk og koordinering var noko som vart trekt fram av mange informantar. Fleire av informantane som vart intervjuja i løpet av prosjektet snakka om at det å ta del i møter og fokusere på koordinering tek for mykje tid og ressursar. Ein informant seier at det tek på for dei tilsette i ein liten organisasjon, som hans, å skulle delta på like mykje som dei større organisasjonane. Det blir mange arbeidstimar og det går til dels utover andre ting

dei heller burde gjere. Ein annan informant viser ei særleg negativt ladd haldning til sjølve omgrepet koordinering og kva det inneber.

Det høyses jo fint ut, men eg har ein viss skepsis mot ein del slike koordineringsorgan. Det har så lett for å bli mykje prat og mykje papir og lite konkret. Eg er av leginig svært konkret. Eg er entreprenør, eg vil ha ting til å skje og få det gjort. Og det eg driv med der skjer det frå dag til dag at vi får ting gjort og det er minimalt med byråkrati. Så eg skal ikkje seie nei, og det er absolutt at vi burde samkøyre ein del ting. Men for Guds skuld, ikkje lage mange store konferansar med mykje folk og som kostar forferdeleg mykje pengar. Då burde vi heller byggje skular for dei pengane.

Ein respondent som deltok i spørjeundersøkinga kommenterte at:

Vi brukar meir tid og dermed pengar når mange skal samarbeide om noko. Sluttproduktet kan bli betre, men eg trur vi er oss litt lite medvitne kva det i praksis inneber å investere i samarbeid. Vi bør verte flinkare til å budsjettere for samarbeid.

(eiga omsetjing)

Også informanten frå Norad forklarar at fokuset på harmonisering og koordinering etter Paris-deklarasjonen tok så pass mykje ressursar frå givarane at dei rett og slett vart lei:

Men så høyrer det med til historia at givarane etter kvart blei litt lei av all denne koordineringa og harmoniseringa fordi det førte jo til at givarane prata med kvarandre i staden for å gjere viktigare ting, som å sjå korleis bistandspengane skapte resultat. Det er mindre merksemd no om harmonisering enn det var i åra etter Paris.

6.2.4. INSTITUSJONAR

6.2.4.1. Norad og den norske ambassaden i Malawi

Norad og den norske ambassaden har i eigenskap av å vere veletablerte offentlege institusjonar alle institusjonelle strukturar som skal til for å mobilisere ressursar, teknologiar og mentalitetar i nettverket. Dei har på plass lover, reglar, kontrollapparat og byråkrati som tek del i både utarbeiding og implementering av utviklingspolitikken.

6.2.4.2. Andre norske aktørar i Malawi

Det er ulikt kva type institusjonar dei ulike norske aktørane har bygd opp til å kunne mobilisere mentalitetar, teknologiar og ressursar. Tidlegare vart det vist ei oversikt over kva typar organisasjonar som tok del i nettverket. I dette datamaterialet fins det ikkje informasjon om oppbygginga av institusjonane, men det er mogleg å reflektere noko om dei ut frå informasjonen

som fins. Nokre er tradisjonelle bistandsorganisasjonar som gjerne har spesialisert seg på denne typen arbeid. Store bistandsorganisasjonar har kanskje bygd opp institusjonar som får til å mobilisere og arbeide godt. Dei har typisk eksistert lenge og hatt ressursar til å utvikle gode institusjonar. Det fins rett nok og ei rekke små bistandsorganisasjonar som er drivne meir på frivillig basis. Det er grunn for å tru at desse ikkje har fått til å byggje opp same type institusjonell kraft til å mobilisere.

I datamaterialet er det og nokre aktørar som i utgangspunktet ikkje arbeider med utviklingsarbeid, men som har utviklingsprosjekt på sida av annan praksis. Desse kan ha avdelingar som arbeider med utviklingsarbeid, men igjen er det grunn for å tru at heller ikkje desse har utvikla institusjonar i same grad som store, tradisjonelle bistandsorganisasjonar. Dette gjeld nok og for Helseinstitusjonane og den vidaregåande skulen som arbeider i Malawi.

Når ein ser Norad og Ambassaden sine mentalitetar, teknologiar, ressursar og institusjonar mot sentralitetsmåla kan det sjå ut til at trass i dei sentrale posisjonane, bommar dei på målet når det gjeld å oppnå betre koordinering. Dette kjem godt overeins med det som kom fram i mellomleddsentralitets-målet, der Norad og særleg ambassaden hadde relativt låge verdiar, altså var dei skjeldan kortaste rute mellom to andre aktørar. Det kan verke som om dei ikkje har eit stort fokus på det å setje norske aktørar i kontakt med kvarandre eller at dei i iallfall ikkje lukkast med dette i særleg grad. Når grads-sentraliteten vart målt kom både Norad og ambassaden ut med høge scorar og har sentrale posisjonar i nettverket når det kjem til å ha kontakt med mange av dei norske aktørane. Dei har likevel ikkje teke rollene som koordinerande organ og fekk låg score på det å vere mellomledd mellom aktørane.

Andre aktørar i Malawi sine mentalitetar, teknologiar, ressursar og institusjonar berer gjerne i størst grad preg av å ha ei haldning av motløyse til det å skulle koordinere. Det er ein diskurs som ikkje treffer problema deira, men som dei likevel er med på å oppretthalde. Mangel på ressursar ser ut til å vere ein avgjerande faktor. Dei ser likevel eit behov for og nytte av å dele meir informasjon.

6.3. Drøfting

I denne delen av kapittelet vert det forsøkt å knyte funna til teorien. Kva seier funna oss om dei enkelte aktørane sine posisjonar i nettverket? Korleis påverkar dette nettverket og evna det har til å gjennomføre oppgåvene sine? Først vert det sett på dei sentrale posisjonane i nettverket. Vidare vert governance-omgrepet drøfta gjennom dei fem kjenneteikna som vart identifiserte i teorien. Til sist vert det sett på at materialet peikar mot at diskursen i nettverket i lita grad

speglar utfordringane i nettverket og at fokuset bør flyttast mot betre eigna metodar for nettverket.

6.3.1. KVA FORTEL SENTRALITETSMÅLA OSS?

Det er interessant å sjå at det er skilnad på sentralitetsanalysane som vart gjort. I analysen av grad-sentralitet står den Norske Ambassaden og Norad fram med flest relasjonar. Også Kirkens Nødhjelp, Norges Handikapforbund, Atlas-alliansen, Stiftelsen Signo og Fredskorpset kjem langt oppe på lista, men ingen av desse kan måle seg med dei offentlege institusjonane, Norad og ambassaden.

Når mellomleddssentraliteten vert trekt fram, ser vi i motsetnad at Norad og ambassaden fell langt ned på lista over dei mest sentrale aktørane. Mellomleddssentraliteten seier noko om kor stort potensiale ein aktør har for å setje andre i kontakt med kvarandre. Dersom ein aktør har ein høg mellomleddssentralitet har den derfor ein sentral posisjon i nettverket og kan styre kommunikasjonen mellom andre aktørar. Kirkens Nødhjelp og Atlas-alliansen har høgare verdiar på mellomleddssentralitet enn Norad og ambassaden. Ambassaden har og ein særleg låg verdi, noko som betyr at den faktisk har ein veldig lite sentral posisjon i forhold til det å vere knytestpunkt for dei norske aktørane i området. Norad har ein noko høgare posisjon, men det er framleis veldig interessant at denne posisjonen likevel er lågare enn både Kirkens Nødhjelp og Atlas-alliansen. Grunnen til at det er eit interessant funn at dei to organisasjonane har strategiske posisjonar i nettverket er at desse to er frivillige, uavhengige organisasjonar og at ein ikkje nødvendigvis skulle tru at dei burde ha meir strategiske posisjonar enn nokon andre.

Atlas-alliansen har rett nok eit arbeidsområde som er litt annleis enn mange andre aktørar i Malawi. Det er ein paraplyorganisasjon som arbeider med 15 norske organisasjonar med fokus på arbeid for menneske med nedsett funksjonsevne. Dei arbeider for å heve kvaliteten på bistandsarbeidet til desse organisasjonane, og på kompetanse i Noreg. Dei jobbar til dømes med påverknadsarbeid på vegne av organisasjonane og kvalitetssikring av søknadar for organisasjonane, før dei sender ein felles søknad om midlar til Norad for alle organisasjonane i alliansen. Atlas-alliansen arbeider også for at organisasjonane i alliansen skal samarbeide (Intervjudata).

Ein kan derfor seie at alliansen har ei koordinerande rolle for dei norske organisasjonane som arbeider med hjelp til menneske med nedsett funksjonsevne i utviklingsland. Det betyr at Atlas-alliansen naturleg nok vil ha ein sentral posisjon mellom desse organisasjonane, men som sosiogrammet viser, har alliansen også kontakt med veldig mange andre aktørar i nettverket.

Rolla til Atlas-alliansen viser seg altså å vere sentral også for mange andre norske aktørar enn berre organisasjonane som er formelt knytt til alliansen. Alliansen er ein fasilitator for kommunikasjon i heile nettverket. Informanten frå Atlas-alliansen seier i intervjuet noko om korleis dei arbeider saman med organisasjonar som ikkje høyrer til alliansen:

Utover det så har vi samarbeid med Redd Barna som eg no nemnte. Vi har eit litt meir formalisert samarbeid med Plan. Atlas-alliansen har noko som heiter Inkluderingsprosjektet som er støtta av UD, og det her inkluderingsprosjektet går på kapasitets- eller kompetanseheving av norske bistandssaktørar innanfor inkludering. Og då har det vore kurs i Malawi. Det har vore heldt kurs for Røde Kors, for Plan, for Redd Barna, for Digni.

Kirkens Nødhjelp er ein kjend organisasjon, men burde i utgangspunktet ikkje ha noko meir koordinerande rolle enn andre. Likevel er det altså ein organisasjon som står sentralt i det norske nettverket. Kanskje kan det ha med at det er ein organisasjon med sterkt fokus på nettverkstenking, og som nyttar nettverk aktivt i sin måte å arbeide på. Kirkens Nødhjelp er ein del av fleire store globale nettverk og har i eigenskap av å vere ein kristen organisasjon lettare tilgang til lokale kyrkjesamfunn (intervjudata). I tillegg har Kirkens Nødhjelp eit godt rykte i Noreg, det er ein relativt stor organisasjon og dei har ofte lang erfaring i områda dei arbeider i. Alt dette kan vere årsaker til at Kirkens Nødhjelp står så sentralt i nettverket mellom norske aktørar i Malawi.

Det er interessant å tenkje på kva dette kan seie om nettverket. Det at desse to aktørane har ei så sentral rolle i nettverket i forhold til Norad og særleg ambassaden, gir eit inntrykk av at det fins eit potensiale for meir kommunikasjon enn det som kom fram i førre kapittel. På sentraliseringsgradene kan vi og sjå at det er mange som tek kontakt med desse organisasjonane. Det seier oss at aktørane i nettverket vender seg mot Kirkens Nødhjelp og Atlas-alliansen. Kanskje for å be om informasjon eller samarbeid. Det er truleg at desse to aktørane har eit godt rykte eller i iallfall at dei er synlege i nettverket. Det seier også at Norad og ambassaden truleg ikkje har utnytta det potensialet som fins for koordinering i nettverket. Det er som vi såg mange som har teke kontakt med begge to, men dei er ikkje kortaste rute mellom mange organisasjonar. Dersom det er ønskja å oppnå betre koordinering mellom dei norske aktørane kan det vere ein god ide å mobilisere sentrale aktørar som Kirkens Nødhjelp og Atlas-alliansen.

6.3.2. FEM KJENNETEIKN PÅ GOVERNANCE

I teori-kapittelet vart fem kjenneteikn på governance utleidd frå litteraturen til Bevir og Rohdes. I det følgjande vert desse undersøkt opp mot datagrunnlaget i dette prosjektet for å undersøke om det er relevant å nytte governance-omgrepet i norsk utviklingssektor.

6.3.2.1. Politikken vert forhandla fram og implementert i samhandling med fleire aktørar. Ikkje-statlege aktørar vert inkluderte og grensene mellom sivilsamfunn og stat er utydlege.

Berre i Malawi fins det som vist mange norske aktørar som ikkje er statlege, og i utviklingssektoren generelt fins det langt fleire. Den norske politikken for utvikling, vert implementert i samarbeid med eit mangfald av aktørar. Både Norad og ambassadane formidlar ressursar og tek stor del i avgjersler som vert tekne om kvar og til kva formål midlane skal nyttast, men avgjerslene vert implementerte ved at andre, oftast ikkje-statlege, aktørar kjem inn. Det er aldri Norad eller ambassaden som gjennomfører prosjekt. Aktørane som kjem inn kan vere tradisjonelle bistandsaktørar eller bedrifter og institusjonar. I Malawi arbeider til dømes fleire norske sjukehus og ein vidaregåande skule med prosjekt i tillegg til interesseorganisasjonar og bistandsorganisasjonar.

Norad har i tillegg til å forvalte midlar ei evalueringsrolle, men også evalueringane vert stort sett gjennomførte av eksterne aktørar frå fagmiljøet i Noreg eller internasjonalt. Desse evalueringane verkar tilbake på politikken ved at rapportar frå dei vert leverte til Utanriksdepartementet og påverkar korleis avgjersler vert tekne vidare (Norad, 2016). Trass i at staten tek avgjerslene om utviklingspolitikken, vert ikkje-statlege aktørar sterkt inkluderte i implementering og evaluering og har nok og ei sterk rolle i påverknad av avgjersle-takarar. Aktørane som implementerer politikken er avhengige av midlar frå staten til å gjennomføre prosjekta sine, men staten er og avhengig av aktørane for å få implementert politikken. Noreg kunne valt å ha ein statleg bistandsaktør som gjennomførte prosjekta, men har i staden valt å delegere implementeringsansvaret til ikkje-statlege aktørar.

Politikken i utviklingssektoren vert altså ikkje nødvendigvis forhandla fram i samarbeid med ikkje-statlege aktørar, men dei har påverknadskraft og særleg fagmiljøet sine evalueringar spelar tilbake til avgjersletakarane. Det at ikkje-statlege aktørar vert inkluderte i implementeringa av politikken stemmer i høgste grad. I utviklingssektoren kan ein altså sjå trekk som liknar på det første kjenneteiknet på governance.

6.3.2.2. *Styringa er desentralisert og går på tvers av styringsnivå*

I bakgrunnskapittelet vart styringa av utviklingspolitikken skildra som ein prosess på mange nivå. Regjeringa og Stortinget tek overordna avgjersler om retninga til utviklingsarbeidet, medan Utanriksdepartementet skisserar ein plan for gjennomføring av arbeidet i ulike land. Ambassadane tek seg så av planen for det langsiktige samarbeidet med det aktuelle landet.

Utviklingssektoren er rekna som desentralisert, mellom anna av Abuom, nettopp på grunn av at ambassadane utøver makt ved å handtere store delar av budsjettet til utviklingsarbeidet. Dette er mykje av det bilaterale arbeidet, men det kjem og fram i materialet her at dei og distribuerer midlar til norske aktørar. Tidlegare i oppgåva kjem det og fram at den norske ambassaden i Lilongwe opplever at dei har påverknadskraft på Norad sine val av samarbeidspartnarar. Dei uttalar seg om kva aktørar som arbeider i Malawi som bør få tilgang til midlar frå Norad. Trass i at det nok er Norad som har siste ord her, verkar det som om dette er ei reell deling av makt i form av desentralisering.

Ein av kritikkane frå Abuom et al. (2012) var at dei to kanalane for fordelinga av midlar, Norad og ambassadane var lite koordinerte og at det var gjort få forsøk på å ha eit heilskapleg samarbeid mellom dei. I dette datamaterialet kjem det fram at det er god kommunikasjon mellom Norad og ambassaden i Lilongwe. I Malawi verkar fordelingsarbeidet mellom dei betre enn det Abuom argumenterte for. Det verkar i dette materialet som at også det andre kjenneteiknet på governance er til stade i norsk utviklingssektor.

6.3.2.3. *Hybrid styring som kombinerer administrasjon og hierarki med marknad og nettverk.*

Dette kjenneteiknet kan lettast studerast gjennom å sjå på dei ulike posisjonane som fins i nettverket. Er det dei offentlege aktørane, Norad og ambassaden, eller dei andre aktørane som har styringsmakt i nettverket? Eller er styringa fordelt mellom fleire i ein kombinasjon? Det kjem og fram gjennom eit spørsmåla til Burris et al. stiller til nettverket: kor godt genererer dei ulike mentalitetane og teknologiane styringsmakt?

Det første som kan merkast er posisjonen til dei offentlege aktørane. Deira posisjon seier noko om graden av administrasjon og hierarki. I målinga av gradssentralitet var, som venta, Norad og den norske ambassaden særleg framtrедande som sentrale aktørar. Måla gjort av sentralisering støttar oppfatninga om at det fins ein hierarkisk struktur. I førre kapittel vart sentraliseringsindeksen vist å ikkje vere så høg, men at det fanst ei viss sentralisering i nettverket rundt Norad og den norske ambassaden. Målinga av mellomleddssentralitet viser derimot at, trass i at Norad og ambassaden er i kontakt med svært mange av aktørane, er dei

skjeldan kortaste veg mellom to andre aktørar. Faktisk hadde ambassaden ein særleg låg score på denne målinga, noko som tyder på at den ikkje har ein særleg sentral posisjon. Dei nyttar ikkje posisjonane sine til å setje andre aktørar i kontakt med kvarandre.

Likevel gir både forvaltarrolla og kontroll- og reguleringsrolla både Norad og ambassaden har, ein viktig posisjon. Tidlegare kom det fram over at, sjølv om styringa er desentralisert og skjer i fleire nivå, er det likevel staten som sit på avgjerslemakta. Dette kjem og til uttrykk gjennom eit anna spørsmål Burris stiller, om korleis ressursane varierer mellom nodane (Burris et al., 2005a:37). Dette kan og seie noko om kvar styringsmakta ligg. Dei aktørane som kontrollerer ressursane har naturleg ein posisjon som gir dei meir makt. I dette nettverket er mange aktørar avhengige av overføringar frå Norad og ambassaden for å kunne gjennomføre arbeidet sitt. Dette gir desse aktørane sterke forhandlingskort og moglegheit til å styre i nettverket.

Mentaliteten til dei offentlege aktørane ser ut til å vere at koordinering er bra. Det er eit poeng for Norad å bidra til at norske aktørar knyter kontakt gjennom til dømes landmøta dei arrangerer. Ambassaden er og opptekne av at det skal vere eit heilskapleg arbeid frå Noreg til Malawi, men ser det ikkje som ei oppgåve å skape nettverksrelasjonar mellom dei norske aktørane. Dei har nokre sosiale tiltak for nordmenn i landet, men det verkar som dette er ein del av arbeidet for nordmenn meir enn arbeidet for å skape relasjonar mellom aktørar.

Landmøta Norad arrangerer kan reknast som ein teknologi for å utøve styringsmakt. Desse verka med første augekast lovande og informantene frå Norad la dei fram som tiltak for å betre koordineringa. Det viste seg likevel at potensialet desse møta har, ikkje vert utnytta. Både Norad og den norske ambassadøren som ofte er tilstade har her eit unikt høve til å påverke aktørane som stiller opp til landmøta og arbeide med ein betra kommunikasjon mellom aktørane, men det verkar som om det er opp til aktørane sjølve å knyte kontaktar med dei andre aktørane i løpet av ei kort kaffipause. I datamaterialet var det stort sett ein informant som diskuterte landmøta arrangert av Norad, noko som anten kan bety at dei andre aktørane ikkje var til stade, at informantane som svarte for dei ikkje visste nok om landmøta, eller at informantane ikkje såg på landmøta som interessante nok til å nemne. Uansett burde landmøta vore spurt meir spesifikt om til alle aktørane, noko som kunne ført til ei meir nyansert analyse av dei. Landmøta kan sjølvsagt oppfattast ulikt, og andre aktørar kan ha opplevd å få meir ut av dei enn denne informanten gjorde.

Norad og den norske ambassaden sine posisjonar i nettverket er altså ikkje utnytta til det fulle, noko som verkar å vere skulda av ein kombinasjon av at koordineringstiltak ikkje er i fokus og

at dei tiltaka som vert gjennomført kanskje ikkje treff det dei skal. Likevel gir forvaltarrolla stor styringsmakt i nettverket. Til saman vitnar både posisjonar, mentalitetar, teknologiar og ressursar om at det framleis fins ein viss hierarkisk struktur.

Samstundes ser det ut til at nokre private aktørar, Kirkens Nødhjelp og Atlas Alliansen, er dei som har mest strategiske posisjonar for å setje andre i kontakt med kvarandre. Dei to private aktørane hadde både relativt høg gradssentralitet og relativt høg mellomleddssentralitet. Dette tyder på at desse aktørane har gode posisjonar i nettverket til å kunne bidra til meir kommunikasjon mellom aktørane. Dette var uventa og styrkar oppfatninga av at det fins ein viktig nettverksstruktur og at også andre aktørar enn statlege aktørar har tilgang til maktposisjonar. Strukturen er mindre hierarkisk enn forventta og det ser ut til at og nokre private aktørar har styringsmakt.

Atlas-Alliansen har i eigenskap av å vere ein allianse mellom fleire aktørar, eit særskilt fokus på det å bidra til kommunikasjon og koordinering mellom aktørar som arbeider med innanfor eit bestemt felt, hjelp til menneske med nedsett funksjonsevne. Sosiogrammet viser at også ein god del andre aktørar enn dei som er med i alliansen er i kontakt med Atlas-Alliansen, og dei scorar relativt høgt på mellomleddssentraliteten. Dette tyder på at posisjonen dei har er strategisk for å bidra til auka kommunikasjon i nettverket. Kirkens Nødhjelp har ikkje i utgangspunktet ein funksjon som fasilitator, slik som Atlas-alliansen har. Dei er likevel strategisk plassert og har kontakt med svært mange andre aktørar. Som nemnt over har Kirkens Nødhjelp eit nettverksfokus som kanskje er sterkare enn dei andre aktørane. Dette kan vere ein grunn til at organisasjonen og har plassert seg slik den har i nettverket.

Teknologiane til dei andre aktørane i Malawi verkar ikkje som om dei bidreg til å gi reell styringsmakt. Kunnskapshandtering vert ikkje utnytta godt nok og når det gjeld konkurranse som verkemiddel slår det heller ikkje positivt ut for styringa i nettverket. Framfor å bidra til kommunikasjon gjer eigeninteressene til aktørane det vanskeleg å samarbeide, og fører kanskje heller til at dei største aktørane får meir styringsmakt enn dei mindre.

Det kan verke som om dei offentlege aktørane har sterk styringsmakt i form av forvaltningsrolla og kontrollen over ressursar i nettverket. Dette tyder på at det framleis fins ein hierarkisk struktur. Samstundes har mange ikkje-statlege aktørar kome til og nokre har styringsmakt i nettverket på grunn av strategiske posisjonar og evne til å kontrollerer informasjonsflyten, noko som vitnar om nettverksorganisering. Dermed ser det ut til at også det tredje kjenneteiknet på

governance er tilstade i den norske utviklingssektoren, det fins ein kombinasjon av hierarkisk og nettverksorganisert struktur.

6.3.2.4. Staten har ei mindre rolle i utøvinga av politikk, og det fins færre statsaktørar i dei lokale- og sektorbaserte institusjonane. Staten har heller ei koordinerande, regulerande og kontrollerande rolle overfor institusjonane.

Som nemnt over har ikkje-statlege aktørar eit stort ansvar for implementering av den norske utviklingspolitikken. Staten tek ikkje del i gjennomføringa av prosjekt, men tek likevel del i implementeringa av utviklingspolitikken ved å vere tilstade i mange land gjennom ambassadane. Den norske ambassaden har ansvaret for å følgje opp den langsiktige land til land bistanden og er meir direkte involvert på staten sine vegner (Norad, 2011). Det kom fram i intervjuet med ambassaden i Lilongwe at tilsette der tek del i samtalar og møter med lokale styresmakter og styresmakter frå andre land, for å sikre at norsk utviklingspolitikk er harmonisert med lokale mål og andre land sin politikk.

Utanriksdepartementet regulerer, gjennom Norad og dei norske ambassadane, midlane som vert fordelte. I tillegg gjennomfører Norad altså evalueringar og kontrollar av bruken av midlane. Det stemmer ikkje heilt at staten ikkje er tilstade i lokale og sektorbaserte institusjonar, men det stemmer at rolla framleis er meir koordinerande og kontrollerande og at staten tek mindre del i sjølve implementeringa av politikken. Det vert difor her vurdert at kjenneteikn nummer fire passar inn i den norske utviklingssektoren.

6.3.2.5. Normer og praksisar vert overførte som historier mellom aktørane i nettverket.

På dette punktet manglar det dessverre data til å kunne gjere ein opplyst diskusjon. Det er likevel mogleg å kome med eit par refleksjonar.

Det fins eit stort forskingsfelt som fokuserer på utviklingsarbeid og det verkar som mange norske aktørar forsøker å halde seg oppdaterte og nytte oppdaterte teoriar for å i best mogleg grad arbeide effektivt. Mange av dei som var intervjuar hadde god innsikt i rådande diskurs og det fanst spor av haldningar til for eksempel koordinering i alle intervju. Det kom likevel fram at det i det norske nettverket ikkje er så sterkt fokus på deling av kunnskap og informasjon, men at dette var noko mange aktørar gjerne kunne ønskje seg meir av. Meir enn historier mellom aktørane vert denne type informasjon kanskje overført i form av fagstoff i tidsskrift og media.

Likevel kan det verke som om noko overføring av normer og praksisar skjer mellom aktørane, til dømes på dei omtalte landmøta som ein del har teke del på. Landmøta, som er arrangert av Norad for alle norske aktørar som arbeider i eit land, er til for å gi ei orientering om landet og gir rom for at dei som er tilstade kan møtast og snakke saman. Dette kan vere ein arena der både ambassadøren i landet og andre etablerte aktørar kan påverke dei andre og fortelje historier om korleis praksisen er i landet. Også dei sosiale arrangementa for nordmenn i Malawi kan vere slike arenaer. Dette var ikkje fokusert på i datainnsamlinga og kan derfor ikkje seiast sikkert. Refleksjonen ser meir på eit potensiale enn ein faktisk realitet.

Dei fire første kjenneteikna på governance ser ut til å vere tilstade i materialet, medan det siste er meir usikkert. Det gir uansett rom for å finne governance-teorien relevant for dette prosjektet.

6.3.3. DISKURSEN SPEGLAR IKKJE DEI PRAKTISKE UTFORDRINGANE

Det kjem fram frå både intervju og spørjeundersøkinga at informantane oppgir å vere positive til ideen om å koordinere og harmonisere. Om ikkje dei nyttar omgrepa til vanleg, veit dei kva dei står for og dei fleste verkar som dei meiner det er viktig. Samstundes kjem det fram at det fins ein misforhold mellom diskursen og praksisen. Det verkar ikkje som om koordinering og samarbeid mellom dei norske aktørane er noko verken Norad og Ambassaden eller dei andre norske aktørane jobbar mykje for å få til. Dei ser mange utfordringar og lite nytteverdi når det vert spurt om det praktiske arbeidet med det. Dei metodane dei har for å intensivere samarbeidet vert ikkje utnytta og innsatsen står fram som litt halvvegs. Det kan verke som om diskursen om koordinering og samarbeid er noko påtvungen.

Fleire av ei norske aktørane har gjerne vore ein del av utviklingsmiljøet lenge og har mykje eigen erfaring. Dei har drive arbeidet sitt i mange år og har gjerne mange tankar om korleis dei ønskjer å gjennomføre det. Desse aktørane kan og tenkast å ha stor påverknadskraft på korleis politikken vert implementert. Både endringa av plassering av styring, og det at mange aktørar tek del i implementeringa, gjer at det kan vere vanskeleg å tilføre nye idear og prinsipp. Det er derfor ikkje sikkert at nye teoriar og omgrep som er arbeida fram i fagmiljøet, alltid stemmer med den praktiske arbeidskvardagen til personalet som skal gjennomføre arbeidet. Det kan sånn sett vere stor avstand mellom teori og policy som vert presentert som ideal, og praksisen i utføringa av politikken.

Dette stemmer godt med James March (1986) sin teori om at diskursen ikkje alltid handlar om det som er den mest relevante utfordringa. March skriv at:

Måtene administrativ teori leier oss til å snakke om administrativt liv, verkar å vere delvis i usemje med korleis vi har erfart og observert det [...] Spenningar mellom teori og erfaring er viktige kjelder til utvikling for begge. Men i dette tilfellet trur eg teoriane leier oss på villspor på nokre viktige punkt.

(March, 1986:20, eiga omsetjing).

Vidare forklarar han problemet med at ein gjerne snakkar om noko ein finn interessant og viktig fordi mange andre finn det interessant og viktig, men at ein ikkje sjølv gjennomfører det. Han viser til planlegging som eit døme.

Dersom du opplever planlegging som noko du sjeldan gjer, men alle menneska du ser opp til snakkar om at det er viktig, vil du kanskje kome til å gjenta deira kommentarar utan ei klar forståing av kvifor du snakkar så mykje om planlegging og gjer det så lite..

(March, 1986:33, eiga omsetjing).

Avstanden mellom det administrative «pratet» og dei faktiske administrative opplevingane er eit problem. March meiner at ein ikkje utan vidare skal halde fram med å snakke om teoriar som ikkje fungerer i den verkelege verda og at det er lov for administratorar å stille spørsmål ved ideane som har råda lenge og heller sjå til alternative teoriar. Nokre gonger er nemleg måten ein snakkar om administrativ teori forvirrande for måten ein arbeider med administrasjon (March, 1986:35).

Dette fører oss vidare til eit viktig funn i dette prosjektet, nemleg eit alternativ til diskursen om koordinering.

6.3.4. KUNNSKAPSHANDTERING

Både i førre kapittel og i dette kapittelet, kjem det fram at det fins eit stort potensiale for governance og nettverksorganisering i norsk utviklingsarbeid som ikkje er nytta. Dårleg utnytting av teknologiar og posisjonar samt ressurs- og tidsmangel, og lite tru på nytteverdien til koordineringa viste seg som moglege årsaker til det. Koordinering og samarbeid er gjerne omgrep som i litteraturen, og ved store konferansar, vert trekt fram som viktige i utviklingsarbeidet, men i datamaterialet viser det seg at det er arbeidd lite strategisk mot det. Det fins og ein del motstand til gjennomføringa av det.

I teorien til Rathi et al. vert det hevda at interorganisasjonelle partnerskap er ekstra viktig for frivillige organisasjonar fordi dei har færre ressursar tilgjengeleg. Dei forklarar at det er viktig at frivillige organisasjonar handterer kunnskap på ein måte som gjer det mogleg for dei å følgje

med på utviklinga i samfunnet og fornye seg. Kanskje kan ein bruke kunnskapen som ein alternativ innfallsvinkel til koordinering.

Gjennom datainnsamlinga peika deling av kunnskap og informasjon seg ut som noko mange aktørar ønskja seg meir av, og som det viste seg å vere eit potensiale for å gjennomføre. Fleire informantar såg for seg løysingar som kunne gjere at kunnskap og informasjon flyt betre i systemet. Det viser seg og at nokre aktørar allereie har eit slikt fokus i nettverket. Det har til dømes danna seg grupperingar rundt Atlas-Alliansen der både allianse-organisasjonar og andre aktørar brukar kvarandre sin kunnskap i til dømes gjennomføring av kurs og uformelle samarbeid rundt fagområde der mange kan bidra med kunnskap. Ein informant peikar på at framfor å dele informasjon med kvarandre kastar mange organisasjonar bort tid og ressursar på å gjere det same kartleggingsarbeidet. Det er og ei rekke institusjonar som forskar på ulike samfunnstrekk som ikkje får til å spreie resultata sine til aktørane som kan nytte dei i arbeidet sitt.

I teorikapittelet vart omgrepet kunnskapshandtering frå Rathi et al presentert. Dette omgrepet viser til korleis kunnskap vert skapt, lagra og overført i ein institusjon og forfattarane hevdar at det er ekstra viktig for non-profit aktørar å vere opptekne av det. Datamaterialet antyder at kunnskapen i utviklingssektoren ikkje vert handtert optimalt og at det er mykje å hente her.

Burris et al viser kor viktig informasjon er for aktørane i eit governance-system.

Trass i at der er forskjellar i korleis nettverks-metaforen er nytta, tenderer skildringar av governance å leggje vekt på kor viktig det er med informasjonsflyt som ei middel og eit mål på god styring. Dei som har, og kan nytte, informasjon, har ein stor fordel framfor dei som er stengt ute frå informasjonen eller ikkje evnar å samle eller nytte den effektivt.

(Burris et al., 2005b, eiga omsetjing)

Alle aktørane har behov for både kunnskap og informasjon for å kunne gjennomføre arbeidet sitt på best mogleg vis. I eit system der mange aktørar har lite ressursar, men der alle sit på noko informasjon kvar, burde det å dele kunnskapen sin vere eit ønskja mål. Ein kunne då arbeide meir effektivt med arbeidet sitt og sleppe å nytte like mykje ressursar på å leite etter informasjon.

I datainnsamlinga vart det snakka om behovet for ein plattform der det kunne delast informasjon. Møter ser ut til å vere eit fåfengt forsøk, då det er lite oppslutning rundt det å nytte

tid på slik verksemd. Dette ville og vere i strid med målet om å frigjere tid ved å dele informasjon. Heller kan det tenkast ein nettbasert plattform, med ulike områder for dei ulike landa dei norske aktørane arbeider i, der dei kan oppdatere kvarandre om prosjekta sine, dele relevant informasjon om landet, og gjere kvarandre merksame på ny og oppdatert forskning. Plattformen kunne innehalde ein database der aktørane enkelt kunne legge inn og søke opp rapportar om ulike land, og ulike faglege problemstillingar dei arbeider med. Dette ville då krevje ein liten innsats frå kvar aktør, men samstundes gi stor gevinst. Eit nytt spørsmål kjem ut av dette: kven skulle drifte eit slikt arbeid? Det verka til å vere semje om at dette både kom utanfor ambassaden sitt mandat, og utover deira arbeidsressursar. Det kunne likevel vere nyttig om ambassaden kunne bidra med informasjon på lik linje som dei andre aktørane. Kanskje kjem eit slikt arbeid meir under Norad sitt mandat, som eit fagorgan. Dei har allereie liknande opplegg med magasinet «Bistandsaktuelt» der dei set fokus på ulike problemstillingar som rører seg innanfor fagområdet.

Norad har og allereie sine landmøter, men det har kome fram at dei kanskje ikkje fungerer heilt som Norad tenkjer når det gjeld koordinering. Dersom ein flyttar fokuset over på kunnskapshandtering kunne desse møta potensielt verte langt meir effektive. Ein kunne arrangere fagdagar knytt til spesielle fagområde eller innanfor dei ulike landa og la aktørane sjølve dele informasjonen og kunnskapen dei sit på. Dei kunne dele kva fallgruver dei møter og kva typar prosjekt dei opplever at fungerer. Det verkar som om det å ta i bruk forskingsresultat er vanskeleg og slike fagdagar kunne opne opp for at både aktørar og fagmiljø kunne møtast og utveksle problemstillingar og løysingar. Dette kan og fungere som ei slags eigenevaluering der aktørane i forkant av møta må reflektere over arbeidet dei gjer, og setje seg mål for kva dei ønskjer å forbetre.

7. FUNN OG ANALYSE – DEL 3

Til no er det struktur og norske aktørar sine posisjonar som har vore i fokus. I løpet av datainnsamlinga kom det fram at det fins ein endå meir pressande diskurs blant respondentane. Noko som engasjerte fleire respondentar og informantar meir enn kommunikasjon mellom norske bistandsaktørar var nemleg koordinering på internasjonalt nivå og tilpassing til lokale forhold. Fleire aktørar hevda at dette både var eit meir interessant og eit meir aktuelt tema. Trass i at dette ikkje var heilt uventa, var det overraskande at dette temaet igjen og igjen vart trekt fram som veldig aktuelt, og noko som informantane hadde sterke kjensler overfor. Feltarbeidet tok ei uventa retning, og det vart høve til å ta del i samtalar og observasjon som sette søkjelyset på dette, noko som har gitt ein ny dimensjon til prosjektet.

Eit par eksempel frå datainnsamlinga viser at nokre respondentar hevda at det å skulle koordinere på eit internasjonalt nivå er mykje meir interessant enn innanfor det norske miljøet.

Og så er det også litt med tanke på den kommentaren om at for oss er kanskje ikkje nettverkstenkinga norske organisasjonar. Eg trur at tanken som eventuelt Norad eller UD måtte ha om at dei skal få meir ut av sine pengar ved at norske organisasjonar samarbeider trur eg byggjer på litt misforstått oppfatning. For eg trur at utnytting av norske pengar gjennom dei type nettverk som faktisk er funksjonelle og organisk funksjonelle er der ein får mest igjen, og ikkje nødvendigvis at dei skal vere norske.

Det er mest føremålstenleg med samarbeid med aktørar som jobbar mot same mål og verkemidlar. Det er derfor ikkje viktigast at ein koordinerer med norske aktørar, men med aktørar inne i sitt felt. Norske aktørar jobbar veldig spreidd og det er derfor ikkje lett å finne ein norsk aktør det er gjensidig givande å koordinere seg tett med.

(eiga omsetjing)

Også i spørjeundersøkinga kom det fram haldningar som likna.

Påstand	«Einig» eller «Litt enig»	«Verken enig eller ueinig»	«Litt ueinig» eller «Ueinig»
«Samarbeid med lokale eller internasjonale partnerar er viktigare enn samarbeid mellom norske aktørar s»	14 av 21	7 av 21	0 av 21

Tabell 9 – Påstandar – Internasjonalt samarbeid

Koordinering på internasjonalt nivå var eit tema som og viste seg å vere særleg tydeleg i dei

offentlege diskusjonane i Malawi, der den lokale konteksten kan ha vore medverkande til at både fokuset på koordinering mellom internasjonale aktørar og samarbeid med lokale styresmakter og organisasjonar vart særleg høgt. Dette var eit felt med høgt konfliktnivå, manglande tillit og store utfordringar. I intervju og spørjeundersøkinga kom det fram korleis norske styresmakter og organisasjonar arbeider med alignment til lokale styresmakter og partnerar, og korleis dei koordinerer seg med aktørar frå andre land. Då det og opna seg eit høve til å delta på eit stort møte for alle organisasjonar i Malawi, vart det mogleg å få eit innblikk i kva utfordringar dei norske aktørane opplever i møte med det internasjonale miljøet i Malawi. Eit høgt konfliktnivå og ein forvanskande kontekst skildrar dette møtet godt.

I det siste av dei tre funn og analyse-kapitla vert det tredje forskingsspørsmålet nytta som eit utgangspunkt for ei analyse og drøfting av dei norske aktørane i Malawi. Det tredje forskingsspørsmålet lyder som følgjer: «Kva utfordringar møter norsk utviklingssektor i arbeidet med koordinering av utviklingshjelp på internasjonalt nivå?». Her vert funna som gjeld tilpassing til lokale styresmakter (alignment) og partnerskap med lokale organisasjonar presentert saman med funn om den forvanskande konteksten norske aktørar møter. Det vert så gått inn på korleis norske styresmakter og norske aktørar tilpassar seg til aktørar frå andre land. Til sist i dette kapitlet vert funna drøfta opp mot aktuell teori.

7.1. Bruk av lokale system og partnerar

Alignment går ut på å tilpasse seg til lokale system, strukturar og mål for utvikling. I intervju vart både Norad, ambassaden og andre aktørar spurte om korleis dei arbeider for å oppnå dette. Respondenten frå Norad trekkjer fram budsjettstøtte som eit av dei viktige verkemidla for alignment. Budsjettstøtte er som nemnt ikkje ein strategi som vert nytta i Malawi lenger.

Ein informant frå ein norsk organisasjon uttalar at norske styresmakter arbeider tett med styresmaktene i Malawi, både på politisk hald og ned på embetshald i dei ulike departementa. Han meiner dei har høve til å utfordre styresmaktene meir enn NGO-ane kan. I følgje informanten arbeider dei alltid innanfor planane til dei lokale styresmaktene, sidan det er viktig diplomatisk sett. Dei kan likevel ha kritiske synspunkt på politikk og prioriteringar og har dialog med styresmaktene.

Informanten frå Norad seier også at sivilsamfunnsorganisasjonane frå Noreg jobbar godt med å tilpasse seg lokale strukturar og system når dei jobbar i andre land. Til dømes jobbar organisasjonar alltid saman med lokale og nasjonale styresmakter når dei arbeider med

utdanning og å byggje skular. I tillegg har dei partnerar i mottakarlandet og brukar midlane og fagkunnskapen sin på ein måte som gjer at den lokale partnaren vert sterkare og kan gjere jobben sjølv. «Og det er jo i høgste grad [...] å bruke etablerte lokale strukturar og NGO-ar i staden for å byggje opp eit stort eige apparat». Han seier at det likevel er ein del organisasjonar som har landkontor i landa dei arbeider i, noko som kan vere negativt for alignment dersom nordmennene sjølve går ut for å gjere jobben. Men dei fleste norske aktørar har lokalt tilsette og det er svært lite nordmenn att på slike kontor.

Ein informant seier at hans organisasjon samarbeider nært med styresmaktene i Malawi og at dei analyserer den nasjonale utviklingsplanen for nasjonen. Dei ser på kva ambisjonane til styresmaktene er og kva styresmaktene faktisk gjer, og ser på kvar dei kan passe inn i biletet. Respondenten forklarar at organisasjonen er del av ein «Memorandum of Understanding (MOU) saman med helseministeriet, noko som betyr at dei har ein intensjonsavtale om arbeidet dei skal gjere i Malawi. Dei arbeider og saman med ein lokal helseorganisasjon, CHAM, som har ei sentral rolle i den malawiske helsesektoren. Når den norske organisasjonen arbeider med helserelatert arbeid går dei inn i den avtalte planen som er i tråd med CHAM og styresmaktene sine prioriteringar. Alt den norske organisasjonen gjer er dermed innanfor det nasjonale rammeverket.

Atlas-alliansen har teke ei litt anna tilnærming, men er framleis oppteken av å følgje dei lokale strukturane i arbeidet partnerorganisasjonane i alliansen gjer. Informanten forklarar at dei arbeider meir med påverknad av styresmaktene gjennom to kanalar. Det eine er å styrke lokale organisasjonar som arbeider for rettane til funksjonshemma menneske. Der jobbar dei med å byggje opp organisasjonane slik at dei kan påverke styresmaktene sjølve. Det andre er direkte påverknad av styresmaktene. Målet deira er at regjeringa skal ta eigarskap og ansvar for tilbod og støtte til funksjonshemma menneske. Sjølv om nokre av organisasjonane som denne organisasjonen arbeider med har mellombels serviceyting, legg respondenten vekt på at dei ikkje er serviceytarar, og at poenget med bistanden er at regjeringa skal ta ansvar. Dei arbeider med påverknad på alle nivå til dømes innan utdanning arbeider dei med utdanningsdepartementet, finansdepartementet, skule-komitear, utdanningskomitear og endå til lærarpensumet.

No er jo det her i land som Malawi, der kvaliteten på utdanning generelt er veldig, veldig lav. Så vi fokuserer på at funksjonshemmede skal få same tilbod som andre born

og vaksne. Men det er veldig breitt, det er både på lokalt og nasjonalt nivå. Og både formelle og uformelle nettverk og strukturar.

Ein tredje informant legg vekt på at organisasjonen hans alltid arbeider med lokalt tilsette. Dette har vore ei utfordring i forhold til system, tidsfristar og det å få ting gjort og han seier dei nok må finne seg i at det ikkje er i Noreg dei arbeider. Samstundes legg han vekt på at det har blitt mykje betre.

Ein måte for norske aktørar å tilpasse seg lokale system og strukturar på, er å knyte seg til lokale partnerar. Fleire organisasjonar legg vekt på at dei berre har partnerskap med Malawiske organisasjonar. Informanten frå Kirkens Nødhjelp skildrar eit partnerforhold som han meiner hjelper dei med å gjere ein betre jobb. Han snakkar om ei organisk tenking der det er naturlege relasjonar mellom kyrkjer i Noreg og kyrkjer i samarbeidslandet, som medlemmer av ei verdsvid kyrkje. Dei kristne organisasjonane er instrument for desse relasjonane gjennom deira partnerskap. Informanten skildrar det som eit partnerskap på to nivå. Det overordna nivået eller verdinivået består uansett kva anna samarbeid som fins. Dette er bygd på felles identitet, verdifelleskap og partnerskapet er ein verdi i seg sjølv. Det fins ressursar i form av menneskeleg kontakt, fagleg støtte, praktisk støtte, forum for gjensidig læring og utvikling og det kan vere økonomisk stønad på dette nivået og. Dei religiøse organisasjonane har dette fellesskapet på grunn av fellesskapet i eit felles verdsvidt samfunn og ei felles tru. Det instrumentelle nivået eller businessnivået kjem først når partnerskapet er eit instrument for å oppnå noko: «partner blir eit instrument for felles målsetting». Då kjem offisielle kontraktar, revisjonar og fagstyresmakter inn og det kjem krav om kvalitet, truverd og reviderte rekneskap.

I følge informanten er det vanleg at andre organisasjonar berre har relasjonar på det andre nivået og dermed ikkje det organiske partnerskapet med felles organisatorisk identitet og felles verdiar som religiøse organisasjonar kan oppnå. Det er likevel eksempel av organisasjonar som har liknande organiske relasjonar, til dømes fagforeiningar kan ha eit liknande partnerskap om dei samarbeider på tvers av land.

7.2. "Kontektstveggen"

Det har kome fram at særleg det å tilpasse seg lokale system, men og det å koordinere seg med både lokale organisasjonar og organisasjonar frå andre land, vert påverka og i mange tilfelle forvanska av den lokale konteksten. Med konteksten vert det her særleg meint politikk, samfunn og kultur. Som det kom fram i bakgrunnskapittelet fins det ein spesiell kontekst i Malawi med

det store problemet med korrupsjon som vart avdekka i Cashgate-skandalen. Både korrupsjon og manglande tillit har forvanska koordinering i landet, noko som kom fram i løpet av feltarbeidet. Dei norske aktørane kan ha gode intensjonar om både koordinering og alignment, men ikkje nå fram med det fordi dei stadig møter ein vegg av forvanskande kontekst.

Ein informant peikar på kultur, tradisjonar, kapasitet og sårbarheit i landet, og at dei er avhengige av å lage langsiktige planar for å sikre at landet får rett type hjelp. Det er dermed viktig at ein jobbar saman med partnerar på rette måten. Ein annan informant seier at ei utfordring er at dei lokale styresmaktene vil dirigere organisasjonen i visse retningar ut frå der dei ønskjer å ha dei. Dei ønskjer sjølv å behalde fridomen til å gjere prioriteringar innanfor rammeverket.

Informanten frå ambassaden seier og at det kan vere vanskeleg å støtte lokale organisasjonar på grunn av at dei manglar god forvaltning og organisasjon, og at korrupsjon og manglande resultatmåling er store problem. Informanten frå Norad trekkjer og fram lokale tilhøve som korrupsjon. Han meiner full alignment på eit vis vil stoppe litt opp fordi givarlandet vil ha behov for nokre kontrollmekanismar for å hindre misbruk av pengane.

For Noreg sin del, var den nulltoleransen for korrupsjon og anna pengemisbruk svært viktig frå 2007 under Erik Solheim som utviklingsminister. Når det vart viktigare å ha nulltoleranse for korrupsjon og på ein måte avdekkje misbruk og at dei måtte betale pengar tilbake viss dei hadde misbrukt og så vidare, så blei alignment mindre prioritert.

Dette er også eit av aspekta ambassaden trekkjer fram som krevjande. Informanten seier at Cashgate gjorde alignment veldig vanskeleg i Malawi. Det gjer at det blir behov for å ha eit kontrollorgan til dømes inne i helsedepartementet for å kunne gi helsestøtte og utdanningsstøtte. Ein skal likevel nytte styresmaktene sine strukturar for implementering, men ein må ha meir kontroll på midlane og måten det vert følgt opp på. Mange givarar stiller strengare krav, og hovudkontora som ikkje er i Malawi har fått meir å seie. Det har blitt ein konstant diskusjon, ned på detaljnivå om til dømes korleis ein konto skal sjå ut. Det er ein vanskeleg balansegang mellom det, og det at ein faktisk har gått inn i Malawi, og må tole risikoen ved å gjere det. Ein kan ikkje få eit perfekt rekneskap nokon stad, men ein kan iallfall sjå betring frå år til år. Informanten seier vidare at dersom ein ikkje er komfortabel med risikoen kan ein dessverre ikkje gjere det.

Informanten frå ambassaden legg vekt på at det ikkje berre er for dei internasjonale aktørane at

det kan vere vanskeleg å samarbeide. Nokre gonger er det også vanskeleg for dei lokale styresmaktene å arbeide med aktørane som kjem inn. I følgje ambassaden er det ei rekke internasjonale organisasjonar som går utanom i staden for gjennom dei lokale styresmaktene, noko som også skaper problem for koordineringa av prosjekt. Dette gjer at styresmaktene ikkje veit om kva som skjer i ulike område, og det kan til dømes skje at eit område får midlar frå styresmaktene til å starte opp eit prosjekt, medan det allereie fins NGO-drivne prosjekt i området. I følgje informanten er dette i strid med «Do-no-harm»-prinsippet, fordi NGO-ane då undergrev lokale styresmakter og deira kunnskap om kva som trengs i eit område.

7.3. Høgt konfliktnivå i møte mellom lokale og internasjonale organisasjonar i Malawi

I løpet av feltarbeidet i Malawi fekk eg høve til å vere med på eit møte (14.10.2015), som handla om koordinering og kommunikasjon mellom dei ulike aktørane som driver utviklingsarbeid i Malawi. Møtet gav eit godt innblikk i kva utfordringar som fins i det å skulle samarbeide og kommunisere på eit internasjonalt nivå, og gir eit godt bilete av det høge konfliktnivået som fins. Møtet vart halde av NGO Board of Malawi og CONGOMA og retta seg mot lokale og internasjonale NGO-ar som arbeider i landet. NGO Board er eit offentleg organ som arbeider med å registrere og regulere NGO-ar som arbeider i landet. CONGOMA er ein medlemsorganisasjon der alle NGO-ar kan vere medlem og ha påverknadskraft. CONGOMA er tydelege på at dei ikkje er ei utviding av NGO-Board. Det var rundt 200 menneske tilstade på møtet som representantar for ulike organisasjonar, lokale og internasjonale, representantar frå staten og for NGO Board og CONGOMA.

I konseptnotatet for møtet stod litt av bakgrunnen og konteksten for møtet. I 2001 vart det laga ei lov for NGO-ar i landet, men det vart ikkje presentert nokon politikk eller retningslinjer som følgje av lova, noko som har skapt ein vanskeleg situasjon ettersom talet på ikkje-statlege organisasjonar har vakse kraftig fram til i dag. Talet på registrerte NGO-ar var i 1994 87 medan i 2015 er talet 451. Det er derfor stort behov for å utvikle ein politikk og ei lovgjevnad for korleis NGO-ar skal regulerast. På møtet skulle det leggjast fram eit forslag om «An enabling policy and legal environment for NGO operations in Malawi». Målet var å diskutere miljøet for samarbeid og koordinering av NGO-ar i Malawi og setje lys på utfordringar i kommunikasjonen mellom ulike grupper av organisasjonar. Møtet skulle vere startskotet for ein prosess med å lage ein heilskapleg lovgjevnad om regulering av NGO-ar som etter planen skal presenterast i april 2016 (NGO-Board, 2015).

Lova frå 2001 hadde altså høge mål for korleis ikkje-statlege organisasjonar skulle bidra til vekst og eit styrka sivilsamfunn i Malawi. Men nesten 15 år seinare har denne lova framleis ikkje kome til uttrykk i ein heilskapleg politikk og gode retningslinjer for dei mange NGO-ane i landet. Dette kom sterkt til uttrykk på møtet. I dei innleiande talane til møtet kom det fram at det er mykje ueinigheit i NGO-sektoren og nokre av temaa som blei trekt fram var lite tillit mellom lokale og internasjonale NGO-ar og mangel på gjennomsiktighet (transparency). I Minister of Gender, Children, Disability and Social Welfare, Patricia Kaliati, sin tale verka det som at styresmaktene ønskjer sterkare regulering og kontroll over sivilsamfunnet, og det kom fram ei oppfatning om at sivilsamfunnet burde arbeide for styresmaktene. I motsetnad meinte representantar for sivilsamfunnet at NGO-ar burde kunne operere i landet utan å vere registrerte og kontrollerte av styresmaktene.

Før diskusjonane vart det lagt fram 13 tema eller oppfatningar som hadde kome fram gjennom arbeidsgruppemøter i forkant av møtet. Desse var sterkt kritiske til internasjonale NGO-ar og sette ei amper stemning før diskusjonane. Eksempel på kritiske tema var a. diskriminering i tilsettingsprosessar i internasjonale organisasjonar, der internasjonale folk fekk høgare stillingar trass i lik utdanning og erfaring, b. at internasjonale organisasjonar ikkje stilte opp til møter i CONGOMA, men heller danna eit eige nettverk der dei forhandla fram avtalar c. at internasjonale NGO-ar implementerer aktivitetar på eigenhand framfor å bygge kapasitet hos lokale organisasjonar, og d. at donorar er meir generøse overfor internasjonale organisasjonar enn lokale organisasjonar. Desse uttalande gav uttrykk for at det fins sterke ueinigheiter og manglande tillit mellom lokale og internasjonale organisasjonar og at det manglar dialog mellom dei.

Diskusjonen vart delt opp og eg fekk observere diskusjonen mellom dei internasjonale organisasjonane. Eg fekk derfor særleg eit inntrykk av kva dei internasjonale organisasjonane syns var utfordrande med å skulle tilpasse seg til lokale system og strukturar. Eit problem som vart teke opp i diskusjonen i den internasjonale gruppa var at retningslinjer og krav til organisasjonane var ustabile og stadig vart endra, i tillegg til at det ofte var berre ein eller to dagars varsel for felles møter. Dette gjer det vanskeleg for organisasjonane å møte opp og gjennomføre rapportering i samsvar med krava. Dei internasjonale organisasjonane kom med forslag til kva dei kunne ønske seg av NGO-Board og CONGOMA. Dette var mellom anna ei regional kartlegging av kva organisasjonar som arbeider kvar, slik at ein kan ta kontakt med aktuelle samarbeidspartnarar. I tillegg kunne det skje ei form for partner-matching, slik at det vart lettare for dei internasjonale organisasjonane å finne kvalifiserte partnarar som kan prestere

på eit høgt nivå. Dei ønskja også møter to gonger i året for å koordinere aktivitetar på nasjonalt og regionalt nivå. Det som kanskje vart aller sterkast uttrykt var eit ønskje om betre informasjon og retningslinjer for kva organisasjonane må gjere av rapportering og registrering. Dei internasjonale organisasjonane ønskjer å delta i møter og koordinering, men finn det vanskeleg å få tak i rett informasjon.

Etter gruppediskusjonen vart hovudpunkta frå diskusjonane i alle gruppene teke opp i plenum. Lokale styresmakter meinte mellom anna at der var mangel på ansvar og openheit blant NGO-ane, at lokale styresmakter burde inkluderast i større grad i val av fokusområde og rapportering. Dei meinte og at NGO-ar vel vekk områder som er vanskeleg å nå, så kalla «hard-to-reach areas» og at lokale råd burde vere med på å avgjere dette. Til slutt meinte dei at NGO-ane har dårlege exit-strategiar og at for mykje pengar går til administrasjon og for lite til aktivitetar.

Lokale NGO-ar meinte at det skjer for mykje «micro-managing» frå dei internasjonale organisasjonane og at det ikkje blir fokusert på kapasitetsbygging. Dei ønskja større tillit og fridom frå dei internasjonale organisasjonane. Dei meinte og at det er stor konkurranse mellom dei lokale organisasjonane og at nettverk som dei tek del i ikkje er bygde på bakgrunn av delte prinsipp. Til slutt meinte dei og at det er vanskeleg og kostbart å kommunisere med styresmaktene.

Eg fekk etter møtet eit par kommentarar frå dei to norske organisasjonane som deltok, og som eg hadde meir utfyllande intervju med før og etter møtet. Det første problemet den eine informanten oppfatta var at lokale organisasjonar klagar over å ikkje verte inkluderte i partnerskap, når faktisk svært mange blir det. Dei internasjonale organisasjonane får gjerne førespurnad om partnerskap frå veldig mange, men kan berre gå inn i partnerskap med nokre få. Resten får nei, og det er desse som gjerne kritiserer og meiner at dei internasjonale organisasjonane får pengar av ambassadar og donorar på kostnad av dei. Ein grunn til at lokale organisasjonar får nei, er at dei ikkje presterer godt nok, eller at dei er oppretta meir på bakgrunn av sysselsetting enn behov.

Eit større problem informanten observerer er at styresmaktene i landet gjerne har same haldningar som dei lokale organisasjonane. Dei meiner også at dei internasjonale organisasjonane får pengar på kostnad av dei. Grunnen til dette er jo at styresmaktene ikkje har følgt opp pliktene sine. Dei aller fleste donorar kutta budsjettstøtta etter Cashgate, og valde å distribuere midlane til NGO-ar i staden. Dette likar ikkje staten.

Den andre informanten som var på møtet la merke til at det var ein del konspirasjonsteoriar om at dei internasjonale rotta seg saman og i løyndom forhandla fram avtalar. Han sa han aldri hadde lagt merke til forhandlingar om pengar. Han kommenterte og ministeren sin tale, der ho nærast ville at styresmaktene skulle bestemme kva NGO-ane skal gjere.

Viss de gjer som vi vil, så skal de få lakrisen, men viss de ikkje gjer, så skal de få risen. Altså blir kooptert [...] Du blir slukt og underlagt og misser det frie rommet som ein nødvendigvis må ha. Og då er det sånn at dersom du gjer som styresmaktene ber deg så blir du lønna og viss ikkje blir du straffa. Og det er ein ganske uheldig posisjon.

Han seier vidare at både styresmakter og sivilsamfunn må finne det konstruktive spekeret i spenningsfeltet mellom å utfordre, halde regjering ansvarleg og at regjeringa skal halde sivilsamfunnet ansvarleg. Altså skal dei utfordre kvarandre, men og samarbeide. Han viste til ein situasjon der ministeren og ein representant for NGO-ane, Mia Seppo, UNDP Resident Representative i Malawi, var ueinige i kor vidt NGO-ar må registrere seg for å arbeide i landet. Seppo var klar på at NGO-ar ikkje må vere registrerte for å operere i sivilsamfunnet, medan ministeren meinte at det uregistrerte NGO-ar handla ulovleg. Informanten meinte at ministeren sitt standpunkt kom frå eit ønskje om kontroll, og at styresmaktene ikkje ser forskjellen på det at dei kan tilby ekstra privilegium for organisasjonar som registrerer seg, og det å hevde at organisasjonar ikkje skal få operere utan å registrere seg. I følgje informanten manglar styresmaktene vilje til å forstå, og strevar med ein retorikk i skjeringspunktet mellom demokratisk og mindre demokratisk retorikk.

7.4. Internasjonal koordinering

7.4.1. NORAD OG DEN NORSKE AMBASSDEN I MALAWI

Koordinering mellom aktørar frå ulike land skjer både på styresmakts-nivå med dei ulike donorlanda som har koordineringsgrupper, og i mindre initiativ mellom aktørar frå ulike land. Det fins ein god del koordinering mellom norske styresmakter og internasjonale donorar i Malawi. Informanten frå Norad kunne ikkje gi spesifikk informasjon for korleis Norad arbeider i samband med Malawi, men kunne gi generell informasjon om korleis det vanlegvis er. I følgje han gjeld koordineringa i størst grad den multilaterale bistanden, medan den bilaterale bistanden og sivilsamfunnsbistanden er mindre koordinert. I multilateral bistand skjer gjerne koordinering ved at givarlanda tek del i globale fond. Han trekkjer fram felte utdanning og nedkjemping av HIV/aids som eksempel. I tillegg er det å gi pengar til multilaterale organisasjonar som FN og Verdensbanken ein måte for Noreg å sikre at midlane vert koordinert med bistand frå andre land. Mange av sivilsamfunnsorganisasjonane er også med i internasjonale nettverk som sjølve

koordinerer arbeidet til dei ulike organisasjonane. Han trekkjer fram Redd Barna Noreg som er med i Save the Children-familien. Likevel er det ikkje slik at innsatsen frå mange land vert koordinert: «Sjølv om koordinering mellom givarane heldt fram klarer ein ikkje jobbe heilskapleg på bruken av alle bistandspengane som går gjennom alle kanalar»

Informanten fortel vidare at der fanst eit større fokus på harmonisering like etter Paris-deklarasjonen og at budsjett-støtte var ein måte å løyse dette på. Han skildrar korleis det vart arbeidd med dette i Tanzania:

[...] då gjennomførte jo vi mange koordinerande møter mellom dei forskjellige givarlanda i Tanzania, for å harmonisere innsatsen mest mogleg. For eksempel eitt av verkemidla for det var å gi Tanzania budsjettstøtte. Då jobba 12-13 av givarane saman med styresmaktene, under leiing av finansdepartementet i Tanzania om å bli einige om kva målsetjingar som skulle gjelde for bruken av dei pengane i løpet av eitt år.

Vidare seier også informanten frå Norad at eigeninteresser spelar inn, og at givarlanda sine eigeninteresser i utviklingssamarbeid har ei rolle i kvifor det er vanskeleg å koordinere betre. Han viser til EU, igjen i Tanzania, som eit eksempel. EU har ein eigen delegasjon og gir mykje bistand, og ein skulle tru at EU kunne sørge for bistanden frå alle sine medlemsland. Likevel har også mange av EU sine medlemsland egne ambassadar i landet som igjen har sine bistandsprogram. Noko pengar går gjennom EU-delegasjonen, men mesteparten går gjennom til dømes Danmark, Sverige og Storbritannia sine egne ambassadar. I følgje informanten er dette fordi kvart land har eigeninteresse i å byggje opp sitt forhold til mottakarlandet og bistandspengane er ein viktig del av det biletet.

Den norske Ambassaden i Lilongwe, tek og del i koordineringa mellom Noreg og givarar frå andre land gjennom å ta del i koordineringsgrupper og nettverk. Ein tilsett ved ambassaden forklarer at det fins koordineringsgrupper for givarar og koordinerande nettverk for NGO-ar. Til dømes møter Health Donor Group styresmaktene i Malawi og ministeren ein gong i månaden. I tillegg forsøker dei å koordinere arbeidet med NGO-gruppa. Dersom styresmaktene kjem med ein rapport, kjem donorane med eit felles innspel framfor å kome med eitt kvar. I tillegg har dei møter på «Head of Corporation»-nivå omtrent kvar fjortande dag, der dei diskuterer overordna utfordringar, korleis dei skal arbeide med styresmaktene, utvikling og til dømes korleis dei skal arbeide med flom og liknande.

Informanten frå ambassaden seier og at det i visse tilfelle er vanskeleg å kombinere

koordinering med andre land med alignment. Dei prøver å jobbe mot alignment ved å innrette støtta gjennom mekanismar der dei kan få med styresmaktene og jobbe direkte saman med dei. Problemet er at dersom dei vil harmonisere seg med til dømes Tyskland og DFID, så må dei ha inn ekstra kontrollar. Det vert ei konstant forhandling om kor langt dei kan gå mot harmonisering og andre givarar sine regelverk før dei er ukomfortable med kor innretta dei er til styresmaktene sitt system og måten dei jobbar på. I følgje respondenten vert det ein konstant konflikt mellom dei to og han har opplevd at dei har arbeidd med land der dei har måtta velje mellom harmonisering og alignment med styresmaktene.

Ein informant frå ein norsk organisasjon meiner at innanfor koordinering ligg problemet stort sett på styresmakt eller statleg nivå. Han peikar på at det å skulle halde seg til retningslinjer frå ulike givarland er svært krevjande, og at det derfor er stort behov for betre koordinering mellom givarland. Organisasjonane jobbar med styresmakter frå mange land, til dømes UD, Norad, ambassaden frå Noreg og GIZ og KFW frå Tyskland. Det at dei har heilt ulike system når det gjeld søknad og rapportering, tidspunkt og anna, gjer at det er krevjande å arbeide med dei ulike. Informanten legg særleg vekt på det at dei lokale partnerane til organisasjonane og må ta stilling til alle desse ulike krava, formata og tidsfristane og må bruke tid og energi på det. På givarsida vert framdrift og føresetnadar diktert, medan på den andre sida vert det arbeidd for å overhalde dei, og nokre gonger går det faktisk på kostnad av gjennomføringa. Informanten meiner at dersom det berre hadde vore mogleg å koordinere noko slik at det ikkje var så mange variantar, så hadde ein også sloppe å «finne opp hjulet på ny i kvar hovudstad».

7.4.2. ANDRE NORSKE AKTØRAR I MALAWI

Nokre av dei norske aktørane kan opplyse om at dei arbeider for å samarbeide med organisasjonar frå andre land, og at det fins koordinering på internasjonalt nivå. Andre aktørar verkar ikkje som om dei fokuserer på samarbeid med aktørar frå andre land. Ein informant nemner NGO-Forum der dei internasjonale organisasjonane i Malawi møtes for å snakke om ting som: kva utfordringar dei har, korleis tryggleikssituasjonen er og korleis dei kan ta stilling til styresmaktene. Under flomkatastrofen vart det og rapportert inn til denne gruppa om korleis det stod til innanfor ulike «clusters» (eit FN-omgrep om ulike faggrupper/organisasjonsgrupper) som arbeidde med vatn, sanitær, mat osv. Den same informanten meiner det fins ein klar tanke om koordinering på internasjonalt nivå, men seier han er usikker på kor godt det fungerer, og at det nok varierer mykje frå sektor til sektor. Han seier og at hans organisasjon har samtalar med sine søsterorganisasjonar frå England og Danmark for å sørgje for at dei utfyller kvarandre, og somme tider samarbeide. Ein annan

informant seier han i svært liten grad samarbeider eller kommuniserer med organisasjonar frå andre land.

Fleire av informantane kan og fortelje at organisasjonane dei arbeider i er med i eitt eller fleire nettverk der dei kommuniserer med aktørar frå ulike land. Det fins og paraplyorganisasjonar som uttaler seg på vegne av NGO-ane eller har meiningar om saker som påverkar medlemmane.

Ja, vi er med i masse nettverk. Vi er med i både helsenettverk, CHAM, vi er med i FNs koordineringsgruppe, Cluster-system og det er både på matsikkerheit, det er på helse, utdanning[...] Det er masse nettverk innanfor matsikkerheit og nettverk innanfor fred og forsoning. Der er vi ganske aktive. Og det er masse nettverk, nesten litt for mykje.

Ein informantane seier organisasjonen han arbeider i er med i eit globalt nettverk som særleg er viktig i katastrofesituasjonar då alle medlemmane kan gå saman om å fordele arbeidsoppgåver og sende ut globale appellar til partnerar i heile verda. Ein annan informant seier at stort sett alle seriøse aktørar held seg til offisielle nettverk. Han seier at det fins faggrupper for langsiktig utvikling, men at dei ikkje er like sterke og verknadsfulle som innanfor humanitærhjelp. Ein tredje informant fortel om eit nettverk som hans organisasjon sit som sekretariat for. Han seier det er veldig positivt å ta del i dette, men at han har sett mange liknande nettverk som døyr ut etter ei stund.

Vi har jobba ganske mykje med å få standardisert metodar og standardisert insentiv. [...]om vi er eit nettverk...? Nokre gonger kallar eg det ein plattform. For det er jo veldig mykje der vi egentlig kan vere ueinig om, vi treng ikkje vere einig om alt. [...] Det er jo ein læringsplattform. [...] Så har vi felles møter på "gender" [...] der vi liksom går gjennom og ser kva slags erfaringar folk har med kva som fungerer og ikkje fungerer for å få kvinner med i prosjekta [...] erfaringsutveksling seier ein på norsk!

I samtale med ein informant vert det snakka om kor vidt det fins ein nasjonal plan for NGO-ar, eller om styresmaktene i Malawi tek del i det å koordinere innsatsen som kjem inn i landet slik som ideen bak alignment seier.

Nei, det er nok litt for ambisiøst. Og eg trur at det vil også butte så mykje... fordi det ville bli oppfatta som dirigering. Altså det ville gå ut over det å leggje til rette, det ville då bli at dei dikterer og at vi då nærmast vert kooptert inn i deira planar[...] Altså dette NGO-kontoret har jo ikkje kapasitet til det. For vi har jo relasjonar med dei ulike ministeria. Det er jo der samordninga. Det er jo der det føregår. Også er det sånne Clusters. Vann/sanitær-clusters, matsikkerheits- og så vidare. Der skjer det jo ein del

koordinering der ein tek, kan få oppgåver gjennom det. Så det er meir på det nivået at den type samkøyring skjer.

7.5. Drøfting

7.5.1. ALIGNMENT – TILPASSING TIL LOKALE SYSTEM OG BRUK AV LOKALE PARTNARAR

Både dei norske styresmaktene og aktørane som arbeider i Malawi verkar som om dei har eit svært bevisst forhold til alignment. Uttalar frå både Norad og aktørar vitnar om at temaet er innarbeidd og at det er noko som vert lagt vekt på i arbeidet dei gjer. Til dømes er arbeidet med budsjettstøtte eit klassisk eksempel på at norske styresmakter har forsøkt å nytte lokale system for å oppnå resultat. I Malawi har dette som sagt fungert dårleg med tanke på korrupsjonen som førte til at alle land var nøydde til å trekkje budsjettstøtta ut. Norske styresmakter prøver å kommunisere godt med dei nasjonale styresmaktene i Malawi, for å sikre at dei norske og dei lokale måla for utvikling samsvarer. Informanten frå den norske ambassaden nemnte at dei tek del i møter med den malawiske helseministeren månadleg.

Dei norske aktørane verkar og som om dei arbeider godt med lokale strukturar ved til dømes å arbeide tett med styresmaktene for utdanning og helse i dei prosjekta det er aktuelt. Dei norske aktørane verkar som om dei i stor grad baserer seg på lokale partnerorganisasjonar for å få gjennomført prosjekta sine. Dette lovar godt for alignment, då lokalt tilsette med god kjennskap til lokale system og kultur får setje premissane for midlane. Det fins nokre få norske landkontor i Malawi, men dei fleste tilsette er lokale. Det er gjerne ein norsk tilsett tilstade. Også måten å arbeide på som Atlas-alliansen skildrar, med fokus på å leggje press på styresmaktene, kan seiast å vere innanfor alignment-tankegangen. Ved å stille lokale styresmakter til ansvar tvinger ein dei til å forbetre systema sine, og ein unngår at det vert danna parallelle system.

På NGO-møtet kom det fram at internasjonale organisasjonar somme tider finn alignment utfordrande, fordi det er vanskeleg å få tak i informasjonen og retningslinjene som trengs for å tilpasse seg til dei lokale systema i landet. Møtet opna likevel for at dei internasjonale organisasjonane kunne kome med innspel på kva som kunne gjerast for å rette på dette. Ein kan håpe at ein dialog om utfordringar gjer at det i framtida vert lettare for både norske aktørar og aktørar frå andre land å arbeide på linje med lokale system. Også det å finne gode, lokale partnerar vart trekt fram som utfordrande. Dei internasjonale organisasjonane uttalte at det ofte mangla kompetanse i små partnerorganisasjonar, noko som gjer det vanskeleg å overlate ansvar til dei.

Det kan verke som om norske aktørar i Malawi legg vekt på både system alignment, altså å tilpasse seg lokale system, og policy alignment der ein stiller seg på linje med dei lokale prioriteringane. Det er også eit breitt fokus på bruk av partnerorganisasjonar blant dei norske aktørane. Sidan berre norske aktørar er intervjuja, er det vanskeleg å seie noko om likeverdet mellom dei norske og dei lokale organisasjonane, men sidan midlane gjerne kjem frå dei norske organisasjonane er det vanskeleg å unngå ei viss slagside i partnerskapet. På NGO-møtet kom det fram at lokale organisasjonar opplevde det dei kalla «micro-managing» eller overdriven styring frå utanlandske aktørar og at dei ønska meir tillit. Dette var ikkje særskild retta mot norske aktørar, men det er nærliggjande å tru at kritikken og kan vere gjeldande for desse. Tillitsproblematikken leier oss vidare til neste aspekt frå teorien.

7.5.2. TILLIT OG GJENSIDIG ANSVAR

I eit land som Malawi fins det som nemnt ein god del kontekst som forvanskar arbeidet for norske aktørar. Korrupsjonsskandalen er nemnt fleire gonger i prosjektet med god grunn. Noko av det som kom fram i feltarbeidet var nettopp korleis dette brotet på tillit gjer alignment vanskeleg. Som vi ser over har dei norske aktørane gode intensjonar når det gjeld alignment, men det kan vere vanskeleg å få til i praksis dersom ein stadig støyter på nye utfordringar.

Både informanten frå ambassaden og frå Norad trekkjer fram korrupsjon som noko som gjer samarbeidet med lokale aktørar vanskeleg. I tillegg peiker dei begge på svak forvaltning, organisasjon og resultatmåling som forvanskande ting. Det er behov for å ha nokre kontrollmekanismer inne i både styresmakter og organisasjonar for å ha tillit til at midlane som vert overført vert handsama på ein god måte. Som informanten frå Norad sa, fins det ein nulltoleranse-politikk overfor korrupsjon i Noreg, som gjer at det skjøre tillitsforholdet vert forstyrra. Ein opplever også at den manglande tilliten gjer at nokre aktørar går utanom dei lokale styresmaktene når dei skal starte opp prosjekt, noko som gjer at styresmaktene ikkje har kontroll på kva som skjer i landet. Denne undergravinga av dei lokale styresmaktene er stikk i strid med alignment-prinsippet og skadar tillitsforholdet mellom lokale og internasjonale aktørar.

Med dette utgangspunktet er det ikkje til å sjå vekk i frå at slagsida i partnerskapet vert stor, noko som igjen er eit hinder for alignment. Det gjensidige ansvaret vert nok fort sett på sidelinja. På NGO-møtet kom det fram at det i stor grad er manglande tillit i forholda mellom lokale og internasjonale organisasjonar. Påstandane som vart lagt fram før diskusjonen spegla dette godt med uttalar om diskriminerande tilsetjingsprosessar, at internasjonale organisasjonar heldt seg for seg sjølve og at dei ikkje delte midlane sine. Særleg kom det fram i det dei lokale styresmaktene nemnte om mangel på openheit og ansvar hos dei internasjonale

organisasjonane. Dei meinte og at for mykje pengar forsvinn i administrasjonskostnadar hos dei internasjonale organisasjonane og at dei har for dårlege exit-strategiar.

7.5.3. FOHOLDET MELLOM STAT OG SIVILSAMFUNN

Sivilsamfunnet si oppgåve i eit samfunn er å vere eit kontrollorgan til staten. I eit land som Malawi, der korrupsjon er eit utbreitt problem, er kanskje sivilsamfunnet si rolle ekstra viktig. Det er også svært mange sivilsamfunnsorganisasjonar tilstade i landet både lokale og frå andre land. Mange av desse er sentrale kanalar for midlar inn til landet, noko som gjer dei særleg viktige for malawisk økonomi og styring. I teorikapittelet vart det introdusert eit rammeverk av Stein Villumstad (2005) som hjelp til å vurdere kor sunt dette forholdet er.

I datainnsamlinga kom det tydelegast fram spor av stat-sivilsamfunn-relasjonen på NGO-møtet i Lilongwe. På dette møtet var representantar for både sentrale og lokale malawiske styresmakter tilstade saman med sivilsamfunnsorganisasjonane. Det at så mange stilte opp på møtet der dei skulle diskutere relasjonen var eit positivt teikn. Dei lokale styresmaktene uttalte eit ønskje om å verte inkluderte meir i dei internasjonale aktørane sine val av arbeidsområde sidan dei følte internasjonale organisasjonar valde vekk dei områda som er vanskelegast å nå. I rammeverket til Villumstad kjem dette innunder kategorien Cooperation. Dette er eit klart ønskje om betre samarbeid mellom sivilsamfunn og styresmakter. Det er og eit rettmessig krav frå styresmaktene si side, sidan dei truleg har god oversikt over lokale høve og behov i mange delar av landet.

Minister Patricia Kaliati, som heldt ein innleiande tale på møtet, stod for eit litt anna syn på forholdet mellom sivilsamfunn og stat. Ho ytra eit ønskje frå staten om strengare kontroll og regulering av frivillige organisasjonar, noko som kan gjere at ein beveger seg over i den fjerde C-en Cooptation. Det kunne verke som om staten ønska å bestemme meir kva dei frivillige organisasjonane skal arbeide med og at den nye lovgjevnaden kunne støtte opp om dette. Det var, som forklart, ein diskusjon om det er påbode å registrere NGO-ar eller ikkje for å få lov til å arbeide i landet. Det er positivt for staten å ha oversikt over kva aktørar som arbeider i landet, men når det kjem til uttrykk slik som på NGO-møtet verkar det meir som eit ønskje om kontroll. Som ein informant forklarte det, har nok dette i ein del tilfelle ein samanheng med at det generelt er demokratiske utfordringar i statsforvaltinga. Det er og, som mykje anna, knytt til tillitsproblem mellom staten og sivilsamfunnet. I april 2016 kunne Nyasa Times opplyse om at 400 organisasjonar ville miste lisensar og operere ulovleg, om dei ikkje registrerer seg innan 31.mai 2016 (Khamula, 2016).

Det at det fins ein fellesorganisasjon for alle NGO-ar, CONGOMA, tyder på at det samstundes fins krefter som arbeider for å sikre eit fritt speleroom for NGO-ane. At CONGOMA samarbeider med NGO-Board of Malawi, som er statleg, til dømes med å arrangere NGO-møtet, og i arbeidet med lovgjevinga, kan vere positivt og peike mot eit ønskje om å samarbeide med staten. Samstundes er det viktig å vere merksam på at eit slikt samarbeid ikkje går for langt i statleg favør. CONGOMA er nøydde til å halde fram med å vere skilt frå NGO-Board, slik dei på møtet hevda at dei er, for å vere ei motvekt til statleg kontroll av sivilsamfunnet.

Etter det vesle innblikket i relasjonen mellom sivilsamfunnet og staten som var mogleg å få på NGO-møtet, er det ikkje mogleg å kome med ei realistisk vurdering av relasjonen. Det er likevel mogleg å danne seg eit inntrykk. Det verkar som om relasjonen ikkje er heilt satt og at dei stadig bevegar seg mellom dei fire C-ane. Retorikken på møtet tyder på at det fins sterk mistillit både mellom staten og sivilsamfunnet og mellom dei lokale og internasjonale organisasjonane. Dette vitnar om at det fins spor av konfliktrelasjonen. Det ser og ut til at CONGOMA og andre representantar for sivilsamfunnet, også dei norske, arbeider med å halde styresmaktene ansvarlege for handlingane sine, noko som peiker meir på Challenge-relasjonen.

Samstundes er det uttrykt eit sterkt ønskje om å samarbeide betre og finne løysingar på utfordringar på ein måte som minner meir om samarbeid eller Cooperation. Berre det at så mange representantar stiller opp til eit møte der betre kommunikasjon er tema, tyder på at det er sterk vilje til å betre samarbeidet. Utspela frå ministeren tyder dessverre på at det også er spor av Cooptation-relasjonen, men det verkar som om sivilsamfunnet står sterkt i mot dette.

Oppsummert er inntrykket at relasjonen mellom sivilsamfunn og stat i Malawi i størst grad ligg ein plass mellom Cooperation og Challenge og at dette er eit ønskje frå dei fleste. Det verkar likevel som om relasjonen framleis er litt skjør og at faremomenta i Conflict og Cooptation lurar under overflata. Viljen til samarbeid og kommunikasjon verkar sterk og ein kan håpe på at dei gode aspekta ved relasjonen veks seg sterkare over tid.

7.5.4. KOORDINERING AV GIVARAR FRÅ ULIKE LAND

Malawi er på mange måtar eit klassisk «bistands-land» der det gjennom veldig mange år har vore mange bistandsaktørar tilstade. Som Acharya hevda, kan dette i seg sjølv vere eit stort hinder for at utviklingsarbeidet skal fungere godt. Informanten frå Norad kunne ikkje spesifikk informasjon om Malawi, men opplyste om at det til vanleg er lite koordinering mellom donorar frå ulike land. Det finst ikkje noko form for koordinator som styrer eller kontrollerer kva program alle dei ulike bistandsaktørane har. Han trekkjer fram at Noreg og gir mykje midlar til

multilateral bistand, og seier at dette er ein måte å koordinere bistand på. Dei multilaterale organisasjonane vil ha høve til å fordele midlane dei får inn frå ulike land etter behov i mange land. Dette er og gjerne store og kjende organisasjonar som kan vere lettare for eit mottakarland å handtere enn mange mindre organisasjonar. Dette kan kanskje vere med på å utjamne nokre av transaksjonskostnadane skildra av Acharya. Midlane frå multilateral bistand er likevel berre ein del av bistandsflommen inn i eit mottakarland og føyer seg nok mange stader berre inn i rekka av aktørar mottakarlandet skal handtere.

Informanten frå den norske ambassaden kunne i langt større grad fortelje kva som vert gjort spesifikt i Malawi. Ambassaden møter donorar frå andre land i donorgrupper fordelt på aktuelle sektorar der og representantar frå styresmaktene tek del. Gjennom og å koordinere dette arbeidet med nettverk for NGO-ar, kan det verke som om dei faktisk oppnår noko med koordineringsarbeidet. Det skin gjennom uttalane at det kanskje ikkje er den mest detaljerte koordineringa som skjer i desse gruppene, men at dei store linjene vert diskutert, som til dømes handtering av kriser.

Også dei norske sivilsamfunnsorganisasjonane koordinerer arbeidet sitt med organisasjonar frå andre land til ei viss grad. Det verkar som om mange tek del i NGO-koordinerings-gruppa, og at mange tek del i nettverk der dei kan dele kunnskap og informasjon. Samstundes står det fram som litt tilfeldig kvar dei tek del og kor mykje dei engasjerer seg. Det verkar og som at nokre av informantane ser utfordringar med arbeidet i nettverk og at det kan vere vanskeleg å få dei til å vere stabile og sterke. Eit par informantar seier dei er usikre på kor mykje koordinering det faktisk blir ut av nettverka og ein informant peikar på at det nok i større grad skjer gjennom kontakt med dei lokale styresmaktene i dei aktuelle sektorane.

I teorikapittelet vart Winters sine tre barrierar mot koordinering mellom land nemnt, og det kan sjå ut til at særleg to av desse gjer seg gjeldane her. Informanten frå Norad peiker på den første, nemleg at givarlanda sine eigeninteresser spelar ei for stor rolle i valet av korleis dei vil overføre midlar. Det er viktig for landa å sikre at midlane som kjem frå dei vert identifiserte og gjort tydelege, for ikkje å risikere at ingen veit at det kjem midlar frå nettopp dette landet. Dette fører nok til at mange vel å fokusere på eigne utviklingsprogram framfor å koordinere seg med programma til andre land eller, som informanten frå Norad nemnte, EU. Eigeninteresser står i vegen for god koordinering.

Den andre barrieren som viser seg tydeleg i dette datamaterialet er at det fins ei rekke byråkratiske strukturar og prosedyrar hos kvart givarland som gjer det vanskeleg for dei å

samarbeide. Informanten frå ambassaden såg på det som vanskeleg å både skulle koordinere seg med krav og regelverk frå andre land og samstundes forsøke å arbeide saman med styresmaktene i mottakarlandet. I følgje informanten må dei somme tider velje mellom koordinering med andre land og alignment. Også ein av informantane frå ein organisasjon legg vekt på at dei ulike givarlanda har for mange ulike prosedyrar og krav som gjer at det er vanskeleg å ta omsyn til dei alle, både for internasjonale organisasjonar og for partnerorganisasjonar. At givarlanda ikkje ein gong klarer å koordinere system og prosedyrar tyder på at det er eit godt stykke igjen av arbeidet for koordinering mellom givarland.

Acharya hevda at sjølve fokuset på å koordinere ulike land sin innsats i eit mottakarland er fåfengt og at fokuset heller burde liggje på å redusere talet på aktørar i mottakarlandet. Han viser til at strategiane for å koordinere er konservative nettopp i det at dei forsøker å koordinere i staden for å ta problemet ved rota å seie at det ikkje burde vere så mange aktørar til stade. Dei to barrierane over viser til barrierar mot koordinering, men med færre aktørar tilstade kan koordinering vere lettare. Acharya meiner at alle land burde fokusere på færre mottakarland og dermed nytte midlane sine betre i eitt område. Han meiner og at det internasjonale utviklingssamfunnet må ta ansvar for å redusere talet på givarland i kvar mottakarland.

I følgje studien til Acharya var Noreg ein av dei verste «profilators», altså givarland som spreier utviklingsmidlane utover svært mange mottakarland, i 2006. Dei siste to statsbudsjetta til Noreg har vist ein meir positiv trend, då det har blitt bestemt at dei norske midlane skal konsentrerast meir. Det er valt ut 12 fokusland der norske midlar skal gjere ein større innsats og Malawi er eitt av desse. Det er likevel ikkje slik at det ikkje skal vere norsk utviklingshjelp i andre land (Norad, 2015a). Det kan verke som dette er eit steg i rett retning for norsk utviklingshjelp.

Bistandsaktuelt er dessverre ikkje like positive. I følgje dei er det mange givarland som har hovudsamarbeidsland på same måten som Noreg, dei kallar det "besteven"-land. Eit problem er at det dessverre ser ut til at mange givarland tenkjer likt og vel seg ut dei same landa som fokusland. Dette kan dermed føre til at nokre politisk attraktive land får mykje bistand, medan andre land vert nedprioritert. Bistandsaktuelt trekkjer fram at dei fleste av Noreg sine fokusland også har mange "bestevener" frå før (Bistandsaktuelt, 2016). Dersom mange givarland har dei same fokuslanda fører ikkje konsentrasjonen av støtte til at det vert færre givar i eitt land, men at færre land får støtte. Landa som framleis har mange givarar vil dermed fortsette å ha dei same transaksjonskostnadane, medan andre land ikkje vil få den bistanden dei treng.

8. KONKLUSJON OG AVSLUTNING

Dette prosjektet starta med ei undring på kva slags relasjonar som fins mellom dei norske utviklingsaktørane som arbeider i eit felles geografisk område. I samband med fokuset på effektivitet som har vore i sektoren, har koordinering vore eit sentralt tema, og spørsmålet er korleis dette har kome til uttrykk i praksis. Kommuniserer dei norske aktørane med kvarandre? Deler dei informasjon? Samarbeider dei?

Prosjektet har søkt å svare på problemstillinga: Korleis kjem nettverk og koordinering til uttrykk i norsk utviklingssektor i Malawi? Som det vart nemnt i innleiinga vart prosjektet starta med ei forventning om at det fins mange norske aktørar som arbeider med bistand i same område, utan å nytte kvarandre som ressursar og utan å koordinere arbeidet. Det var forventa å finne eit nettverk, med behov ei meir tydleg retning. Dei tre funn og analyse-kapitla har gått gjennom data som peikar på dei tre forskingsspørsmåla. I dette kapitlet vert resultatata forklarte, kontekstualiserte og knytt saman i ein felles diskusjon og konklusjon.

Det er gjort ei omfattande datainnsamling som til saman peikar mot fire funn. For det første er nettverket mellom norske aktørar som arbeider med utviklingsarbeid i Malawi dårleg utnytta. Tettleiksanalysen viser at det er mange moglege relasjonar som ikkje er aktive og at informasjon derfor ikkje flyt gjennom nettverket like fort som det kunne gjort. Det er fleire årsaker som peikar seg ut for det dårleg utnytta nettverket, men det som kanskje verkar mest avgjerande er at det ikkje vert arbeidd strategisk med koordinering, trass i at diskursen i miljøet prega av omgrep og teoriar som talar for koordinering.

Dessverre møter ikkje diskursen inn med dei praktiske utfordringane i arbeidet. Både for dei norske aktørane si koordinering seg i mellom og for koordineringa på internasjonalt nivå står det mange utfordringar i kø. Dette gjer at vilja til koordinering er svak. Dette er mønster som viser seg i intervju med dei norske aktørane. March (1986) hevdar at teoriar og omgrep frå administrasjonsteorien ikkje alltid passar inn med røynda, men at dei som arbeider med problemstillingane likevel adopterer diskursen frå teorien. Dette er skadeleg for arbeidet og ein burde heller sjå til alternative perspektiv som kjem nærare dei verklege problema i arbeidet. I dette nettverket fins det ein tanke om nettverket bør nyttast til koordinering, men samstundes vert ikkje koordinering sett på som nyttig for dei som tek del i arbeidet. Dermed vert innsatsen og strategien laber.

March sitt synspunkt kan sjåast i samband med Landau (1969), som er ein av dei som meiner koordinering ikkje alltid er positivt for effektiviteten av arbeid. Han meiner for mykje

koordinering kan gjere at ein misser det som gjer arbeidet påliteleg, nemleg duplisering og dobbeltarbeid. Ser ein desse to i samanheng kan det antyde at nettopp koordinering ikkje løyser problema i sektoren på den måten ein ønskjer, men at ein, i den faglege diskursen ikkje har klart å skifte fokuset heilt vekk frå omgrepet. Dei som arbeider nærare problemstillingane ser derimot dette, men er framleis påverka av den faglege diskursen.

For det andre, kjem det fram interessante funn når ein ser på offentleg-privat dimensjonen i sektoren. Dei offentlege aktørane, altså Norad og den norske ambassaden, har mindre strategiske posisjonar, når ein ser på sentralitetsmåla samla, enn somme av dei private aktørane. Kirkens Nødhjelp og Atlas-Alliansen peika seg særleg ut her. Desse aktørane fekk høge verdiar på både grads-sentralitet og mellomleddssentralitet. Norad og den norske ambassaden fekk berre høge verdiar på grads-sentralitet, noko som viser at desse ikkje har like store roller når det kjem til det å fordele informasjon i nettverket. Kirkens Nødhjelp og Atlas-alliansen sine posisjonar er ein ressurs som i liten grad vert utnytta strategisk. Dei er i kontakt med svært mange, og ville kunne bidra til å spreie informasjon og kunnskap i nettverket.

I tillegg til at desse aktørane er ressursar har dei og makt i nettverket i eigenskap av dei sentrale posisjonane dei har. Dupont (2006) peikar på at sentrale posisjonar gir nodane makt i form av at dei får fleire moglegheiter, opplever mindre motstand, og får meir innverknad på andre i nettverket. I dette materialet fins det altså private aktørar i nettverket, som har makt til å påverke det som skjer i nettverket. Dei private aktørane har og posisjonar og innverknad på implementering av utviklingspolitikken. Denne offentleg-privat-dimensjonen antyder at styringsmakta i nettverket er fordelt, og ikkje reint hierarkisk.

Det at private aktørar seglar opp som så sentrale i nettverket framfor dei offentlege er også interessant i forhold til andre nettverksanalysar. I governance-teori ser ein på nettverket som ein del av ei styringsform, der staten slepp andre aktørar inn og overfører ei viss mengde styringsmakt. Mange nettverksstudiar, på ulike nivå, tek for gitt at dei offentlege aktørane er mest sentrale, og styrer mykje av informasjonen i nettverket. Dei meiner at offentlege aktørar motverkar styringsmakta til ikkje-statlege aktørar (Agranoff og McGuire, 2004:43, Dupont, 2006:175). Mellom anna kom Dupont fram til dette då han såg på sikkerheitsnettverket i ein storby i Nord-Amerika (Dupont, 2006:175-176). R. Karl Rethemeyer og Deneen M. Hatmaker viser derimot at fleire aktørar kan ha ambisjonar om å styre ein nettverk, og peiker på at ein må sjå utover berre dei offentlege aktørane som potensielle styrarar (Rethemeyer og Hatmaker, 2008:627-628). Dette prosjektet støttar opp om den siste påstanden, sidan private aktørar sigla

opp som dei med dei mest strategiske posisjonane for å kunne styre informasjonsflyten i nettverket. Dette kan vere med på å nyansere den etablerte litteraturen på dette.

I den spesifikke litteraturen om bistand kan og dette aspektet vere interessant. Moore og Daniel (2003) fann at nettverket i nødhjelpsarbeid hadde ein hierarkisk struktur, der dei internasjonale organisasjonane var særleg sentrale, og mange av dei lokale var perifere. Dei sentrale aktørane var dei som kontrollerte flyten av informasjon og som nådde ut til flest med hjelp. Desse funna er interessante å sjå i forhold til dette prosjektet, trass i at det her er snakk om langsiktig utviklingsarbeid heller enn nødhjelp, og offentlege og private aktørar heller enn internasjonale og lokale. Også i dette nettverket kan det sjå ut til at det fins ein viss hierarkisk struktur. Dei offentlege aktørane har høg gradssentralitet, og kontrollerer mykje av pengeflyten i systemet. Samstundes viser det seg at visse private aktørar er meir sentrale når ein ser på mellomleddssentralitet, noko som kan antyde at desse i større grad styrer informasjonsflyten i nettverket. I dette prosjektet er det kanskje og dei mest sentrale aktørane som kontrollerer flyten av informasjon, men det ser ut til at dette ikkje er knytt til den hierarkiske strukturen. Det kan vere at nettverksstrukturen i sektoren er sterkare enn den hierarkiske strukturen.

Eit tredje funn er at fokuset på koordinering er større i den internasjonale samanhengen enn den norske. Både ambassaden i Malawi og dei norske aktørane som arbeider der, tek del i mange nettverk og tiltak for å betre koordinere seg med både dei andre givarane, og med dei lokale styresmaktetne og partnarar. Dei møter likevel på ein del utfordringar som gjer at arbeidet er tungt og tidkrevjande. Det verkar som om det internasjonale arbeidet i Malawi er prega av konflikt og mistillit, og at konteksten i landet forvanskar moglegheitene for alignment.

Eit fjerde funn i dette prosjektet spelar vidare på funna om at koordinering ikkje fungerer så godt i det norske nettverket i Malawi. Ei oppmoding til fagmiljøet er at fokuset i det norske nettverket bør flyttast frå koordinering til eit alternativt perspektiv, for å betre nytte dei moglegheitene nettverket har. Eit alternativt perspektiv er å nytte nettverket til kunnskapsdeling, heller enn koordinering. Som Castells hevda har nettverka bevegde seg mot informasjons-nettverk nettopp for å overkome utfordringane som fanst med koordinering og bruk av ressursar for å handtere oppgåver (Castells, 2000:15). Koordinering er kanskje ikkje det mest effektive ein kunne nytte nettverket til, medan informasjonsdeling er noko det kan vere behov for.

Respondentane uttaler at dei gjerne ønskjer det same som andre aktørar, men finn det vanskeleg å koordinere. Dei kjenner seg overvelda og lite motiverte til å delta aktivt i koordinering og

samarbeid. Det tek for mykje tid og ressursar. Derfor burde nettverket nyttast på ein annan måte, dei har nemleg meir å tilby kvarandre enn koordinering og samarbeid. Det fins mykje informasjon og kunnskap i nettverket, som ikkje kjem alle til gode. Framfor å nytte kvarandre som ressursar, gjer dei norske aktørane ein god del innsamling av informasjon på eigenhand. Dette er ressurskrevjande, og kan vere vanskeleg. Dersom aktørane heller kan dele kunnskapen dei sit på vil arbeidet verte meir effektivt og det vil skje ei naturleg koordinering gjennom kommunikasjon. Delinga kan skje gjennom interaktive plattformer alle har tilgang til, eller gjennom fagdagar og workshops. Det er også viktig å arbeide med insentiv for å dele informasjon slik at ikkje konkurranse om midlar og merksemd øydelegg for høvet til å hjelpe kvarandre.

Eitt dei sterkaste empiriske bidraga dette prosjektet kan gi til den generelle litteraturen om governance og nettverk, er nettopp denne bruken av, og verdien til nettverket i forhold til strukturen det har. Mykje governance-litteratur tek for gitt at nettverksstyring og koordinering, gjer at politikken vert meir effektivt implementert. Dette prosjektet styrkar Granovetter (1973) sin teori om «The Strength of Weak Ties», som vart presentert tidlegare, og viser at den er nyttig når det gjeld utviklingssektoren. Han meiner at eit nettverk kan nå lenger om det ikkje er så tett knytt saman. Dersom banda er lausare kan ein lettare danne nye band til nye aktørar og ein kan påverke større grupper. I dette prosjektet kan det overførast til å tenke at deling av informasjon kan nå lenger, enn den meir organiserte koordineringa. Strukturen i nettverket treng ikkje vere tett, men ein må nytte nettverket på rett måte for å få utbytte av det. Eitt nettverk som ikkje er tett vil ikkje klare å koordinere seg godt. Dersom ein derimot har eit anna mål, kan eit mindre tett nettverk fungere godt for å oppnå målet. Dette prosjektet vil påstå at det fins stor nytteverdi i nettverket om ein flyttar fokuset og har ein strategi for kva ein vil nytte nettverket til. Dersom ein tenkjer at ein jobbar i ei gruppe med det Brown og Keast (2003) kallar nettverksordningar som er laust kopla saman, heller enn eit fast organisert nettverk, kan aktørane fokusere på å nytte kvarandre som ressursar og arbeide med kunnskapshandteringa i gruppa.

I tillegg til dei fire funna er det og forsøkt å nyansere eller tilføre noko nytt til litteraturen som la grunnlaget for val av problemstilling og case i dette prosjektet. Funn frå rapporten til Abuom et al (2012) var særleg viktige utgangspunkt. Til dømes kan dette prosjektet vise at det er meir kommunikasjon og koordinering mellom Norad og den norske ambassaden i Malawi, enn Abuom antyder. De ser ut til at dette kan vere noko som er teke tak i sidan Abuom et al sin rapport i 2012. Samstundes kan det stemme at det overordna rammeverket for utviklingshjelp

frå Noreg til Malawi, framleis er svakt. Abuom et al kritiserte dei norske ambassadane for ikkje å ta ei stor rolle i det å koordinere seg sjølv eller dei norske aktørane til nasjonale rammeverk. I datamaterialet frå dette prosjektet ser det derimot ut til at ambassaden legg ned mykje arbeid i å tilpasse seg, og vere på linje med nasjonale rammeverk i Malawi. Ambassaden har og noko arbeid retta mot dei norske aktørane, men når ikkje like langt her. Dei uttalar og at koordinering mellom dei norske aktørane dei ikkje er prioritert.

Eit anna funn frå rapporten til Abuom et al var at spenningar mellom sivilsamfunnet og staten i Malawi hadde svekka koordineringa på nasjonalt nivå. Dette viste seg absolutt å vere tilstade i datamaterialet frå dette prosjektet og. Sivilsamfunnsorganisasjonane føler at den uavhengige rolla deira er truga og at dette påverkar kor lett det er å koordinere seg. Her kjem og konteksten inn som ei utfordring for det generelle arbeidet med både alignment og koordinering.

Ti år etter det første, store møtet for effektiviseringsagendaen i Paris er harmoniseringsomgrepet lite i bruk, men datamaterialet peikar på at tematikken som gjeld koordinering framleis er ein del av diskursen på fagfeltet. Kanskje kan det stemme at omgrepet vart eit trendomgrep i fagmiljøet, men det har iallfall satt store spor i arbeidet. Koordinering og alignment er framleis viktige omgrep, som det, på internasjonalt nivå, vert fokusert mykje på. Innanfor den norske sektoren er derimot koordinering noko ein pratar om, men som er vanskeleg og få til i praksis. Diskursen treffer ikkje målet når den siktar mot den praktiske utføringa av norsk utviklingsarbeid.

Lærdommen frå dette prosjektet, er at ein bør flytte fokuset mot nye, alternative metodar som i større grad tek dei praktiske utfordringane på alvor, og som kan nytte nettverket betre. Kunnskapshandtering er eit omgrep som bør nyttast i nettverket mellom norske aktørar som arbeider i Malawi. Det fins eit stort potensiale i nettverket som ikkje er utnytta, og dette kunne ein nytte til å dele kunnskap og informasjon på ein måte som gjer arbeidet meir effektivt. Sitatet frå Burris et al. skildrar godt kvifor nettopp informasjonsdeling er noko utviklingssektoren bør arbeide med for å gjere utviklingsarbeidet meir effektivt: «Those that have and can use information are at a significant advantage over those who are cut off from information or unable to gather or use it effectively» (Burris et al., 2005b). Dersom Noreg ønskjer å nytte nettverket mellom dei norske aktørane på ein måte som betre implementerer utviklingspolitikken, og som passar inn i governance-tankegangen, er betra informasjonsdeling ein god stad å starte.

I løpet av prosjektet har fleire nye problemstillingar reist seg som spennande vidareføringar av dette prosjektet. Særleg har potensialet for betra kunnskapshandtering i den norske

utviklingssektoren vist seg som noko det burde forskast meir på. Korleis kunne ein gjennomføre kunnskapsdeling på ein måte som gjer det enkelt for aktørane både å nytte og dele informasjon med andre aktørar? Korleis ville denne delinga av kunnskap påverke effektiviteten av norsk utviklingsarbeid? Det hadde og vore interessant å studere meir grundig korleis norske aktørar kan arbeide for å møte utfordringane på internasjonalt nivå meir effektivt.

LITTERATUR

- Abuom, A., Alemu, K., Evensmo, I., Hafild, E., Kruse, S.-E. & Riddell, R. C. (2012) Tracking Impact: An exploratory study of the wider effects of Norwegian civil society support to countries in the South. Utanriksdepartementet (ed.). Oslo: Norad. Tilgjengeleg frå: <https://www.norad.no/en/toolspublications/publications/2012/tracking-impact-an-exploratory-study-of-the-wider-effects-of-norwegian-civil-society-support-to-countries-in-the-south/> [Henta 16.03.2015]
- Acharya, A., De Lima, A. T. F. & Moore, M. (2006). Proliferation and fragmentation: Transactions costs and the value of aid. *Journal of Development Studies* 42, 1-21 [Internett]. DOI:10.1080/00220380500356225
- Agranoff, R. & McGuire, M. (2004). *Collaborative public management: New strategies for local governments*, Georgetown University Press.
- Bevir, M. (2010). *The SAGE Handbook of Governance*, London: SAGE Publications.
- Bevir, M. og Rhodes, R. A. W. (2010). The Stateless State. I Bevir, M. (ed.) *The SAGE Handbook of Governance*. London: SAGE Publications.
- Bistand (utviklingssamarbeid) (2015a). *Bistandswiki* [Internett]. Tilgjengeleg frå: <http://bistandsaktuelt.typepad.com/bistandswiki/2011/04/bistand-utviklingssamarbeid.html> [Henta 12.10.2015].
- Bistandsaktuelt (2015). *Wikipedia* [Internett]. Tilgjengeleg frå: <https://no.wikipedia.org/wiki/Bistandsaktuelt> [Henta 17.02.2016].
- Bistandsaktuelt (2016). Mosambik topper «beste venn»-listen. *Bistandsaktuelt* 02.03.2016, p.24.
- Borgatti, S. P. (2002). NetDraw Software for Network Visualization. Lexington, KY, USA: Analytic Technologies.
- Borgatti, S. P., Everett, M. G. og Freeman, L. C. (2002). Ucinet 6 for Windows: Software for Social Network Analysis. Harvard, MA, USA: Analytic Technologies
- Borgatti, S. P., Everett, M. G. og Johnson, J. C. (2013). *Analyzing social networks*, Los Angeles: SAGE.
- Brown, K. og Keast, R. (2003). Citizen-Government Engagement: Community Connection Through Networked Arrangements. *Asian Journal of Public Administration*, 25, 107-131. [Internett] Tilgjengeleg frå http://epubs.scu.edu.au/cgi/viewcontent.cgi?article=1782&context=bus_pubs
- Burris, S., Drahos, P. og Shearing, C. (2005a). Nodal governance. *Australian Journal of Legal Philosophy*, 30, 30-58. Tilgjengeleg frå http://papers.ssrn.com/sol3/papers.cfm?abstract_id=760928 [Henta 24.02.2016]
- Burris, S., Kempa, M. og Shearing, C. (2005b). Changes in governance: a background review. *the Salzburg Seminar on the Governance of Health* Salzburg: Citeseer [Internett]. Tilgjengeleg frå <http://citeseerx.ist.psu.edu/viewdoc/download?doi=10.1.1.582.6333&rep=rep1&type=pdf>
- Castells, M. (2000). Materials for an exploratory theory of the network society 1. *British Journal of Sociology*, 51, 5-24. DOI: 10.1111/j.1468-4446.2000.00005.x
- Castells, M. (2009). *The Rise of the Network Society, With a New Preface : The Information Age: Economy, Society, and Culture Volume I*, Hoboken, Wiley.
- Christiansen, K., Coyle, E. og Lockhart, C. (2004). Harmonisation and Alignment in Fragile States. London: Overseas Development Institute (ODI).

- CIA (2015). *The World Factbook: Malawi* [Internett]. Tilgjengeleg frå : <https://www.cia.gov/library/publications/the-world-factbook/geos/mi.html> [Henta 25.08. 2015].
- Clemet, K. og Hegertun, N. (2015). En effektiv bistand. *Dagens Næringsliv*, 11.05.2015, p.1.
- Contu, A. og Girei, E. (2014). NGOs management and the value of 'partnerships' for equality in international development: What's in a name? *Human Relations*, 67, 205-232 [Internett]. DOI: 10.1177/0018726713489999
- Dupont, B. (2006). Delivering security through networks: Surveying the relational landscape of security managers in an urban setting. *Crime, law and social change*, 45, 165-184 [Internett]. DOI: 10.1007/s10611-006-9033-5
- George, A. L., Bennett, A. og Belfer Center for Science and International Affairs (2005). *Case studies and theory development in the social sciences*, Cambridge, Mass., MIT Press.
- Granovetter, M. S. (1973). The Strength of Weak Ties. *American Journal of Sociology*, 78, 1360 [Internett]. Tilgjengeleg frå: http://www.jstor.org/stable/2776392?seq=1#page_scan_tab_contents [Henta 08.04.2015].
- Green, K., Elzen, B. og Geels, F. W. (2004). System innovation and the transition to sustainability : theory, evidence and policy. Cheltenham: Edward Elgar.
- Grønmo, S. (2004). *Samfunnsvitenskapelige metoder*, Bergen, Fagbokforlaget.
- Hatch, M. J. (20019). *Organisasjonsteori : moderne, symbolske og postmoderne perspektiver*, Oslo, Abstrakt forl.
- Hauge, O. H. (2014). *Olav H. Huges vakreste dikt*, Oslo, Det norske samlaget.
- Hechler, H. og Tostensen, A. (2012). Is mutual accountability feasible? A conceptual discussion with policy implications. *U4 - CMI*, 2012, 35 [Internett]. Tilgjengeleg frå: <http://www.cmi.no/publications/4676-is-mutual-accountability-feasible> [Henta 10.11.2015]
- Hill, M. og Hupe, P. L. (2014). *Implementing public policy : an introduction to the study of operational governance*, London, Sage.
- HLF4 (2012) The Busan Partnership for Effective Development Cooperation. The Fourth High-Level Forum on Aid Effectiveness (HLF4), 29. 11.2011- 01.12.2011 2012 Busan, Korea. Organisation for Economic Co-operation and Development (OECD).
- Jacobsen, D. I. og Thorsvik, J. (2013). *Hvordan organisasjoner fungerer*, Bergen, Fagbokforl.
- Jensen, T. Ø. og Pettersen, E. A. (2012). Nettverk, endring og institusjon. *Den 20. nasjonale fagkonferansen i statsvitenskap*. Trondheim.
- Khamula, O. (2016). Malawi NGO Board warns CSOs, 400 face ban. *Nyasa Times* [Internett], 13.april. Tilgjengeleg frå: <http://www.nyasatimes.com/malawi-ngo-board-warns-csos-400-face-ban/>. [Henta 20.april 2016].
- Landau, M. (1969). Redundancy, Rationality, and the Problem of Duplication and Overlap. *Public Administration Review*, 29, 346-358 [Internett]. DOI: 10.2307/973247
- Leraand, D. og Johannessen, B. (2015). *Økonomi og næringsliv i Malawi*. SNL.no - Store Norske Leksikon [Internett]. Tilgjengeleg frå: [https://snl.no/%C3%98konomi og n%C3%A6ringsliv i Malawi](https://snl.no/%C3%98konomi%20og%20n%C3%A6ringsliv%20i%20Malawi) [Henta 11.11. 2015].
- Lusaka Times (2015). Malawian President Peter Mutharika dares Zambia's Edgar Lungu. *Lusaka Times*. 13. Oktober 2015 [Internett]. Tilgjengeleg frå <https://www.lusakatimes.com/2015/10/13/malawian-president-peter-mutharika-dares-zambias-edgar-lungu/>

- Lægred, P. og Rykkja, L. H. (2015). Hybrid Collaborative Arrangements: The welfare administration in Norway – between hierarchy and network. *Public Management Review*, 17, 960-980 [Internett]. DOI:10.1080/14719037.2015.1029349.
- Lægred, P., Sarapuu, K., Rykkja, L. H. og Randma-Liiv, T. (2015). New Coordination Challenges in the Welfare State. *Public Management Review*, 17, 927-939 [Internett]. DOI:10.1080/14719037.2015.1029344
- Magolowondo, A. T. (2013). Understanding politics and Government in Malawi. I: Patel, N. og Svåsand, L. (red.) *Government and Politics in Malawi*. Lilongwe Malawi: Nandini Patel og Lars Svåsand.
- Majanga, B. B. (2015). Sealing Leakages of Public Funds Abuse: The Malawi 'Cashgate' Case. *Applied Finance and Accounting*, Vol. 1, 38-46.
- Malawi (2014). *Globalis, FN-Sambandet* [Internett]. Tilgjengeleg frå: <http://www.globalis.no/Land/Malawi> [Henta 09.12 2015].
- Manda, L. Z. (2013). Media. I: Patel, N. og Svåsand, L. (red.) *Government and Politics in Malawi*. Lilongwe, Malawi: Nandini Patel og Lars Svåsand.
- March, J. (1986). How we talk and how we act: Administrative Theory and Administrative Life. I: Sergiovanni, T. J. og Corbally, J. E. (red.) *Leadership and Organizational Culture: New Perspectives on Administrative Theory and Practice*. Urbana and Chicago: University of Illinois Press.
- Moore, S., Eng, E. og Daniel, M. (2003). International NGOs and the Role of Network Centrality in Humanitarian Aid Operations: A Case Study of Coordination During the 2000 Mozambique Floods. *Disasters*, 27, 305-318. [Internett]. DOI: 10.1111/j.0361-3666.2003.00235.x
- Mulford, C. L. og Rogers, D. L. (1982). Definitions and Models. I: Rogers, D. L. og Whetten, D. A. (red.) *Interorganizational Coordination: Theory, Research, and Implementation Theory*. Ames The Iowa State University Press. .
- Mweninguwe, R. (2014). *Venter på rettssaker etter pengeskandalen i Malawi*. Bistandsaktuelt [Internett] 19.april 2015. Tilgjengeleg på: <http://www.bistandsaktuelt.no/nyheter/2014/venter-pa-rettssaker-etter-pengeskandalen-i-malawi/> [Henta 12.10 2015].
- NGO-Board (2015). Concept Note - Launching of an enabling policy and legal environment for NGO operations in Malawi, 2015 Capital hotel, Lilongwe. Lilongwe, Malawi: NGO Board of Malawi.
- Norad (2011). *Slik er norsk bistand organisert*. Oslo: Norad [Internett]. Tilgjengeleg frå: <http://www.norad.no/om-bistand/slik-er-norsk-bistand-organisert/> [Henta 02.09. 2015].
- Norad (2014a). *Fortsatt høyt nivå på bistanden*. Oslo: Norad [Internett] Tilgjengeleg frå: <http://www.norad.no/om-bistand/nokkeltall> [Henta 07.10 2015].
- Norad (2014b). *Landsider: Malawi*. Oslo: Norad [Internett]. Tilgjengeleg frå: <http://www.norad.no/landsider/afrika/malawi/> [Henta 25. 08 2015].
- Norad (2015a). *Dette er forslag til bistandsbudsjett 2016*. Oslo: Norad [Online]. Tilgjengeleg frå: <https://www.norad.no/aktuelt/nyheter/2015/forslag-til-statsbudsjett-2016/> [Henta 01.04 2016].
- Norad (2015b). *Norsk bistand i tall*. Oslo: Norad [Internet]. Tilgjengeleg frå: <http://www.norad.no/om-bistand/norsk-bistand-i-tall/> [Henta 07.10 2015].
- Norad (2015c). *Norsk bistand i tall - Avansert datauttrekk*. Oslo: Norad [Internett]. Tilgjengeleg frå: <http://www.norad.no/om-bistand/norsk-bistand-i-tall/avansert-datauttrekk/> [Henta 28.08 2015].

- Norad (2015d). *Statistical Classification Manual*. Norads Avdeling for metode og resultater [Internett]. Oslo: Norad Tilgjengeleg frå: <https://www.norad.no/om-bistand/publikasjon/2015/statistical-classification-manual/>
- Norad (2016). *Systematisk evaluering av norsk bistand*. Oslo: Norad [Internett]. Tilgjengeleg frå: <https://www.norad.no/evaluering/> [Henta 07.04 2016].
- Nyasa Times. (2015). Malawi hire K300m luxury jet for President Mutharika New York trip. *Nyasa Times*, 30.september 2015 [Internett]. Tilgjengeleg frå: <http://www.nyasatimes.com/2015/09/30/malawi-hire-k300m-luxury-jet-for-president-mutharika-new-york-trip/>. [Henta 09.12. 2015].
- OECD-DAC (2005). *Harmonisation, Alignment, Results: Report on Progress, Challenges and Opportunities*. Joint Progress Towards Enhanced Aid Effectiveness. Paris: High Level Forum 28.02.05 - 02.03.05, Paris: OECD-DAC. Tilgjengeleg frå: <http://www.oecd.org/dac/effectiveness/35036791.pdf> [Henta 11.11.2015].
- OECD (2008). The Paris Declaration on Aid Effectiveness (2005) and The Accra agenda for Action (2008). OECD - Organisation for Economic Co-operation and Development [Internett]. Tilgjengeleg frå: <http://www.oecd.org/dac/effectiveness/parisdeclarationandaccraagendaforaction.htm> [Henta 20.03.2015]
- OECD (2014). *OECD Development Co-operation Peer Reviews: Norway 2013*, Paris: OECD Publishing, Organisation for Economic Cooperation and Development [Internett]. Tilgjengeleg frå: https://www.oecd.org/dac/peer-reviews/Norway_FINAL_2013.pdf [Henta 01.05.2015]
- OECD (2015). *The High Level Fora on Aid Effectiveness: A history*. OECD – Organisation for Economic Co-operation and Development [Internett]. Tilgjengeleg frå: <http://www.oecd.org/dac/effectiveness/thehighlevelforaonaideffectivenessahistory.htm> [Accessed 10.11 2015].
- QSR (2012). *NVivo qualitative data analysis Software Version 10*. QSR International Pty Ltd.
- Ragin, C. C. og Becker, H. S. (1992). *What is a case?: exploring the foundations of social inquiry*, Cambridge, Cambridge University Press.
- Rambøll (2015). *Surveyxact*. Oslo: Rambøll.
- Rathi, D., Given, L. og Forcier, E.(2014). Interorganisational partnerships and knowledge sharing: the perspective of non-profit organisations (NPOs). *J. Knowl. Manag* [Internett].18, 867-885. DOI: 10.1108/JKM-06-2014-0256
- Rethemeyer, R. K. og Hatmaker, D. M. (2008). Network management reconsidered: An inquiry into management of network structures in public sector service provision. *Journal of public administration research and theory* [Internett]18, 617-646. DOI: 10.1093/jopart/mum027.
- Ringdal, K. (2007). *Enhet og mangfold : samfunnsvitenskapelig forskning og kvantitativ metode*, Bergen, Fagbokforlaget.
- Saunders, M., Lewis, P. og Thornhill, A. (2016). *Research Methods for Business Students*, Essex, England, Pearson Education Limited.
- Scott, J. (2012a). *Social network analysis*. London:Sage.
- Scott, J. (2012b). *What is Social Network Analysis?* London: Bloomsbury Publishing.
- Sektorprogram (SWAP) (2015b). *Bistandswiki* [Internett]. Bistandsaktuelt. Tilgjengeleg frå: <http://www.bistandsaktuelt.no/bistandswiki?query=SWAp>. [Henta 18.03.2015].
- Sørensen, E. og TORFING, J. 2005a. *Netværksstyring : fra government til governance*, Frederiksberg, Roskilde Universitetsforl.
- Sørensen, E. og Torfing, J. (2005b). Network Governance and Post-Liberal Democracy. *Administrative Theory & Praxis* [Internett], 27, 197-237. Tilgjengeleg frå:

- http://www.jstor.org/stable/25610725?seq=1#page_scan_tab_contents [Henta 20.04.2015]
- Tjora, A. H. (2010). *Kvalitative forskningsmetoder i praksis*, Oslo, Gyldendal akademisk.
- Ulleland, T. K. (2013). *The cluster approach for organizing emergency response : a case study of Myanmar and Haiti* 2008 [Masteroppgåve], Bergen, Universitetet i Bergen, Instituttet for Administrasjon og Organisasjonsvitenskap.
- UNDP (2015). *Table 1: Human Development Index and its components* [Internett].. UNDP- United Nations Development Programme Tilgjengeleg frå: <http://hdr.undp.org/en/content/table-1-human-development-index-and-its-components> [Henta 12.10 2015].
- Utenriksdepartementet (2015). *Utenriksdepartementets tilskuddsportal* [Internett]. Oslo: Utenriksdepartementet. Tilgjengeleg frå: <http://udtilskudd.regjeringen.no/#/nb/country/details?country=36§orGroup=2&year=2015> [Henta 28.08 2015].
- Villumstad, S. (2005). *Social Reconstruction of Africa; Perspectives from Within and Without*. Nairobi, Kenya, Acton Publishers.
- Wilson, R. (2014). *New Anti-Stunting Drive To Begin In Malawi* [Internett]. World Food Program. Tilgjengeleg frå: <https://www.wfp.org/stories/promising-approach-end-stunting-malawi> [Henta 11.11. 2015].
- Winckler Andersen, O. og Therkildsen, O. (2007). *Harmonisation and alignment: The double-edged swords of budget support and decentralised aid administration*, DIIS Working Paper [Internett] 2007: 4. Tilgjengeleg frå: <https://www.econstor.eu/handle/10419/84575> [Henta 24.04. 2016]
- Winters, M. (2012). The Obstacles to Foreign Aid Harmonization: Lessons from Decentralization Support in Indonesia. *Studies in Comparative International Development* [Internett], 47, 316-341. Tilgjengeleg frå: <http://search.proquest.com/docview/1026717264?accountid=8579> [Henta 07.10. 2015]
- Yin , R. K. (2011). *Case Study Research: Design and Methods*. Thousand Oaks, California: Sage

APPENDIKS A

Under finn ein eit eksempel på ein intervjuguide som var nytta i datasamlinga. Intervjua var ustrukturerte og intervjuguiden var berre rådgivande. Det var og noko skilnad på intervjuguidane til dømes til Norad og den norske ambassaden i forhold til den som var til bistandsaktørane. Spørsmåla frå spørjeundersøkinga er lista opp lenger nede.

Intervjuguide – bistandsaktørar:

1. Opplys om prosjektet (infoskriv) og be om samtykke.

Om organisasjonen:

2. Kva organisasjon arbeider du i?
3. Kan du fortelje litt om kva type prosjekt organisasjonen din arbeider med.
 - a. Kva sektor arbeider den innanfor? Helse og Sosial, utdanning, Styresett, kvinner og likestilling (anti-korrupsjon, konfliktløsning, sivilt samfunn, demokrati-støtte, haldningskampanjar, kvinnegrupper o.l.), Klima, landbruk, miljø- og ressursforvaltning og økonomisk utvikling (infrastruktur, miljøvern, energi, landbruk og fiskeri, næringsliv, bank).
4. Opplever du at organisasjonen din får gjort det den ønskjer?
 - a. Fins det spesielle problem eller utfordringar?
5. Føler du at organisasjonen din sit på god nok kunnskap og informasjon for å gjere jobben de skal gjere?
 - a. Kvar kan de oppsøkje meir kunnskap og informasjon? Kva kanalar søker de etter denne informasjonen?
6. Korleis arbeider din organisasjon for å møte dei lokale behova i Malawi?
 - a. Korleis opplever de moglegheita for å la dykk koordinere på landnivå?
 - b. Er det lett eller vanskeleg å tilpasse prosjekta etter lokale mål for utvikling?

Om kommunikasjon:

7. Kva erfaringar har du med kontakt med andre aktørar i Malawi?
8. Møter du ofte folk som arbeider i andre norske organisasjonar eller bedrifter her i Malawi?
 - a. vil du seie at møta er formelle eller uformelle?
 - i. Med formell er det meint at møta er planlagte eller er i ein organisasjonell setting. Med uformell er det meint at møta er av ein sosial art eller mindre planlagt setting.
 - b. korleis møtes de?
 - c. Kan desse møta resultere i samtalar som er nyttige for arbeidet til din organisasjon eller til den andre organisasjonen?
9. Fins det kontaktar som er meir viktige eller nyttige enn andre?

10. Kommuniserer organisasjonen din ofte med andre aktører på eit meir offisielt plan? Har de forsøkt å formalisere kommunikasjonen?
 - a. Kva type kommunikasjon er dette?
 - b. Kva kommuniserer de om?
11. Dersom de har partnerskap med andre aktører, er dette aktører frå Noreg, Malawi eller andre land?
12. Ønskjer din organisasjon å kommunisere med andre norske aktører i Malawi?
 - a. Oppsøker den det?
 - b. Fins det noko miljø for det?
 - c. Fins det ein arena for å kome i kontakt med andre aktører?
13. Kva syns du fungerer godt eller mindre godt når det kjem til kommunikasjon og samarbeid?
 - a. Kva kunne styrke samarbeid og kommunikasjon?
14. Kva kan vere ulemper ved meir kommunikasjon mellom ulike aktører?
15. Kan auka koordinering vere negativt for kvaliteten på arbeidet de gjer?
16. Kan du fortelje om nokre tankar du har om kommunikasjon/samarbeid mellom norske organisasjonar i forhold til kvaliteten på norsk bistandsarbeid?
17. Korleis tenker du at din organisasjon kan ha nytte av kommunikasjon eller samarbeid med andre aktører?
18. Kva kan din organisasjon bidra med i kommunikasjon eller samarbeid med andre aktører?

Bistandsharmonisering:

19. Er du kjend med "bistandsharmoniseringsprinsippet" og konferansane som har vore i mellom anna Roma og Busan?
 - a. Viss ikkje: Prinsippet vart utvikla gjennom fleire store konferansar i Roma, Marrakech og i Paris frå 2003 til 2005, og dei fleste land har forplikta seg til å følgje det. I overgangen 2011 til 2012 kom the Busan Partnership Agreement, og vidare The Global Partnership for Effective Development Co-operation som begge forpliktar deltakarane til i hovudtrekk å fokusere på 1. Mottakarlandet sitt eigarskap over bistanden, dei skal sjølve avgjere kva type bistand dei ønskjer, 2. resultatfokus, 3. utviklingspartnerskap og 4. delt ansvar og transparens. Matthew Winters definerer harmonisering som "that donors work collectively in pursuit of established national development goals".
 - b. Er dette noko som vert diskutert i organisasjonen?
 - c. Opplever de harmoniseringsprosessen som eit press?

20. Har du opplevd ei endring i kommunikasjonsnivået mellom norske aktører etter 2005?
21. Er det behov for ein meir offisiell arena eller plattform der norske aktører kan halde kvarandre oppdatert om prosjekta sine?
 - a. Burde dette vere lokalisert lokalt på landnivå eller i Noreg?
 - b. korleis kunne dette gjennomførast?
22. Veit du om at din organisasjon har hatt kontakt med nettverksorganisasjonar eller forum angående arbeidet i Malawi?
 - a. Kva organisasjonar?
 - b. korleis har denne kommunikasjonen vore viktig i organisasjonen?

Ambassaden:

23. Kva forhold har din organisasjon til den norske ambassaden?
24. Organisasjonen din får støtte gjennom Norad/ ambassaden/ Fredskorpset (sjekk før intervjuet). Opplever du at dette påverkar kven organisasjonen har mest kommunikasjon med?
25. Kva rolle burde den norske ambassaden ha i nettverket mellom norske bistandsaktører?

Spørjeundersøking

Del 1: Om organisasjonen:

1. Kva organisasjon arbeider du i?
 - a. Den norske ambassaden b. Anna:
2. a) Omtrent kor mange tilsette er det i organisasjonen din i alt?
 - a. Under 10
 - b. 11 – 40
 - c. 41 – 100
 - d. 101 – 300
 - e. Meir enn 300
3. Har organisasjonen din eit eller fleire lokale kontor i Malawi?
 - a. Nei
 - b. Ja, i Lilongwe
 - c. Ja, i Blantyre, Mzuzu, Zomba, Karnga eller Dezda
 - d. Ja, i mindre sentralt område
4. Kor mange arbeider ved desse lokale kontora til saman?
 - a. 1 – 5
 - b. 6 – 12
 - c. 13 – 20
 - d. 21 – 50
 - e. Meir enn 50
5. Kvar i Malawi arbeider organisasjonen din i hovudsak?
 - a. I eller i nærleiken til hovudstaden, Lilongwe?
 - b. I sentrale strøk i større byar eller landsbyar?
 - c. I rurale strøk i små landsbyar eller i tettstader lenger unna byar?
6. Vel ut tre verdiar organisasjonen din kan kjenne seg att i og ranger desse frå 1 til 3, der 1 betyr viktigast og 3 betyr minst viktig.
 - a. Religiøst identitet
 - b. Politisk identitet
 - c. Nøytralitet
 - d. Nærleik til lokalbefolkning
 - e. Profesjonalitet og effektivitet
 - f. Gjensidig læring og kunnskapsdeling
 - g. Klimanøytralitet
 - h. Aktivisme og deltaking
 - i. Nytenking
 - j. Likestilling
 - k. Rettferd
7. Vel ut tre interesseområde som din organisasjon er mest oppteken av. Ranger dei frå 1 til 3 der 1 betyr viktigast og 3 betyr minst viktig.
 - a. Barn og ungdom
 - b. Hjelp til menneske med nedsett funksjonsevne
 - c. Miljø og klima
 - d. Demokratistyrking
 - e. Menneskerettar
 - f. Idrett og kultur
 - g. Humanitær krisehjelp
 - h. Arbeid mot rus

- i. Kvinner og likestilling
 - j. Helse
 - k. Anna:
8. Kva sektor(ar) arbeider organisasjonen din innanfor? Kryss gjerne av for fleire:
- a. Helse og sosial (generell helse, primærhelse, befolkningspolitikk og reproduktiv helse, sosial infrastruktur og tenester)
 - b. Utdanning (uspesifisert utdanning, grunnutdanning, høgare utdanning)
 - c. Styresett, kvinner og likestilling (anti-korrupsjon, konfliktløsning, sivilt samfunn, demokrati-støtte, haldningskampanjar, kvinnegrupper o.l.)
 - d. Klima, landbruk, miljø- og ressursforvaltning og økonomisk utvikling (infrastruktur, miljøvern, energi, landbruk og fiskeri, næringsliv, bank)
 - e. Anna:
9. Kva type prosjekt arbeider organisasjonen din hovudsakleg med? Kryss gjerne av for fleire.
- a. Møte basisbehov - skule, helseteneste, reint vatn, mat
 - b. Kompetansestyking - mikrofinans, høgare utdanning, erfaring og kunnskapsutveksling, fredskorpsutveksling
 - c. Kulturutveksling - deling av kultur og idrettserfaring, ungdomsutveksling, venskapsbygging
 - d. Styking av sivilsamfunn og menneskerettar
 - e. Politisk påverknad og demokratistyrking
 - f. Anna:
10. Kven gjennomfører prosjekta?
- a. Min organisasjon driver sjølv prosjekta med eller utan lokal partnar
 - b. Ein eller fleire lokale partnarar gjennomfører heile prosjektet utan vår deltaking
 - c. Prosjektet vert gjennomført i samarbeid med fleire organisasjonar
 - d. Anna:
11. Dersom organisasjonen din er i kommunikasjon med andre norske aktørar, som arbeider i Malawi, om tema som omhandlar prosjekt og organisasjon, er dette i hovudsak formell kommunikasjon (avtalte, møter, telefonsamtalar, e-post av formell art) eller uformell kommunikasjon (sosiale treff, telefonar og avtalar)
- a. Har skjeldan/aldri kommunikasjon med andre norske aktørar
 - b. I hovudsak formell kommunikasjon
 - c. I hovudsak uformell kommunikasjon
 - d. Begge deler.

Del 2: Om nettverksrelasjonar:

I denne delen finn du ei liste over ulike aktørar det kan vere aktuelt at din organisasjon har kommunisert med i løpet av dei siste 12 månadar. Her er vi interesserte i kva aktørar din organisasjon har vore i kontakt med og kven av dei to som tok initiativ til kommunikasjonen. Du svarer ved å krysse av ved ei av boksane ved dei aktørane de har vore i kommunikasjon med. Nedst i denne delen kan du fylle inn eventuelle andre aktørar organisasjonen din har kommunisert med angående arbeidet i Malawi.

[Her er lista med aktørar utelatt for personvern]

Har organisasjonen din vore i kontakt med andre aktørar om arbeid i Malawi i løpet av dei siste tolv månadane? Dette kan vere formell eller uformell kontakt så lenge det har vore kommunisert

om saker som påverkar arbeidet til ein eller begge organisasjonane. Det kan vere organisasjonar frå andre land, nettverksorganisasjonar, norske eller lokale organisasjonar. List opp under.

Del 3: Verdien av samarbeid og kunnskapsdeling

1. Kryss av for kor einig du er i dei følgjande påstandane:

<i>Påstand:</i>	<i>Einig</i>	<i>Litt einig</i>	<i>Verken einig eller ueinig</i>	<i>Litt ueinig</i>	<i>Ueinig</i>
-----------------	--------------	-------------------	--	--------------------	---------------

<i>Samarbeid mellom norske bistandsaktørar styrkar kvaliteten på norsk bistandsinnsats.</i>	
<i>Samarbeid mellom ulike aktørar gjer at ein lettare kan nå overordna målsetningar.</i>	
<i>Samarbeid med lokale eller internasjonale partnerar er viktigare enn samarbeid mellom norske aktørar.</i>	
<i>Det er ein fordel at aktørar som arbeider i same land ikkje er for koordinert.</i>	
<i>For mottakarane er det fordelaktig at mange aktørar tilbyr same tenester.</i>	
<i>Vi kjenner eit auka press for koordinering med andre aktørar.</i>	
<i>Det er behov for eit større fokus på samarbeid i bistandssektoren.</i>	

I eit nettverk mellom bistandsaktørar bør det utvekslast kunnskap og informasjon.

I eit nettverk mellom bistandsaktørar bør det arbeidast for koordinering av prosjekt.

Å få tilgang til informasjon frå andre aktørar er verdifullt for arbeidet i vår organisasjon.

Konkurransen om donorar og midlar svekker moglegheita for å dele kunnskap og informasjon med andre organisasjonar.

Min organisasjon har ressursar til å tilby mykje i eit eventuelt samarbeid. Både kunnskap, ressursar og anna.

Den norske ambassaden bør ha ei aktiv rolle som koordinator av norske aktørar.

Den norske ambassaden bør ha ei tilbaketrekt rolle overfor norske aktørar.

Den norske ambassaden burde fungere som ein arena for kommunikasjon


og samarbeid mellom norske aktører.

Den norske ambassaden bør involvere seg meir for auka samarbeid mellom norske bistandsaktører.

2. Har du andre tankar om samarbeid og kommunikasjon mellom norske aktører?
3. Har du andre tankar om kva rolle den norske ambassaden bør ha overfor norske aktører?


APPENDIKS B

Sosiogram - Tettleik




Figur 4 – Helse og sosial

Aktører som har oppgitt å arbeide i sektoren helse og sosial har fått ein rosa diamant. Aktører som ikkje har oppgitt å arbeide i denne sektoren har fått ein marineblå trekant.




Figur 5 – Utdanning

Aktører som har oppgitt å arbeide i sektoren utdanning har fått ein oransje firkant medan aktører som ikkje har oppgitt det har fått ein grøn sirkel.




Figur 6 – Nedsett funksjonsevne

Aktører som har oppgitt å arbeide med hjelp til menneske med nedsett funksjonsevne har fått eit brunt timeglas medan aktører som ikkje har oppgitt det har fått ei grøn boks.



Figur 7 – Klima, landbruk, miljø- og ressursforvaltning og økonomisk utvikling

Aktører som har oppgitt å arbeide i sektoren for klima, landbruk, miljø- og ressursforvaltning og økonomisk utvikling har fått ein grøn sirkel i firkant medan dei som ikkje har oppgitt det har fått ein oransje trekant.



Figur 8 – Styresett, kvinner og likestilling

Aktører som har svart at dei arbeider innanfor sektoren Styresett, kvinner og likestilling har fått ein blå sirkel medan dei som ikkje har svart det, har fått eit turkis timeglas.